


Integrering eller moralsk assimilering?

Ein studie av ei lokalbefolkning sitt møte med dei Andre

Hovudfagsoppgåve i samfunnsgeografi

Unni Aarflot

Mai 2004



Institutt for geografi
Universitetet i Bergen

Forord

Eg vil her nytte høve til å takke dei som har støtta meg i dette hovudfagsarbeidet.

Først vil eg rette ei takk til rettleiar professor Tor Halfdan Aase. Det har vore inspirerende å ha ein rettleiar med så stor fagleg tyngde.

Mange takk til alle informantane som stilte opp til intervju i Haugesund. Takk for at de tok dykk tid i ein travel kvardag til å dele mange interessante meiningar og historier med meg.

Eg vil òg rette ei takk til alle tilsette ved Haugaland Mottakssenter som frå første stund viste interesse og engasjement for prosjektet mitt. Takk for godt samarbeid, og for hjelp med bustad den tida eg budde i Haugesund. Ei ekstra takk til dåverande mottaksleiar Jonny Danielsen for alltid å ha tid til dei mange spørsmåla mine.

Driftsoperatøren Hero Mottak og Kompetanse AS har bidratt med økonomiske midlar. Takk for at de viste interesse for prosjektet mitt.

Takk til Professor Arild Holt-Jensen for å sjå studentar som ressursar og for å inkludere studentar i arbeidet sitt. Slikt motiverer, og det har gjort mykje med mi faglege utvikling.

Eg vil òg takke Inger Johanne, Anette, Astrid og Anett for fint fellesskap på instituttet. Ei spesiell takk til Siri for gode fagsamtalar og kommentarar undervegs. Takk til Liv Mari for hjelp med den nynorske rettskrivinga.

Takk til mor mi for solid støtte, og til far min for å ha gjort meg interessert i stader.

Ikkje minst fortener Anders ei stor, stor takk! Takk for di gode støtte og oppmuntring, og for at du har vore så god til å lytte til alle dei små og store bekymringane mine undervegs i dette arbeidet.

Bergen 23. mai 2004

Unni Aarflot

Innhald

FORORD	I
INNHALD	III
FIGURLISTE	V
KAPITTEL 1:	1
INNLEIING	1
1.1: TEMA	2
1.1.1: <i>Kultur</i>	3
1.1.2: <i>Det fleirkulturelle samfunnet</i>	4
1.1.3: <i>Den multikulturalistiske debatten</i>	4
1.1.4: <i>Posisjonering av oppgåva i den norske innvandringsdebatten</i>	7
1.1.5: <i>Kvifor gjere ein studie om Oss?</i>	10
1.2: PROBLEMSTILLINGAR	11
1.3: VAL AV STUDIEOMRÅDE	12
1.4: SENTRALE DEFINISJONAR	13
1.5: STRUKTUREN VIDARE	14
KAPITTEL 2:	17
TEORIGRUNNLAG	17
2.1: RELASJONEN MELLOM MENNESKE OG STAD	18
2.2: KONSTRUKSJON AV ROM	21
2.3: REPRESENTASJONAR	23
2.4: NORMATIV GEOGRAFI	25
2.4.1: <i>Ideologi og stad</i>	26
2.4.2: <i>Moralsk orden og grenser</i>	28
2.5: OSS OG DEI ANDRE	29
2.6: STADER I ENDRING	31
2.7: OPPSUMMERING	32
KAPITTEL 3:	35
METODE	35
3.1: KVALITATIV METODE	35
3.1.1: <i>Samhandling mellom forskar og felt</i>	36
3.1.2: <i>Etiske refleksjonar</i>	37
3.2: PRODUKSJON AV DATAMATERIALE	39
3.2.1: <i>Utval av informantar</i>	41
3.2.2: <i>Anonymisering</i>	43
3.2.3: <i>Intervju</i>	43
3.3: ANALYTISKE VERKTY	45
3.3.1: <i>Kategoriar</i>	45
3.3.2: <i>Prototypar</i>	47
3.3.3: <i>Metaforar</i>	48
3.3.4: <i>Oppbygging av analysen</i>	49
3.4: OPPSUMMERING	50
KAPITTEL 4:	51
HAUGESUND SOM STUDIEOMRÅDE	51
4.1: HAUGESUND KOMMUNE	51

4.1.1: <i>Historie og næring</i>	52
4.2: TAL PÅ INNVANDRING TIL NOREG OG HAUGESUND	53
4.3: DRIFT AV ASYLMOTTAK	54
4.3.1: <i>Udland asylsøker mottak</i>	55
4.3.2: <i>Haugaland Mottakssenter</i>	55
4.4: BUSETJING AV FLYKTINGAR I HAUGESUND.....	56
4.5: AKTIVITETS- OG INTEGRERINGSTILTAK I HAUGESUND	56
KAPITTEL 5:	59
KONSTRUKSJON AV ROM	59
5.1: EIT FELLESPERSPEKTIV PÅ HAUGESUND	60
5.1.1: <i>Det maritime</i>	61
5.1.2: <i>Handel, næring og kultur</i>	63
5.1.3: <i>Eit endra sentrumsbilete</i>	64
5.1.4: <i>Oppsummering</i>	65
5.2: ULIKE MÅTAR Å ”LESE” HAUGESUND PÅ.....	66
5.2.1: <i>Ulike evalueringar av prototypar</i>	68
5.2.2: <i>Ulike formål med kategorisering</i>	70
5.3: OPPSUMMERING	71
KAPITTEL 6:	73
EIT LOKALSAMFUNN I MØTE MED DEI ANDRE	73
6.1: FELLES FORSTÅINGAR I DEBATTEN OM INNVANDRING	73
6.2: SYN PÅ INNVANDRING KOPLA TIL DET ROMLEGE	76
6.2.1: <i>Rolleforventningar og kvardagsliv</i>	76
6.2.2: <i>Innanfor og utanfor</i>	79
6.2.3: <i>Ambivalens</i>	84
6.2.4: <i>Oss og dei Andre</i>	85
6.3: OPPSUMMERANDE DISKUSJON	88
KAPITTEL 7:	91
INTEGRERING I EIT NORMATIVT LANDSKAP.....	91
7.1: KVA VIL DET SEIE Å VERE INTEGRERT I HAUGESUND?	93
7.2: MAJORITETEN SOM MÅLESTOKK.....	98
7.3: INTEGRERING ELLER MORALSK ASSIMILERING?	100
7.3.1: <i>Majoriteten sin posisjon</i>	101
7.4: OPPSUMMERANDE DISKUSJON:	104
INTEGRERINGSPROSESSEN SETT I LYS AV DEN NORMATIVE GEOGRAFIEN	104
7.4.1: <i>Geografi og kampen om ”common sense”</i>	105
7.4.2: <i>Praksisar og symbolske grenser</i>	107
KAPITTEL 8:	109
AVSLUTNING	109
LITTERATUR.....	115
RAPPORTAR OG STORTINGSMELDINGAR	118
ANDRE KJELDER.....	118
VEDLEGG.....	- 1 -
SPØRJEGUIDE: INFORMANTAR.....	- 3 -

Figurliste

Figur 4.1: Området kring Haugesund.....	51
Figur 4.2: Haugesund sentrum.. ..	52
Figur 4.3: Hamna og Smedasundet i sentrum av Haugesund.....	53
Figur 5.1: Haugesund rådhus.....	62
Figur 7.1: Haraldsgata	106

Kapittel 1:

Innleiing

” Det er det same som om du fekk ein gjest inn i heimen din som ikkje kunne å oppføre seg, du ville ikkje like det, og du ville ikkje ønskje han velkomen”, oppsummerer Gro etter at ho har fortalt meg om brotsverka ho har lese om i lokalavisa. Det står skrive at brotsverka er utført av asylsøklarar. Det vekker kjensler i henne å lese om dette, og desse kjenslene samanliknar ho med korleis det ville opplevast å få ein gjest inn i heimen sin som ikkje tedde seg bra. Denne samanlikninga har nokre assosiasjonar ved seg som det er verdt å sjå nærare på.

I utsegna gir Gro byen nokre av dei same kvalitetane som heimen, og asylsøklarar nokre av dei same kvalitetane som ein gjest. Ein heim kan ha ulik tyding for folk. Gro bruker omgrepet på den tradisjonelle måten der heimen står for ein stad vi kan kvile, trekkje oss tilbake til og berre vere oss sjølv, enten åleine eller saman med våre aller næraste. I heimen har vi sjølv kontroll, der er vi vår eigen herre. På same måte som det blir forventa av folk å vise varsemnd i måten dei går fram på i andre sine heimar, slik forventar Gro at asylsøklarar skal vise varsemnd i si åtferda når dei er i byen ho bur i. Når ho samanliknar asylsøklarar med gjestar forstår vi at ho ikkje ser på byen som asylsøklarane sin heim. Asylsøklarane står fram som gjestar og må oppføre seg deretter. Når dei gjer lovbrøt i byen hennar sårar det henne slik det ville sære henne om nokon gjorde overtramp i heimen hennar. Framande folk som ”*ikkje oppfører seg*” blir noko som trugar det trygge og føreseielege.

Denne oppgåva handlar om relasjonen mellom mennesket og staden, samt om relasjonen mellom Oss og dei Andre. Ho granskar korleis nærmiljøet og lokalsamfunnet blir ilagt meining av menneska som bur der, og korleis det meiningsfylte landskapet som menneska konstruerer seg verkar inn på korleis dei ser omverda, samt sin eigen og andre sin plass i henne. Kvifor gjer Gro ei samanlikning mellom byen og heimen, og mellom asylsøklarar og gjestar? Kva seier dette oss om korleis ei lokalbefolkning opplever møtet med nye kulturelle grupper?

Dette kapittelet vil utdjupe temaet oppgåva tek utgangspunkt i. Sentrale omgrep som kultur og det fleirkulturelle blir presentert. Det fleirkulturelle samfunnet blir diskutert i lys av den

multikulturalistiske debatten, ein debatt som tek for seg kompliserte sider ved integrasjonsomgrepet. Vidare vil eg presentere nokre trekk ved den norske innvandringsdebatten, og prøve å finne ein ståstad for oppgåva i forhold til denne. Grunngevingar av val av fokus, og posisjonering av oppgåva i forhold til den norske innvandringsdebatten, er viktige aspekt i denne samanhengen. Deretter presenterast problemstillingar, val av studieområde og sentrale definisjonar som vil bli brukt i teksten. Kapittelet blir avslutta med ei skisse over den vidare strukturen i oppgåva.

1.1: Tema

Eit uttrykk i tida er det fleirkulturelle samfunnet, og det blir ofte sagt at dette er kome for å bli. Det er vanleg å sjå det fleirkulturelle samfunnet i samheng med auka internasjonal migrasjon, noko som er eit resultat av det 20.århundre si historie. Denne epoken er prega av hyppige endringar. Døme på slike endringar er økonomisk ustabilitet, teknologiske nyvinningar som endrar yrkesmønster og næringsgrunnlag, samt nye flyttemønster mellom bygd og by så vel som mellom verdsdelar og land. På den eine sida ser vi at verda blir ein meir heilskapleg arena der vi får globale innslag i det lokale, og kulturelle særpreg på overflata blir jamna ut. På den andre sida ser vi likevel ikkje at dette fører til mindre motsetnader mellom etniske og kulturelt ulike grupper, nokon vil seie heller tvert i mot. Eg vil gripe fatt i korleis desse migrasjonsprosessane får innverknad for folk som tek i mot nye grupper menneske på staden der dei bur.

Vårt forhold til stader, og den rolla stader spelar i liva våre, står sentralt i denne oppgåva. Det er mange tilnærmingar til stadsomgrepet. Tilnærminga i denne oppgåva er humanistisk inspirert og gjer stader til noko meir enn ei fysisk lokalisering: *"We do not live in an abstract framework of geometric spatial relationships; we live in a world of meaning"* (Cresswell 1996: 13). Dette meiningsaspektet ved stader ønskjer eg å gripe fatt i. Gjennom å leve liva våre på stader utviklar vi stadkjensler og vi knyter mening til desse stadane. Når nye kulturelle grupper kjem til stader og gjer dei meir kulturelt mangfaldige enn før, utfordrar kanskje dette noko av lokalbefolkninga sitt syn på heimstaden og meininga dei har lagt i denne. Gjennom migrasjon blir det tydeleg at stader er dynamiske og heterogene. Spørsmålet denne oppgåva stiller er korleis desse prosessane blir opplevd av lokalbefolkninga. Eg freistar difor å vinne forståing for lokalbefolkninga sine stadkjensler, og sjå om desse har innverknad på korleis ikkje-vestlege innvandrarak blir mottatt på den lokale staden, ein stad som då er i

ferd med å bli ein meir fleirkulturell stad. Det fleirkulturelle stod som sjølv utgangspunktet og den overordna ramma for val av tema i denne oppgåva. Eg opplevde omgrepet i første omgang som uproblematisk, men etterkvart som arbeidet var i gang forstod eg at det er eit omgrep med mange komplikasjonar. Kva tyder det eigentleg at eit samfunn er fleirkulturelt? I ordet ligg det at det er folk med ulike kulturar som lever i eitt og same samfunn. Det første som må avklarast er difor omgrepet kultur.

1.1.1: Kultur

Kultur er eit komplekst og fleirtydig ord som omfattar langt meir enn mat, kle, musikk og dans. I mi tilnærming til omgrepet legg eg vekt på *mening*. Hall (1995) definerer kultur som eit system av felles mening som folk i det same fellesskapet, den same gruppa eller den same nasjonen bruker til å fortolke og å gi mening til omverda med. Vi kan seie at folk i same kultur er i eit fortolkande fellesskap. Kultur blir eit meningsberande system, noko som gir meningssamanheng. Kultur er noko som ligg bakanfor handlingane våre, og ytrar seg gjennom åtferd: "*Kultur er hva man ser med, men ikke hva man ser*" (Strauss og Quinn i Wikan 2003: 97). Slik blir kultur til stades før erfaring. I dette ligg det at når vi gjer våre erfaringar i verda ligg kultur allereie til stades i sjølv erfaringane (Lakoff og Johnson 2003).

Det blir klart gjennom oppgåva at folk som har same meningsberande system, ikkje treng å ha same oppfatning av kva som er rett og gale, etisk forsvarleg eller moralsk forkasteleg. Ei nyttig presisering av omgrepet er difor å sjå kultur som felles kategoriar heller enn felles verdiar (Aase 1997a). Vi nyttar kategoriar til å systematisere dei mange persepsjonane våre. Å ha felles kategoriar vil difor seie at vi har felles behaldarar vi puttar observasjonane våre i. Slik blir kategorisering ein måte å systematisere og å gi mening til omverda på. Korleis kategoriseringsprosessane føregår vil eg gå nærare inn på i metodekapittelet (jf. 3.3.1). Førebels nøyer vi oss med å tenkje på det å ha felles kultur som å ha felles kategoriar som blir nytta i denne systematiseringsprosessen. Det tyder likevel ikkje at det nødvendigvis er eit felles verdigrunnlag i befolkninga. Ein og same kategori kan bli gitt ulikt meningsinnhald, og ulike slike meningsinnhald kan gi ulike røynder (Aase 1997a). Kultur er altså ikkje noko statisk regelverk for korleis ein lever eit liv. Det bør heller forståast som internaliserte grunnoppfatningar som orienterer folk sine tankar, kjensler og handlingar på visse måtar.

1.1.2: Det fleirkulturelle samfunnet

Det fleirkulturelle vil seie at menneske relaterer seg til eit mangfald av kulturelle kodar og tolkingsrammer. Når vi høyrer at Noreg har blitt eit fleirkulturelt samfunn, kan vi forstå det slik at majoriteten møter, gjennom minoritetar som har kome hit, eit mangfald av slike grunnoppfatningar. Her møter både majoritet og minoritet andre måtar å tolke og å leve i verda på. Det interessante ved dette er at det får oss til å stille spørsmål til gitte tradisjonar og etablerte sanningar.

Tre ulike strategiar blir gjerne nemnt når det gjeld tilrettelegging for relasjonen mellom majoritet og minoritet i det fleirkulturelle samfunnet. *Segregering* er ein startegi der minoriteten blir fysisk åtskilt frå majoriteten, ofte ut frå ein tanke om at det er uheldig å blande kulturar. Segregering oppstår også i somme høve ut i frå sjølvvalde motiv, dersom gruppa sjølv ønskjer å halde seg mest med sine egne medlemmar. Den andre strategien, *assimilering*, går ut på at minoriteten skal fullstendig ta til seg majoriteten sin kultur, noko som i yttarste konsekvens fører til at minoritetsgruppa sin kultur forsvinn. Den siste strategien er *integrering*, som i all hovudsak har vore eit mål for politiske myndigheiter i Noreg (Hylland Eriksen 1993). Integrering er den einaste av desse strategiane som er nemnt i Stortingsmelding nr. 17 (2000-2001) *Asyl- og flyktningpolitikken i Noreg*. Her blir omgrepet definert slik:

”Inkludering av individ eller av grupper (som minoritetar) på like vilkår i samfunnet, i ein organisasjon eller på ulike samfunnsområde (som utdanningssystemet, arbeidslivet eller bustadmarknaden). I omgrepet ligg det at det må vere ei gjensidig tilpassing mellom gruppene i samfunnet” (St.meld.nr. 17 2000-2001: 7).

Med andre ord skal integrering innebere at minoritetar skal kunne delta i samfunnet sine felles institusjonar, utan å måtte gi slepp på sin gruppeidentitet eller kulturelle særpreg. Bak desse flotte orda skjuler det seg vel å merke ei rekkje utfordringar, noko eg vil vise gjennom debatten om multikulturalitet.

1.1.3: Den multikulturalistiske debatten

Den norske integreringspolitikken kan sjåast i lys av ein større multikulturalistisk debatt som viser at målsetjinga om integrasjon og eit velfungerande fleirkulturelt samfunn er komplisert på eit ideologisk plan så vel som på eit praktisk plan. Utgangspunktet for debatten er to ulike

moralske paradigme som påverkar individa sine kjensler, lojalitet og empati på kvar sine måtar. Dei såkalla tradisjonelle samfunna som mange ikkje-vestlege innvandrarak kjem frå opererer med ein partikularistisk moral. Det vil seie at det er person- og kontekstavhengig kor vidt det blir vist lojalitet og empati. Den partikularistiske moralen står i kontrast til den universalistiske moralen. Sistnemnde har eit grunnprinsipp der lojalitet og empati skal vere upåverka av person og kontekst. Denne ståstaden opererer med ein universalistisk idé om likebehandling av alle individ. Her skal individa sine relasjonar, historie og bakgrunn vere irrelevante for fordeling av godar (Lien 1991). Debatten går i hovudsak ut på å drøfte forholdet mellom godkjenning av alle menneska som likeverdige på den eine sida, og godkjenning av ulikskap og kulturell autonomi på den andre sida (Gressgård 2002).

Likskapsidealet har lang tradisjon i vestlege demokrati. Problemet med idealet er at det baserer seg på ein idé der menneskeleg likskap blir gjort til noko universelt, og der spørsmålet om identitet ikkje blir tatt stilling til. Det blir difor grunn til å spørje om denne universelle menneskelege likskapen er eit tilstrekkeleg grunnlag å danne individuelle eller kollektive identitetar på? Guttman (i Aase 1996) seier at i identitetsdanninga trengst det noko meir erfaringsnært, og dette erfaringsnære kan kulturen gi oss. Gjennom kultur får folk mening og rettleiing gjennom livet, og dette er, i følge Guttman, nødvendige komponentar for å kunne leve det gode liv (Aase 1996). Kulturelle fellesskap blir altså viktig for folk sin identitet. Spørsmålet er korleis kulturelle grupper kan få praktisere sin kultur med offentleg godkjenning i eit vestleg demokrati basert på eit universelt likskapsideal. Det universelle likskapsidealet inneber at lojaliteten skal gå til demokratiet, ikkje til den kulturelle eller religiøse gruppa personen måtte høyre til. På den eine sida er der altså eit krav om at alle menneske har lik verdi, noko som inneber at alle har krav på dei same rettane som ein sjølv. Men, på den andre sida er der òg eit krav om å godkjenne individ som innehavarar av partikulære, kulturelle identitetar. Dette forholdet blir omtalt som eit dilemma, ettersom kulturelle særpreg kan forsvinne i fokuset på likeverd, og likeins kan likeverd forsvinne i fokuset på særprega. Dilemmaet kan såleis forståast som eit spenningsforhold mellom likskap og ulikskap, og i ein viss forstand mellom individ og gruppe, mellom generalisering og partikularisering, og mellom kulturell relativisme og etnosentrisme. Gressgård (2002) formulerer dilemmaet og utslaget det gir i den offentlege sfæren slik:

”Mens hensynet til likeverdighet peker mot en forestilling om offentlighet som en forskjellsblind sfære, peker sær egenhetsbegrepet mot offentlig anerkjennelse av kulturelle sær egenheter, med dertil tilhørende krav om forskjellsbehandling” (Gressgård 2002: 45).

Spenningsforholdet går altså mellom ein posisjon som legg vekt på individuell likebehandling og ein posisjon som legg vekt på gruppebasert forskjellsbehandling. Kva utslag gir dette dilemmaet i integreringsprosessen? Debatten reiser på denne måten spørsmål om integrering er eit reelt mål i praktisk forstand, og om det er logisk sett mogleg i ideologisk forstand.

Måla for fleirkulturell dialog og integrering i Noreg kan seiast å vere lagt på førehand av majoriteten (Gressgård 2002). Dette gjer at vi må spørje oss om vi ikkje får ein sameksistens av kulturar som er planlagt av berre ei av gruppene. Når måla for sameksistensen mellom majoritet og minoritet er lagt av majoriteten, står ikkje integreringsprosessen då i fare for å bli ein assimilasjonsprosess? På den andre sida; når vi ser på kultur som ei fortolingsramme som er med på å forme vårt verdsbilete (jf. 1.1.1), korleis skal då grupper med ulike verdsbilete kunne einast om ein integrasjonspolitik?

I innvandringsdebatten har assimilasjon vore eit tabuord, men nokre røyster byrjar no å argumentere for assimilering heller enn integrering. Hege Storhaug¹ konkretiserer det multikulturalistiske paradoks ved å hevde at dei aller fleste ikkje-vestlege innvandrarak har grunnverdiar som ikkje let seg kombinere med dei humanistiske og demokratiske prinsippa i Noreg. Prinsippa ho viser til er likeverd, likestilling, religionsfridom og yringsfridom. Ho meiner difor at ikkje-vestlege innvandrarak må assimilera inn i desse grunnpilarane som demokratiet er bygd på. På bakgrunn av dette hevdar ho at målsetjinga om eit velfungerande fleirkulturelt Noreg er ei sjølvmotseiing. La oss til dømes tenkje på omskjering av kvinner. Denne praksisen blir kategorisert som ulovleg av det norske rettsvesen, medan somme grupperingar innan minoritetsmiljøa kategoriserer praksisen som legitim innan deira normsystem. Dette illustrerer dilemmaet Storhaug påpeikar, og debatten viser at det er god grunn til å granske forholdet mellom integrasjon og grader av assimilasjon.

Det er mange måtar å gå inn i denne problematikken på. Debatten eg presenterte ovanfor om dilemmaet mellom likeverd og ulikskap ligg på eit abstrakt nivå. I denne oppgåva vil eg sjå nærare på meir erfaringsnære aspekt ved det multikulturalistiske dilemmaet. Dette vil eg gjere

¹ Klassekampen 1. april 2003.

gjennom å gripe fatt i menneska sine kvardagsliv og nærmiljøet dei lever dei i. Det romlege aspektet som følgjer oss gjennom oppgåva blir her aktuelt i form av inkludering og ekskludering i det lokale fellesskapet. Det vil bli granska om lokalbefolkninga sitt forhold til heimstaden har noko å seie for kor vidt asylsøkjara og flyktingar blir integrerte i lokalsamfunnet. Eit viktig spørsmål blir då kva vi eigentleg legg vekt på når vi definerer asylsøkjara og flyktingar som integrerte. Kanskje kan vi, gjennom å fokusere på forholdet mellom folk og stader, samt forholdet mellom Oss og dei Andre, vinne betre forståing for det fleirkulturelle samfunnet og det omtalte dilemmaet i dette.

Når temaet er ei lokalbefolkning si oppleving av møtet med nye kulturelle grupper er vi inne på eit ømtolig tema som krinsar kring folk sine haldningar til innvandring. Omgrepet haldning kan forklarast som ein type legning. Ei legning er enkeltdele sette saman i ein bestemt orden. Dei styrer måten menneske ser verda på, korleis dei likar det dei ser og korleis dei handlar i forhold til det dei likar eller mislikar. Haldningar er i den forstand legningar som skaper oversikt, orden og mening, og gjer verda føreseieleg. Slik blir det mogleg å møte verda med fornuft. Haldningar utgjer eit personleg arkivsystem som gir psykisk tryggleik og samanheng i det daglege (Martinussen i Hernes og Knudsen 1990). Spørsmålet er om det romlege er ein aktiv komponent i det som dannar grunnlaget for informantane sine haldningar til innvandring.

1.1.4: Posisjonering av oppgåva i den norske innvandringsdebatten

”Innvandring er som gjødsel, det får det til å vokse og gro” vart det sagt på eit seminar². Ikkje alle blant majoriteten er samde i dette. Mange ser berre bry og inga vinning ved at samfunnet blir meir fleirkulturelt. Problemet med denne debatten er at den ofte går til ytterpunkta. Den eine sida blir karakterisert som naive kulturelister, og den andre sida som framandfiendtlige nasjonalistar, eller i verste fall rasistar. Gullestad (2002) har vore ei tydeleg stemme i denne debatten. Ho har mellom anna kritisert nordmenn for ikkje å makte å forstå minoritetsrelasjonen som eit *”strukturelt forhold og en hegemonisk tolkningsramme”* (Gullestad 2002:55). Ei sidestilling av majoritet og minoritet når det gjeld ansvar for integrering er etter hennar syn feil, fordi ei sidestilling impliserer at partane allereie er likestilte. Ho meiner dei symbolske maktrelasjonane som ligg bak marginaliseringa av minoritetane blir skjult av den norske likskapstankegangen. Gullestad (2002) sin bodskap er

² IMER (Internasjonal Migrasjon og Etniske Relasjonar)-sluttkonferanse, Oslo, 18-19 april 2002.

at vi må kaste eit kritisk blikk på den norske mentaliteten slik den opptrer i integreringsdebatten.

Andre røyster krev meir tilpassing frå innvandrarane si side. Desse saknar strengare kontroll over kven som skal få kome inn i landet, i tillegg til skjerpa krav til dei som allereie er her. Desse krava går hyppig igjen frå representantar som etterlyser ein strengare innvandringspolitikk. Representantar for denne ståstaden ser den norske innvandringspolitikken som naiv. Dei meiner politikken har vore prega av snillisme, og no krev dei at innvandrarane skal tilpasse seg meir det norske samfunnet. Kritiske røyster til norsk innvandringspolitikk kjem også frå forskarar. Nyleg vart det publisert ei bok med tittelen *Gode formål - gale følger?* (Brox, Lindbekk og Skirbekk 2003). Her blir kritikken av nordmenn som er skeptiske til innvandringspolitikken omtalt som moralisme. Forfattarane påpeikar at moralisme ikkje er det same som klokskap, og at gode formål ikkje automatisk gir gode resultat når det gjeld integrering (Brox et al. 2003).

Rasisme, eller berre sunn fornuft?

Korleis skal vi så definere standpunkta ovanfor? Er det å tenkje kritisk om innvandring berre sunn fornuft, eller handlar dette om framandfrykt og rasisme? Svaret er sjølvstøtt avhengig av korleis vi definerer omgrepa framandfrykt og rasisme. Den klassiske rasismen baserer seg på ei tru om at det finst menneskerasar i form av vedvarande fysiske ulikskapar, og at det er ein samanheng mellom desse fysiske kjenneteikna og menneska sin moral og intelligens. I den klassiske rasismen utgjer rasane eit hierarki der den kvite rase er på toppen (Gullestad 2002).

I dag er denne typen rasistisk ideologi langt på veg erstatta av andre måtar å argumentere på. I retorikken finn vi no at raseomgrepet er erstatta av kulturomgrepet, noko som gjer at kulturforskjellar kan framhevast utan at det hierarkiske elementet kjem så tydeleg fram. Det blir ikkje sagt at nokon kulturar er betre enn andre, det blir heller lagt vekk på kor ulike mange kulturar er. Argumentasjonen blir då at på grunn av desse ulikskapane kan kulturane ikkje sameinast. På denne måten blir det stilt krav om ein strengare innvandringspolitikk, utan at argumentasjonen kan bli tatt for å vere rasistisk motivert. Ei forklaring på at dette skiftet har blitt så tydeleg, frå å nytte raseomgrepet til å leggje vekt på kulturomgrepet, kan vere at den klassiske rasismen sine argument og tankefigurar blir sett på som moralsk forkastelege. Somme forskarar meiner at fenomenet er det same, og nyttar framleis omgrepet rasisme.

Andre ønskjer å markere endringane og nyttar difor ord som mellom anna ”nyrasisme”, ”neorasisme” og ”kulturfundamentalisme” (Gullestad 2002).

Ei av dei som har prøvt å presisere rasismeomgrepet er Lien (i Fuglerud 2000). Ho føreslår at uønskt rasialisert merksemd skal kallast rasistisk berre i dei tilfella der intensjonen bak merksemda er rasistisk motivert. Ho reserverer omgrepet til situasjonar der det førekjem dehumanisering og hat inne i folk sine hovud. Etter Lien sin definisjon er det få handlingar som kan definerast som rasistiske, ettersom det er vanskeleg å få tilgang til folk sine eigentlege motivasjonar bak ei handling. Spørsmålet blir kven som skal kunne avgjere om ei handling er rasistisk motivert, er det offeret eller utøveren? Rasismeomgrepet blir altså brukt på mange ulike måtar, noko som gjer det nødvendig å vere tydeleg når det gjeld kva meiningsinnhald vi gir omgrepet.

Denne oppgåva vil basere seg på eit empirisk materiale som inneheld både positive og negative haldningar til innvandring. Nokon vil definere rasisme på ein måte som gjer fleire av informantane i denne oppgåva til rasistar. Andre vil ha ein meir nøktern definisjon av omgrepet, og omgrepet vil då ikkje kunne nyttast i denne samanhengen. For meg har det vore viktig å forstå informantane sine livsverder. Dersom eg set meg inn i informantane sine ”innanfråperspektiv”, på eit emisk nivå³, ser eg ingen rasistisk motiverte personar i denne gruppa. Gjennom eit forskarperspektiv utanfrå, på eit etisk nivå, ser eg at delar av empirien glir inn i, og er truleg med på å reprodusere, ei strukturell marginalisering av dei etniske minoritetane i samfunnet. Sjølv om omgrepet rasisme ikkje er kjernen i problemstillingane i denne studien, så er dette eit aspekt ved temaet og fokuset i oppgåva som det er viktig å vere medviten til.

Eg ser det slik at vi kan kalle informantane sine haldningar til asylsøkjjarar og flyktningar alt frå sunn fornuft til framandfrykt eller rasisme, men same kva vi kallar haldningane så kjenner eg meg ikkje sikker på at vi vil forstå fenomenet betre av den grunn. Spørsmålet denne oppgåva tar opp er korleis lokalbefolkninga sine haldningar til asylsøkjjarar og flyktningar blir til, samt om det romlege spelar ei rolle i korleis det fleirkulturelle blir opplevd. Oppgåva spør ikkje etter ein omgrepsmessig definisjon. Ho spør etter forklaringar. Om vi kallar ein person sine haldningar for rasistiske så tyder ikkje det at vi har forstått personen sine haldningar i sitt

³ Sjå avsnitt 3.3.4 for forklaring om emiske og etiske nivå.

fulle og heile. Utfordringa er å forstå kvifor desse haldningane oppstår, og kva slags konkrete handlingar dei gir seg utslag i. Det er handlingspremissane som ligg bak praksis vi må prøve å forstå. På bakgrunn av dette vil det teoretiske og analytiske arbeidet i denne oppgåva ikkje gå nærare inn på rasismeomgrepet, men heller granske kva faktorar som spelar inn når minoritetsgruppene blir ekskluderte frå det lokale fellesskapet, og kva faktorar som er gjeldande når dei blir inkluderte.

1.1.5: Kvifor gjere ein studie om Oss?

Dei er ikkje få dei som har stilt seg undrande til kvifor eg har valt å intervjuje berre den etniske majoriteten i denne samanhengen, og ikkje asylsøklarar og flyktningar. Eg vil difor grunngje kvifor eg har formulert problemstillingane slik at studien berre omfattar lokalbefolkninga. Det er godt dokumentert at det skjer diskriminering på grunnlag av hudfarge og etnisk opphav, både i kvardagen og i meir systematiske samanhengar som arbeidsmarknad og bustadmarknad (Aase 1996, Søholt 2001). På grunnlag av dette opplever eg ei forventning om at det er dei etniske minoritetane ein samfunnsvidar bør studere. Slik eg ser det er det ingen tvil om at der er eit asymmetrisk maktforhold mellom majoritet og minoritet. Det er mellom anna majoriteten som legg premissane for samhandling, og det er majoriteten som langt på veg definerer kva det vil seie å vere integrert (jf. 1.1.3). Maktrelasjonar er ofte umedvitne og internaliserte relasjonar som ligg på eit abstrakt nivå som vi ikkje ser klart i kvardagen. Å avdekke desse strukturane er nødvendig og viktig for å klare å endre dei. Integrering handlar om å få ulike grupper til å samhandle på like premissar. Mi tilnærming til dette er at for å oppnå god integrering må vi lytte til alle dei involverte partane i denne prosessen. Den største utfordringa for meg er å forstå majoriteten i denne samanhengen. Å rette fokus på dei som legg premissane for desse maktstrukturane er det som Nader (i Saugestad 1997) kallar for ”studying up”. Dette er viktig fordi, som Saugestad seier:

”I en situasjon hvor en gruppe har vesentlig mer makt enn en annen, og hvor dette oppfattes som urettferdig, er det ikke de som ønsker å forandre situasjonen, som er vanskelig å forstå, men de som forsvarer status quo” (Saugestad 1997: 205).

Langt frå alle nordmenn forsvarer ei ulik maktfordeling mellom nordmenn og innvandrarar, i mange tilfelle heller tvert om. Men på eit strukturelt plan skjer der likevel ei marginalisering av minoritetane. Dersom målet er å oppnå likestilling mellom majoritet og minoritet er det nødvendig å forstå kvifor og korleis denne marginaliseringa går føre seg. Dette kan gjerast ved å rette fokuset dit marginaliseringsprosessen skjer, altså på majoriteten. Gjennom å

skrive om den etniske majoriteten sitt forhold til innvandring risikerer eg vel å merke og sjølv vere med på å reprodusere todelinga mellom Oss og dei Andre. Dette blir eit paradoks når målet er å oppnå likestilling mellom majoritet og minoritet. Eg understrekar difor at fokuset her er eit val gjort på bakgrunn av ei tru om at også majoriteten sine synspunkt må høyrast dersom vi skal forstå inkluderings- og ekskluderingsprosessane denne gruppa har makt til å setje i verk. Dette handlar ikkje om å forsvare, men om å forklare.

Mitt utgangspunkt i denne samanheng er at folk sine kvardagsliv, erfaringar og lokale opplevingar er viktige for korleis dei formar sine haldningar og verdsbilete. Skal vi gå inn i eit fenomen av ein slik karakter det her er snakk om må vi starte i enkeltmenneska sine kvardagsliv. På bakgrunn av denne diskusjonen har eg formulert problemstillingar som knyter seg til tematikken.

1.2: Problemstillingar

Vi har no sett korleis møtet mellom ei lokalbefolkning og asylsøklarar og flyktningar er det tematiske utgangspunktet for denne oppgåva. Eg ønskjer å fokusere på det romlege aspektet i menneska sine liv for å sjå om dette har innverknad på korleis lokalbefolkninga opplever møtet med dei etniske minoritetane. Den overordna problemstillinga blir difor følgjande:

1: Korleis kan dei romlege forståingane folk har av heimstaden ha innverknad på ei lokalbefolkning sitt møte med asylsøklarar og flyktningar?

Med denne problemstillinga går eg ut i frå at det romlege spelar ei aktiv rolle i korleis menneska opplever og forstår omverda, og korleis dei ser sin eigen og andre sin plass i henne. Eit band, i ein eller annan forstand, mellom menneska og staden ligg såleis til grunn for det vidare arbeidet. Eg søkjer altså forklaringar på korleis dette bandet mellom menneska og staden har innverknad på korleis folk oppfattar seg sjølve og heimstaden sin, og korleis dei oppfattar asylsøklarane og flyktningane som kjem dit. Eit presiserande underspørsmål blir aktuelt:

1.1: Er ei lokalbefolkning sitt forhold til heimstaden og den meininga dei tillegg denne med på å konstruere kategoriane Oss og dei Andre?

Spørsmålet er altså om staden spelar ei rolle i korleis majoriteten si sjølvdefinering tar form, og om staden også er med på å strukturere ei forståing av dei Andre. Den neste problemstillinga går meir direkte inn på integreringsprosessen:

2: Korleis kan romlege forståingar ei lokalbefolkning har av heimstaden påverke synet på integrering av asylsøkjjarar og flyktningar i lokalsamfunnet deira?

Denne problemstillinga relaterer seg til det multikulturalistiske dilemmaet. Spørsmålet er om det er noko ved folk sine stadkjensler som verkar inn på kor vidt dei opnar for integrasjon av andre kulturelle grupper. Kan det til dømes vere snakk om nokre stadsesifikke praksisar dei kulturelle gruppene må ta opp i seg for å bli tatt inn i det lokale fellesskapet? I så fall blir det relevant å spørje om dette fører integrasjonsprosessen meir over i ein assimilasjonsprosess.

1.3: Val av studieområde

Eg ønskte å leggje studien til ein mindre norsk by. Det fleirkulturelle finst over alt, men somme stader er det etniske mangfaldet sterkare representert enn andre stader. Statistisk materiale frå januar 2001 viser at ein tredjedel av innvandrarbefolkninga i Noreg er busett i Oslo. Til samanlikning bur berre 11 prosent av Noreg si totale befolkning i hovudstaden. Generelt kan vi seie at innvandrarak bur sentralt, og mange er lokaliserte på Austlandet (Lie 2002). Kvifor vil eg då gjere ein studie på ein mindre sentral stad på Vestlandet? For det første har det allereie blitt gjort mange studiar av det fleirkulturelle samspelet i dei største byane i Noreg. Det er ein grunn i seg sjølv til å rette fokus på korleis det fleirkulturelle tek form på mindre stader. For det andre er tal som stadfester det fleirkulturelle ein ting, opplevinga av det fleirkulturelle i folk sine kvardagsliv er ein annan ting. Kanskje er opplevinga av det fleirkulturelle på ein liten stad like sterk som i Oslo, sjølv om den prosentvise delen dei etniske minoritetane utgjer ikkje er like stor. I ein lokalitet av mindre skala vil demografiske endringar, samt kulturelle og etniske endringar i innbyggjarmassen bli særleg tydelege. Det er òg ei vanleg oppfatning at på mindre stader finn ein sterkare lokale fellesskap enn i storbyane. Det er vanskelegare å vere anonym på små stader, og kodar for inkludering og ekskludering er truleg meir aktive og altomfemnande her enn i storbyane. Det blir difor god grunn til å spørje korleis opplevinga av det fleirkulturelle tar form på mindre stader.

Det er på bakgrunn av desse refleksjonane eg meiner at ein små- eller mellomstorby vil vere godt eigna som studieområde for oppgåva. Reisa gjekk difor til Haugesund. I tillegg til å ha ein høveleg storleik (jf. 4.1) har byen eit asylmottak som er spesielt interessant. Mottaket er desentralisert. Det vil seie det er spreitt i leilegheiter rundt om i byen, mellom anna for at asylsøklarane skal gli meir inn i bybiletet. Dette gjorde meg nysgjerrig på korleis lokalbefolkninga opplever å ha asylsøklarane buande i nabolaga sine. I tillegg til å vere vertskommune for asylmottaket driv òg Haugesund kommune med busetjing av flyktingar. Studien omfattar difor ikkje berre korleis lokalbefolkninga forholder seg til asylsøklarar, men òg til flyktingar og innvandrarar. Det er difor nødvendig med definisjonar av desse ulike gruppene, og forklaringar på korleis omgrepa vil bli brukt gjennom oppgåva.

1.4: Sentrale definisjonar

I daglegttale blir omgrepa *asylsøklar*, *flykting* og *innvandrar* brukt på ein mindre nyansert måte enn det Stortingsmelding nr. 17 legg opp til. Her heiter det at ein asylsøklar er ein person som ”*på eiga hand ber styresmaktene om vern og om å bli godkjend som flykting. Personen blir kalla asylsøklar fram til søknaden er endeleg avgjort*” (St.meld.nr. 17 2000-2001: 5). Omgrepet *flykting* blir brukt om personar som har fått asyl eller opphaldsløyve, samt dei personane som får mellombels vern. Omgrepet blir brukt uavhengig av korleis personen kom til landet, om han kom som asylsøklar, overføringsflykting eller gjennom familiesameining. Omgrepet *innvandrar* er ein person som er fast busett i Noreg, men fødd i utlandet og med foreldre som er fødte i utlandet. Dette omgrepet blir ofte brukt som fellesnemning på alle personar med utanlandsk bakgrunn busett i landet. Slik kan omgrepet også omfatte flyktingar (St.meld.nr. 17 2000-2001).

Informantane sin bruk av omgrepa

Under feltarbeidet viste det seg at informantane ikkje alltid skil mellom desse kategoriane, men bruker dei om einannan. Dersom ein informant fortel om ein asylsøklar eller flykting, så er det sjeldan at informanten veit den faktiske statusen til personen han omtalar. For informantane er asylsøklarar, flyktingar og innvandrarar ofte berre ein kategori. I daglegttalen bruker dei gjerne omgrepa *utlending* eller *innvandrar*. Innvandringspolitisk er det sjølvsagt store forskjellar på desse gruppene, men i informantane sine medvit er ikkje alltid desse forskjellane til stades. På bakgrunn av dette handlar denne studien i vid forstand om forholdet mellom Oss og dei Andre.

Omgrepa brukt i teksten

Min bruk av omgrepa på dei ulike kategoriane er medviten. I all hovudsak handlar denne oppgåva om korleis informantane relaterar seg til *asylsøkjjarar* og *flyktningar*, og det er desse kategoriane som er nemnt i problemstillingane (jf. 1.2) og i spørjeguiden (sjå vedlegg). Så lenge informantane ikkje alltid skil mellom dei ulike kategoriane så omhandlar studien også ikkje-vestlege innvandrarak. Gjennom oppgåva vil det likevel vere forenklande i somme høve å berre referere til omgrepa *minoritet* og *majoritet*. Det finst mange typar minoritetar og majoritetar, men i denne samanhengen blir omgrepa brukt utelukkande til å vise til dei etniske minoritetane og den etniske majoriteten. Dei etniske minoritetane omfattar då både asylsøkjjarar, flyktningar og ikkje-vestlege innvandrarak.

Eg har no greia ut om det tematiske utgangspunktet for oppgåva, og presentert viktige omgrep som kultur, det fleirkulturelle og det multikulturelle dilemmaet. Vidare har eg diskutert rasismeomgrepet, og grunngitt korleis eg handterer dette. Eg òg har presentert problemstillingane, og val av studieområde. Til slutt gjorde eg greie for korleis omgrepa som definerer statusen til dei etniske minoritetane vil bli nytta gjennom arbeidet. No vil eg kort gjere greie for strukturen vidare.

1.5: Strukturen vidare

I det neste kapittelet blir det teoretiske rammeverket presentert. Dette startar med ei teoretisering av forholdet mellom mennesket og staden, der målet er å få ei forståing for korleis stader kan vere sentrale aktørar i menneska sine livsverder. I den samanheng blir omgrepet "a sense of place" presentert. Måten menneska konstruerer seg meningsfulle stader på blir òg vektlagt. Konstruksjonen av rom blir her relatert til sosiale praksisar og menneska sine livsverder, noko som understrekar behovet for kontekstsensitive analysar i studien av stader. Teoriar om korleis representasjonar produserer meining kastar lys over korleis meiningdimensjonen ved stader kan gripast. Vidare går diskusjonen inn på teoriar om normativ geografi, der vi ser korleis stader spelar ei rolle i produksjon og vedlikehald av ideologiske verdiar. Ein måte å forstå korleis desse prosessane føregår på er å fokusere på symbolske grenser mellom innanfor og utanfor staden sin moralske orden. Langs med grensene for innanfor og utanfor følgjer også ei todeling mellom Oss og dei Andre. Denne todelinga handlar i stor grad om korleis ulikskap er ei drivkraft i majoriteten si

sjølvdefinering. Kapittelet blir avslutta med ein diskusjon om korleis det fleirkulturelle fordrar ei teoretisering av stader som opne og dynamiske.

Kapittel tre tar for seg den kvalitative metoden som arbeidet baserer seg på. Eg gjer her greie for korleis eg gjekk fram undervegs i dataproduksjonen. Refleksjonar kring forskaren si rolle i felten, det samhandlande perspektivet som ligg til grunn for dataproduksjonen, og etiske tankar kring det å studere menneske står sentralt i dette kapittelet. Vidare fortel eg om utval av informantar og om sjølve intervjusituasjonen. Etter dette blir dei analytiske verktya presentert. Ei utgreiing om oppbygging og struktur i analysen set punktum for dette kapittelet.

Studieområdet blir presentert i kapittel fire. Her blir vi kjent med nokre sider ved Haugesund som fungerer som bakgrunnsinformasjon før informantane sine skildringar av byen får sleppe til i analysen. Ei utgreiing om den nasjonale asyl- og flyktningpolitikken blir òg presentert ettersom denne legg rammevilkåra for mottaksdrift og busetjing av flyktingar i Haugesund kommune.

Første del av analysen kjem i kapittel fem. Her granskar eg relasjonen mellom menneska og staden. Vi får innblikk i korleis informantane sjølve skildrar byen, og kva meining dei legg i heimstaden. Kapittelet startar med å presentere det som er felles i informantane sine skildringar av byen, altså det intersubjektive perspektivet på Haugesund. I denne intersubjektiviteten ser vi nokre sentrale markørar på det som utgjer staden sin identitet, og desse markørane blir handsama analytisk som prototypar. Vidare går fokuset over på den subjektive forståinga av byen. Denne viser eit mangfald av måtar å oppleve staden på, og den avdekkar ulike måtar å relatere seg til det prototypiske for byen. Gjennom dei subjektive kategoriseringane av byen får vi sjå nokre viktige nyansar i den tatt-for-gitte meininga ved staden. Dette legg grunnlaget for neste steg i analysen.

Kapittel seks undersøker korleis informantane relaterer seg til asylsøkjjarar og flyktingar. Desse funna blir sett i relasjon til funna frå kapittel fem. Det er her koplinga mellom romlege forståingar og syn på innvandring finn stad. I denne samanhengen ser vi korleis staden si meining blir aktivert når informantane snakkar om opplevinga av det fleirkulturelle i byen. Det blir tydeleg korleis dei normative geografiane opererer, og grenser mellom innanfor og utanfor den kulturelle og moralske ordenen trer fram. Underproblemstilling 1.1 (jf. 1.2) blir

svart på gjennom ein diskusjon som viser korleis kategoriane Oss og dei Andre blir til. Kapitlet blir oppsummert med ein diskusjon som svarer på problemstilling 1.

Problemstilling 2 blir svart på i kapittel sju. Dette kapitlet går meir direkte inn på integrasjonsprosessen og granskar kva informantane legg vekt på når dei snakkar om denne. På bakgrunn av kapittel fem og seks blir integrasjonsprosessen diskutert i lys av meiningsdimensjonen informantane har lagt til byen. Denne koplinga blir relatert til debatten om multikulturalitet. Poenget med å dra analysen inn i ein større debatt er å sjå om vi, gjennom å fokusere på det romlege aspektet i folk sine liv, kan kaste lys over det multikulturalistiske dilemmaet.

Oppgåva blir avslutta i kapittel åtte. Her blir dei viktigaste empiriske funna og dei teoretiske koplingane summerte opp. Trådane blir trekte saman, og det blir gitt eit overblikk over korleis stader kan kaste lys over viktige dimensjonar ved det fleirkulturelle samfunnet.

Kapittel 2:

Teorigrunnlag

For å kunne gjennomføre ein analyse treng eg eit teoretisk rammeverk. Eg treng teoriar som gir meg ei forståing av dei fenomena eg ønskjer å granske. Dette kapittelet legg vekt på nokre teoretiske tilnærmingar som er sentrale for å forstå korleis sosiale prosessar og romlege konstruksjonar kan sjåast i relasjon til kvarandre. Teorien er strukturert etter korleis eg har valt å sjå dei ulike teoretiske omgrepa i samanheng med kvarandre. Gjennom dei forskjellige bolkanane freistar eg å byggje opp ei trinnvis forståing for korleis stader kan vere viktige komponentar i studien av det fleirkulturelle samfunnet.

Denne oppgåva handlar om to relasjonar; relasjonen mellom menneska og staden, samt relasjonen mellom Oss og dei Andre. Problemstilling 1 og 2 (jf. 1.2) knyter desse relasjonane saman ved å spørje om forholdet mellom menneske og staden har innverknad på relasjonen mellom Oss og dei Andre. Dermed er det allereie her blitt lagt føringar på nokre av dei teoretiske innfallsvinklane som vil følgje oss gjennom oppgåva. Det teoretiske utgangspunktet legg vekt på at menneska konstruerer seg meiningsfulle stader. For å forstå staden si mening må vi sjå stader frå perspektiva til menneska som lever der, korleis dei erfarer, tolkar, finn mening i og forstår omgjevnadane dei lever i.

Kapittelet startar med ei utgreiing om relasjonen mellom menneska og staden. Meiningsaspektet ved stader blir her, gjennom fenomenologiske perspektiv, knytt opp mot omgrepa livsverd og kvardagsliv. Omgrepet "a sense of place" blir trekt fram for å forklare korleis folk sine egne opplevingar av stader må vere utgangspunktet for korleis stadsomgrepet skal forståast. Konstruksjon av meiningsfylte stader blir utdjupa gjennom Aase (1994) sin teori om konstruksjon av rom. Den empiriske variasjonen i korleis rom blir produsert er eit viktig poeng i denne diskusjonen. For å få eit grep om meiningsdimensjonen til stader tek eg utgangspunkt i representasjonar, og ser korleis desse kan vere med på å forme vår forståing av stader og folka som er frå desse stadane (Holloway og Hubbard 2001). Vidare går diskusjonen over på normativ geografi. Her freistar eg å forstå korleis stader har nokre normative karakteristika knytte til seg, og korleis desse er med på å produsere såkalla "common sense" forståingar av stader (Cresswell 1996). Omgrepa "out of place" og "in

place” blir aktuelle i forklaringa av korleis symbolske grenser er med på å produsere og reproduserer staden si mening. Denne diskusjonen baserer seg på Douglas (1997) sitt arbeid der grensene mellom det som er innanfor og utanfor den kulturelle ordenen blir sentrale. I forlenginga av slike grenser går diskusjonen over på forholdet mellom Oss og dei Andre, og vi ser korleis desse kategoriane produserast med utgangspunkt i dei normative geografiane. På slutten av kapittelet diskuterer eg korleis internasjonal migrasjon fordrar ei teoretisering av stader som eit forhandlingsbart og endrande omgrep.

I denne typen vitenskap er det ofte eit vagt skilje mellom teoretiske og metodiske verkty. Nokre av dei teoriene som blir diskuterte i dette kapittelet er nært knytte til dei analytiske verktya som blir presenterte i metodekapittelet. Særleg er den teoretiske diskusjonen om representasjonar nært knytt til teorien om prototyper som blir presentert i neste kapittel (jf. 3.3.2). Eg har valt å presentere dei to diskusjonane kvar for seg. Dette har eg gjort fordi diskusjonen om representasjonar er ein viktig del av den teoretiske argumentasjonen kapittelet presenterar, nemleg korleis staden si mening blir produsert og reprodusert. Utan å ha med teoriar om representasjonar ville argumentasjonsrekkja i den teoretiske diskusjonen, slik eg ser det, ha blitt ufullstendig. Når eg vel å bruke prototyper som analytisk verkty saman med representasjonar er dette fordi eg meiner bruken av prototyper kan nyansere og presisere representasjonane i ein analyse. Det same gjeld bruken av metaforar og kategoriar. Den teoretiske diskusjonen bruker Douglas (1997) og Cresswell (1996) sine teoriar om kva som høyrer til innanfor og utanfor staden sine symbolske grenser. I analysen nyttar eg Lakoff og Johnson (2003) sin behaldarmetamor til å analysere det som teoriene illustrerer. Teoriene om kategoriar og metaforar kunne ha vore presentert i teorikapittelet liksom godt som i metodekapittelet. Eg har valt å skrive om dette i sistnemnde kapittel (jf. 3.3.1 og 3.3.3). Det er fordi eg ser det slik at funksjonane metaforar og kategoriar har i denne samanhengen er først og fremst operasjonaliserande reiskap for Douglas (1997) og Cresswell (1996) sine teoriar. Så lenge det som står i metodekapittelet kastar lys over teorien og omvendt, bør vi likevel ha i bakhovudet at teori og metode saman utgjør ein heilskapaleg måte å tilnærme seg problemstillingane på.

2.1: Relasjonen mellom menneske og stad

Omgrepa rom og stad har stått sentralt i geografifaget si historie. Fagdisiplinen har tilnærma seg omgrepa på ulike måtar, noko som heng saman med den vitenskapsteoretiske utviklinga i

faget. Der det tidlegare vart fokusert på materielle og konkrete rom, er det no ikkje uvanleg å sjå rom som sosiale og meiningsfulle storleikar. I dette ligg det at folk konstruerer seg stader ved å tilskrive rom mening. I eit slikt geografisk perspektiv er relasjonen mellom menneska og staden viktig.

For å forstå forholdet mellom folk og stader kan Sack (i Holt Jensen 2001) sin teori vere eit nyttig utgangspunkt. Han ser forholdet mellom menneske og stader som eit dialektisk forhold. Denne dialektikken går ut på at stader konstruerer menneske og menneske konstruerer stader gjennom handling. Måten vi opplever ein stad på er knytt til spesielle hendingar som har skjedd der, og hendingar som var viktige for oss. Staden ber med seg både fysiske spor og mentale minne frå tidlegare tider, og er dermed med på å knytte oss til fortida og å gi oss mening. Staden kan difor forståast som ein arena der fysiske trekk, sosiale relasjonar og mening møtest. På denne måten påverkar staden sjølv, og sjølv påverkar staden gjennom handling. Det dialektiske forholdet mellom staden og sjølv inneber at dei begge har infiltrert i seg element av natur, sosiale relasjonar og mening (Sack i Holt Jensen 2001). Eg forstår dette slik at stader er meiningsfulle for folk, at dei spelar ei rolle i folk sine sosiale liv, samtidig som dei er noko materielt.

Når vi skal utforske meiningsaspektet ved stader er den fenomenologiske fagtradisjonen ein naturleg innfallsvinkel. Her står menneska sine personlege erfaringar og tolkingar av omverda i sentrum. Ley (1977) er ein representant for det fenomenologiske perspektivet i geografien. Han meiner at stader alltid er meiningsfulle *for* nokon, det vil seie at stader alltid vil vere objekt for eit subjekt. Meininga staden har vil reflektere subjektet sitt formål og tankar. Stader kan ha ulik mening for ulike subjekt, såleis kan ein og same stad ha mange forskjellige meiningar avhengig av subjekta sine formål. Likevel vil der oppstå ei dominerande mening ved staden. Denne meininga vil fungere som ein indikator for dei subjekta som skapte henne sine formål. Ei slik dominerande mening ved staden blir noko vi tek for gitt (Ley 1977). Tatt-for-gitte dimensjonar i menneskeleg erfaring kan forståast gjennom omgrepet livsverd. Buttner (i Peet 1998) definerer livsverd som ein kulturelt definert romleg og tidsmessig setting for kvardagslivet. Livsverd omfattar alt av mennesket si involvering med omgjevnadane i kvardagslivet, og korleis denne involveringa blir erfart (Johnston, Gregory, Pratt og Wats 2000). Omgrepet viser såleis til den altomfemnande horisonten for individuelle og kollektive liv (Peet 1998). Innan geografien rettar omgrepet livsverd merksemd mot viktigheita av kvardagslivet, og korleis dette er med på å utvikle personlege og meiningsfulle

stader (Johnston et al. 2000). Livsverd og kvardagsliv blir difor sentrale omgrep når vi studerer korleis menneske konstruerer seg meiningsfulle stader.

A sense of place

Så lenge vi ser stader som innehavarar av menneskelege meiningskonstruksjonar og personlege kjensler er omgrepet "a sense of place" nyttig å ta med i den teoretiske diskusjonen. Utgangspunktet for omgrepet er menneska sine kjensle av tilhøyre til stader. Gjennom folk sine kvardagslege erfaringar utviklar dei kjensler til stadane som omgir dei. Cloke, Philo og Sadler (1991) skildrar omgrepet slik:

"...a sense of place – a rudimentary understanding of how this place 'works' and a nagging feeling towards this place of liking, disliking, loving, hating, accepting, rejecting, or whatever" (Cloke et al. 1991: 81).

Det at vi kjenner staden godt, at vi reagerer og forholder oss til han på ein emosjonell måte, gjer at staden spelar ei viktig rolle i liva våre. "A sense of place" blir utvikla av individuelle erfaringar, samtidig som stader også trengjer gjennom og pregar desse erfaringane og kvardagslivet generelt (Rose 1995). Implisitt i dette forholdet mellom stader og folk er at stadkjenslene oppstår gjennom vidstrekke og gjentatte møte med staden. Det gjer staden til ei forlenging av individet. Tilhøyrsla folk har til stader kan difor vere viktig for folk si sjølvdefinering. "A sense of place" omgrepet opnar for at folk erfarer, tolkar, finn mening i og knyter seg til stader på mange ulike måtar. Med dette reiser det seg eit spørsmål om korleis vi skal forstå stader når dei får tilskrivne ulike, og kanskje kontrasterande, sett av meiningar.

Den postmodernistiske retninga illustrerer korleis rom kan opplevast ulikt for folk gjennom å samanlikne stader og landskap med ein tekst. På same måte som ei bok er skapt av ein forfattar, kan vi også seie at stader er skapt av menneska som tileignar seg og bruker stadane. Skaparane av både boka og staden freistar å leggje ei særskild mening i produktet sitt. Det finnast sjeldan berre ein måte å lese ei bok på, som oftast vil ulike folk lese boka og fortolke henne på ulike måtar. På same måte vil der også vere ulike måtar å "lese" ein stad på, og ulike "senses of place" knytte til ein og same stad. Som oftast finst der ein måte å lese boka på som det er stor semje om at er den riktige, og andre versjonar vil då vere meir eller mindre underordna denne. Det same gjeld staden. Det er som oftast ein dominerande måte, og andre underordna måtar, å "lese" staden på (Cresswell 1996). Måten vi forstår ein stad på vil ha innverknad på korleis vi handlar på den aktuelle staden. Ulike, og gjerne konflikterande,

måtar å oppleve, forstå, og bruke stader på fører oss inn på tema som staden si meining, kva ideologi som formidlast gjennom staden, og kva slags oppførsel som er akseptert og ikkje på ulike stader. Det første som må avklarast er korleis folk konstruerer stader ved å tilskrive dei meining.

2.2: Konstruksjon av rom

Som vi såg ovanfor kan stader forståast som eit møtepunkt mellom natur, sosiale relasjonar og meining. Meiningsaspektet vil eg gripe fatt i gjennom Aase (1994) si forståing av korleis rom blir konstruert. Aase sitt utgangspunkt er at rom blir skapt gjennom menneskeleg aktivitet. Ettersom menneskeleg praksis varierer på forskjellige stader og til ulike tider, så vil også romlege konstruksjonar variere etter tid og kontekst. På grunn av mangfaldet av kontekstar rom blir konstruert i blir det overordna spørsmålet om kva rom *er* umogeleg å svare på. Aase foreslår å stille spørsmålet på ein annan måte for å fange opp og forstå dei mange komplekse forståingane av rom som ein finn ute i den verkeleg verda.

Det første spørsmålet han presenterer er korleis rom blir produsert. Produksjonen av rom skjer gjennom at ein stad får meining. Den meininga ein stad blir tillagt heng saman med verdisystemet til dei som definerer staden. Stader kan bli tillagt ulik meining av grupper med ulike verdisystem. Dette gjer at dei romlege kategoriseringane er meningsfulle i somme kontekstar og innan somme ontologiar eller kosmologiar (Aase 1994). For kommuneplanleggjaren kan til dømes eit nabolag der majoriteten av innbyggjarane er av ei minoritetsgruppe med same etniske bakgrunn bli opplevd som problematisk og integreringshemmande. For innbyggjarane sjølv kan nabolaget opplevast som eit trygt nærområde med sterke interne fellesskap. Etter deira levesett og logikk vil kategoriseringar av området som problematisk og integreringshemmande virke meningslaus, på same måte som deira kjensle av fellesskap gir lita eller inga meining til kommuneplanleggjaren. Det same området kan altså bli oppfatta ulikt av ulike menneske. Dette viser kvifor det er nødvendig med kontekstsensitive analyser når vi granskar produksjonen av rom.

Det andre spørsmålet Aase stiller er korleis folk sine konstruksjonar av rom kan knytast til dei sosiale prosessane i samfunnet. Ettersom rom er produsert av menneskeleg handling, og difor også prega av kulturen som legg føringar på handlingane, kan vi sjå rom som kulturelle konstruksjonar. Desse konstruksjonane foreslår Aase å kalle symbolske rom. Å granske

symbolske rom vil seie å ikkje berre granske dei sosiale prosessane på overflata, men å gå i djupna av dei gjennom å sjå på livsverder og symbolbruk. Slik kan vi sjå korleis rom er konstruert etter dei underliggjande ideane som strukturerer menneskeleg tanke og handling (Aase 1994). Når kommuneplanleggjaren prøver å planlegge busetjinga av flyktningar så kan dette sjåast i samanheng med ein større diskurs der spreining av etniske minoritetar blir definert som den riktige og mest integreringsfremjande strategien. Kjensla av fellesskap som innbyggjarane sjølv set pris på kan sjåast i samanheng med praksisar som grunnar i gruppebaserte fellesskap og familienettverk. Ulike underliggjande strukturar legg altså føringar på praksisar. Romlege konstruksjonar vil såleis vere relatert til desse sosiale praksisane.

På bakgrunn av dette forstår vi at kategorisering av rom er noko som vil variere blant ulike menneske og i ulike kontekstar. Analysane våre må difor vere opne for mangfaldige og samansette forståingar av rom. I analysen av det empiriske materialet må eg vere førebudd på at informantane har ulike romlege kategoriseringar av Haugesund som dei knyter forskjellige meiningar til. Den eine informanten kan kanskje karakterisere utviklinga av bysentrum med negative adjektiv, medan ein annan informant kan knyte positive karakteristika til det same området. Det blir difor viktig at analysane fokuserer på den empiriske konteksten der dei romlege konstruksjonane føregår. Målet må vidare vere å granske om desse ulike opplevingane av stader kan relaterast til ulike livsverder og verdsett, noko som kan granskast mellom anna ved å fokusere på kvardagsliv. Gjennom å få kunnskap om kvardagslivet til folk i Haugesund kan vi kanskje forstå kvifor dei kategoriserar heimstaden sin, eller delar av han, slik dei gjer.

Så langt kan vi seie at romlege konstruksjonar kan relaterast til dei underliggjande strukturane og dei sosiale praksisane som finn stad i den aktuelle konteksten. I dette ligg det at folk sine romlege kategoriseringar vil reflektere somme av dei kulturelle grunnoppfatningane desse folka har. Desse grunnoppfatningane er igjen er basert på eit felles meiningssystem (jf. 1.1.1). I kulturelle system vil der vere mange ulike normer og verdiar, noko som òg vil ha innverknad på opplevingar av stader. Der vil vere mange ulike "senses of place" knytte til den same staden, og staden vil ha ulikt meiningssinnhald frå person til person.

I ein kulturell kontekst vil det likevel vere mogleg å finne noko felles, noko intersubjektivt, i korleis folk tenkjer kring visse stader. Dette skjer på den måten at når subjekta gjer sine ulike

erfaringar i same kultur eller samfunn, då vil medvita til individa lettare oppnå ein intersubjektiv konsistent struktur. Slik blir forholda lagt til rette for at der kan skapast ein ”objektivitet” i forhold til ei hending eller eit objekt. Dette skaper eit ”common sense” perspektiv slik at hendinga eller objektet får det same meiningsinnhaldet for alle i det aktuelle fellesskapet (Werlen 1993). I denne samanhengen snakkar vi om eit ”common sense” perspektiv på Haugesund. Der vil vere mange subjektive måtar å oppleve byen på, men der vil også vere nokre karakteristika som alle kan einast om at er ein del av byen. Semja om visse kvalitetar ved staden gjer at dei blir noko som folk tar for gitt. Den meininga til staden folk tar for gitt kan på ein umedviten måte leggje føringar på folk sine kvardagslege romlege praksisar. Ettersom stader kan bli tatt for å berre vere materielle fakta utan normative aspekt knytt til seg kan folk ukritisk akseptere dei kulturelle ideane og dei sosiale relasjonane som stader omfattar (Cresswell 1996). Korleis kan vi då få grep om korleis staden får nettopp denne meiningsdimensjonen knytt til seg? Ein måte å tilnærme seg dette fenomenet på er å granske korleis folk representerer stader som meiningsfulle for kvarandre.

2.3: Representasjonar

Holloway og Hubbard (2001) definerer representasjonar i vid forstand som all form for kommunikasjon som folk bruker til å fortelje kvarandre om omverda med. Dette kan innebere alt frå kommunikasjon gjennom tale, skrift, musikk, film, måleri og andre kunstnariske biletuttrykk, mote, design, arkitektur, media, samt ei rekkje andre uttrykksformer. Måten eg forstår representasjonar på her er at dei ikkje er ein refleksjon av den ”verkelege verda”. Dei er re-presentasjonar som legg vekt på visse sider ved det som skal formidlast, medan dei underkommuniserer andre. Representasjonar er såleis selektive. Sånn sett er representasjonar med på å fortelje oss like mykje om folka som kommuniserer dei, som dei fortel oss noko om det fenomenet som blir representert.

I kvardagen er vi ofte i kontakt med representasjonar ettersom folk stadig vil uttrykke ting om seg sjølve så vel som om andre, om stader og objekt, og om kjensler og erfaringar. Alt som skal uttrykkjast må kommuniserast på ein måte som bringer budskapet fram til mottakaren. Det essensielle i ein representasjon er difor teiknet som formidlar meininga i uttrykket. Innan semiotikken bli eit teikn sett på som noko som formidlar meining. Språk er eit system av teikn som formidlar meining, men også lydar, lukter, fargar og mange andre uttrykk, kan formidle meining. Kvart teikn er tenkt å ha ei spesifikk meining. Nøyaktig kva eit teikn betyr for folk

kan variere alt etter kven som er mottakar av teiknet. Til dømes vil ein tjuverialarm representere tryggleik for ein huseigar, men fare for innbrotstjuven. Forholdet mellom sjølve teiknet og det teiknet står for er altså ikkje gitt. Det er avhengig av konteksten og det aktuelle publikumet. Ein føresetnad for at representasjonar skal bli forstått riktig er at sendar og mottakar deler eit felles fortolkande rammeverk og ein felles måte å sjå verda på. Å vere ein del av eit felles meiningsystem er ein føresetnad for å ta del i desse prosessane, elles vil kommunikasjonen bryte saman. Når folk ”les” eit teikn på omtrent same måte så er det fordi der eksisterer eit fortolkande fellesskap – eit meiningsystem – som gjer det mogleg for folk å tolke teiknet likt. Når vi forstår korleis forholdet mellom teikn, mening og individa som mottar teikna fungerer, kan vi difor forstå noko ved den kulturelle konteksten for menneskeleg åtferd (Fuglestad og Mørkeseth 1997).

Eit påtrengande spørsmål er likevel kvar denne meininga kjem frå, og kva rolle menneska spelar i denne meiningsproduksjonen. Den konstruksjonistiske tilnærminga til representasjonar kastar lys over nokre viktige sider ved desse problemstillingane. Gjennom den konstruksjonistiske måten å forstå representasjonar på kan vi forstå korleis meininga knytt til representasjonane blir skapt. Denne tilnærminga ser på mening som noko som blir skapt i ein kultur, og denne konstruksjonen skjer i forholdet *mellom* ulike menneske. Dette betyr at mening blir produsert *i* kommunikasjon heller enn berre å bli formidla *gjennom* denne. Dermed er (kommuniserte) representasjonar ein del av det som er med på å gi mening og gjere verda fatteleg for oss. Representasjonar er såleis involvert i korleis vi forstår omverda (Holloway og Hubbard 2001).

Det vesentlege i denne oppgåva er korleis representasjonar er med på å forme forståinga vi har av folk og stader. Dette er eit viktig aspekt i forhold til problemstillingane (jf. 1.2) fordi måten vi forstår stader og folk på kan ha innverknad på korleis vi forholder oss til dei. La oss til dømes tenkje på ein park der det samlar seg mange narkomane. Dersom media fokuserer på konflikhtar og kriminalitet knytt til området vil dette ha innverknad på korleis fleire grupper forholder seg til parken. Politiet vil kanskje vere sterkare representert her enn andre stader i byen, politikarar vil kanskje gjere området til ei valkampsak, og folk vil kanskje la vere å bruke parken slik dei bruker andre parkar i byen. Til slutt er det berre dei narkomane og politiet som er å sjå i området. Denne prosessen kan skje uavhengig av om representasjonane av parken som utrygg i utgangspunktet var reelle eller ikkje. Fordi oppførselen vår kan vere styrt av førestillingane vi har fått gjennom representasjonar, får representasjonar som i

utgangspunktet har lite med røyndomen å gjere likevel reelle konsekvensar. Dei formidlar meining på ein måte som gjer at dei blir ein del av eit akseptert syn på det dei representerar. Når folk innan ein kultur forstår eit teikn likt kan vi sjå dette som ei felles ”common sense” forståing av meininga teiknet formidlar. Representasjonane er ein del av ein kompleks kulturell kamp om å få visse syn og meiningar til å bli aksepterte som normale og korrekte. Dette gjer representasjonane aktive og med reelle konsekvensar i samfunnet kring oss (Holloway og Hubbard 2001).

Kva skjer når representasjonar av stader blir forstått ulikt? Igjen er vi inne på spørsmålet som følgjer oss gjennom denne oppgåva, nemleg kva som skjer når folk med ulike meiningssystem møtest og skal samhandle på ein og same stad. Kva skjer dersom asylsøkjarene og flyktningane tolkar Haugesund på ein annan måte enn lokalbefolkninga gjer? I denne samanhengen er det nyttig å tenkje på kven det er som definerer staden si meining, altså kven som definerer korleis dei romlege representasjonane skal bli forstått. Representasjonar kan bli fortolka som konstruksjonar av visse meiningar til staden. Desse meiningane samsvarer ofte med interessene til dei kulturelle gruppene som ønskjer å oppretthalde eit visst type sosialt og kulturelt landskap. Dette inneber at dei som har makt til det kan manipulere og produsere representasjonar slik at meiningane deira blir dominerande (Holloway og Hubbard 2001). I analysen blir det difor relevant å granske kva som er ”common sense” Haugesund, det vil seie kva slags meining ved staden blir tatt-for-gitt, kven sine interesser dette tener og kva eventuelle utslag dette gir i møte med andre kulturelle grupper.

Vi har no sett korleis menneske konstruerer seg stader, og korleis dei produserer og kommuniserer meining om stader gjennom representasjonar. Denne konstruerte meininga ved staden er viktig å forstå fordi ho vil ha direkte innverknad på korleis vi vurderer hendingar som skjer på staden. Meininga til ein stad er med på å definere kva vi ser på som rett og høveleg praksis kvar hen og til kva tid. I denne vurderinga blir normer og verdiar nytta. Spørsmålet er kven sine normer det er snakk om. Dette fører oss over på forholdet mellom normer og rom; normativ geografi.

2.4: Normativ geografi

Når geografien gir seg ut på å granske forholdet mellom normer og rom er dette eit forsøk på å forstå kvifor visse typar praksis er aksepterte nokre stader og ikkje andre. Granskinga av

dette forholdet skjer gjennom vurderingar menneska gjer seg i kvardagen om kva type folk og oppførsel som er høveleg i ulike samanhengar og på ulike stader (Cresswell 1996). Dei normative geografiane kan seiast å vere dei ulike forventningane knytt til handling frå stad til stad. Normative geografiar eksisterer ikkje berre gjennom disiplinerande og ekskluderande maktutøving, men òg gjennom menneska sine eigne romlege praksisar. Forventningane knytt til folk sine romlege praksisar er ofte umedvitne. Bak desse forventningane ligg der nokre moralske kodar om kva som er høveleg åtferd og kva som ikkje er det. På engelsk har denne typen geografi fått termen ”moral geographies”, nettopp fordi den koplår moralske verdiar til rom. Utgangspunktet er at det finst ein dialektikk mellom moral og rom. I dette ligg det at stader både reflekterer og reproducerer ein moralsk orden (Holloway og Hubbard 2001). I denne samanhengen trengst det ei avklaring av kva som ligg i omgrepet ”moralsk orden” og kva det vil seie at denne er knytt til ein stad. ”Moralsk orden” kan vi definere som *”The outcome of the operation of shared moral assumptions concerning right and wrong in human action”* (Johnston et al. 2000: 524). Omgrepet kan granskast nærare gjennom filosofisk teori. Eg vel å ikkje gå inn i filosofien, men går heller den vegen Cresswell gjer i sitt arbeid med normative geografiar. Han bruker omgrepet ideologi når han granskar korleis stader har moralske ordenar knytte til seg (Cresswell 1996).

2.4.1: Ideologi og stad

I denne meir eller mindre umedvitne oppfatninga om kva som er høveleg praksis kvar hen ligg det at romlege strukturar har ein ideologisk dimensjon knytt til seg. Syn på rett og høveleg åtferd er ein viktig del av utvikling og vedlikehald av desse ideologiske verdiane:

”The argument here is that spatial structures and the system of places provide historically contingent but durable ”schemes of perception” that have an ideological dimension. In particular, the place of an act is an active participant in our understanding of what is good, just, and appropriate” (Cresswell 1996: 16).

Persepsjon får dermed eit ideologisk aspekt innbakt i seg. Ein ideologi vil prøve å styre ideane våre om kva som er rett og gale, og han vil prøve å få dette til å virke mest mogeleg naturleg. Kunsten å framstille noko som naturleg er effektiv for å unngå at folk stiller spørsmål ved ideologien. Når ein ideologi er knytt til staden vil meininga til staden bli tatt-for-gitt: *”The meaning of a place is the subject of particular discourses of power, which express themselves as discourses of normality”* (Cresswell 1996: 60). Det som blir definert som normalt og tatt-for-gitt fungerer som effektive ideologiske verkty. Vi snakkar her om å ha makt til å definere

kva som eksisterer og kva som ikkje eksisterer, i tillegg til kva som er bra, rettferdig og høveleg (Cresswell 1996).

Ideologiar legg såleis føringar på korleis vi handlar på gitte stader og til gitte tider. Handlingane våre kan vi sjå som fortolkingar vi gjer av staden. Dersom handlingane står fram som naturlege og sjølvsegte då er dei med på reproducere staden si meining. Døme på slike handlingar kan vere når vi går inn i eit auditorium på førelesing og automatisk slår av lyden på mobiltelefonen. Når vi gjer denne handlinga er det fordi vi har oppfatta konteksten, eller ”lest” staden, på ein slik måte at det einaste riktige å gjere er å slå av lyden på telefonen. I det vi utfører denne handlinga er vi samtidig med på å reproducere basisen for handlinga, nemleg forventninga om at i auditoriet skal mobiltelefonen ha avslått lyd. Dette viser korleis staden (auditoriet) og høvet (førelesinga) har visse normative karakteristika knytte til seg, og korleis desse karakteristika vil ha innverknad på dei sosiale prosessane som føregår på staden. Dei sosiale prosessane er i sin tur med på å reproducere staden si meining (Aase 1994). Slik kan staden si meining bli sagt å representere ein ideologi, fordi denne meininga kjem i ein hegemonisk posisjon der ideane og verdiane ho formidlar blir sett på ikkje berre som ønskjelege, men uunngåelege og naturlege (Holloway og Hubbard 2001). Slik blir tatt-for-gitte landskap skapt, det vil seie landskap der ideologiske verdiar og normer som blir formidla gjennom stader ikkje blir stilt spørsmål ved. Definisjonar av kva som er ”normalt” har blitt inkorporert i kvardagsleg praksis (Cresswell 1996). Slik blir staden ei aktiv kraft i reproduksjon av normer, og i produksjon av ein sosial orden (Holloway og Hubbard 2001).

Dei normative geografiane kan granskast gjennom transgresjon (Cresswell 1996). Omgrepet viser til kryssing av sosiale så vel som geografiske grenser. Nokre praksisar samsvarer ikkje med den etablerte meininga til ein stad og vil dermed ikkje bli sett på som aksepterte i den aktuelle konteksten. Slike handlingar bryt med den oppførselen vi tar for gitt skal finne stad på slike stader. Dei kryssar sosiale grenser for høveleg og ikkje-høveleg åtferd, og representerer såleis ein transgresjon. Desse praksisane kan vi kalle ”out of place”. Dei høyrer ikkje heime der dei blir utførte, og utfordrar difor den etablerte og tatt-for-gitte meininga til staden. Tilsvarande blir praksisar som samsvarer med staden si meining kalla for ”in place”. Dersom vi til dømes går i fjellet og ser store reklameplakatar langs stien så ville vi truleg kategorisere desse som ”out of place”. Reklame høyrer ikkje heime i naturen, det er noko vi tar for gitt. Når vi er i byen, derimot, vil vi knapt registrere reklameplakatane fordi vi tar det for sjølvsgatt at i byen er der reklame. Når vi opplever ein aversjon gjennom synet av

reklameplakatar på fjellet får vi aktivert tankar i oss om kva fjellet eigentleg betyr for oss, og kva meining vi legg i naturen. Gjennom å studere hendingar som utfordrar det vi tidlegare ikkje har stilt spørsmål ved (ein reklamefri natur), vil vi kunne forstå meir av diskursen vi organiserer våre tankar kring tilhøyrsløse etter. Ved å studere fenomen som er ”out of place” vil vi få ei betre forståing av det som er ”in place”. Aukar vi refleksiviteten i forhold til det som er tatt-for-gitt, forstår vi betre kva det vi tar for å vere opplagt faktisk er, og kvifor det er nettopp slik.

På bakgrunn av dette kan vi sjå det fleirkulturelle i Haugesund som sosialt perifert i det tatt-for-gitte ved byen, men som symbolsk sentralt for å forstå den etablerte diskursen i lokalsamfunnet. Dette opnar også for at stader si meining kan bli utfordra gjennom kvardagslege, romlege praksisar. Når folk med ulike meiningssystem møtest på ein stad vil der vere mange ulike praksisar. Spørsmålet er om nokon av desse praksisane er ”out of place” i Haugesund, og hvis dei er det: kva fortel det oss om den moralske ordenen i byen?

Nye spørsmål dukkar stadig opp. Kvifor er det slik at ikkje-høvelege praksisar utfordrar det vi tar for gitt? Kva er den tatt-for-gitte moralske ordenen, eller ideologien, basert på? I denne samanheng blir Douglas (1997) sin teoretisering kring klassifisering av reint og ureint nyttig, samt grensemarkeringane som finn stad mellom dei to kategoriane.

2.4.2: Moralsk orden og grenser

Douglas (1997) sitt arbeid skriv seg inn i ein tradisjon der sosiale system blir definerte som kollektive meiningskategoriar. Kulturell orden er basert på ei differensiering mellom kategoriar, der det som høyrer saman blir sortert og avgrensa frå det som er framandt og høyrer heime andre stader. Denne sorteringa skaper grenser. I følgje Douglas treng alle kulturelle meiningsunivers slike grenser for å oppretthalde meiningsinnhaldet sitt og den kulturelle ordenen. For å forklare kva som høyrer heime innanfor grensene og kva som høyrer heime utanfor nyttast omgrepa reint og ureint. Det reine er det som er avgrensa og urørt av det som er utanfor kategorien. Det ureine er det som kryssar grenser, jamfør Cresswell (1996) sine transgresjonar, og er tvitydig i sin essens. Det ubestemmelege ved det ureine gjer at dette ikkje passar klart inn i mønsteret. Det ureine lagar kluss i kategoriane og må difor eliminerast eller omformast for at kulturen sitt klassifikasjonssystem ikkje skal bli forureina. Det ureine trugar altså den etablerte, kulturelle orden. Det ureine i Douglas sin terminologi tilsvarer ”out of place” omgrepet som vi diskuterte i førre avsnitt. Når det ”ureine” trugar den kulturelle

orden så trugar det også den etablerte og tatt-for-gitte meininga til ein stad. På bakgrunn av dette kan vi seie at vedlikehald av kulturell orden og staden si meining baserer seg på grensemarkeringar mellom det som er innanfor og utanfor. Den kulturelle orden er difor avhengig av ein eksklusjon av det ureine som er "out of place" og ikkje passar inn (Douglas 1997).

Desse teoriane tok utgangspunkt i tradisjonelle, førmoderne samfunn. Mange, inkludert Douglas sjølv, har likevel i ettertid påpeika at desse prosessane er like viktige i vår moderne samfunnsform. Mellom anna Sibley (1995) skriv om korleis dei symbolske konstruksjonane av grenser òg er tilstades i vestlege moderne samfunn. Dette illustrerer han ved å vise til forstader i Storbritannia og Nord Amerika. Her finn det stad grensemarkeringar mellom kva, og ikkje minst kven, som høyrer til i områda og ikkje. Slik blir rom og stad involvert i sosiale eksklusjonsprosessar. Behov for orden, konformitet og sosial homogenitet skapar slike symbolske grensemarkeringar. Likevel;

"...the greater the search for conformity, the greater the search for deviance; for without deviance, there is no self-consciousness of conformity and vice-versa" (Davis sitert av Sibley 1995: 39).

I dette ligg det at utan avvik klarer vi ikkje å definere det normale. Vissheita om at noko er "in place" er avhengig av vissheita om at noko anna er "out of place": *"There could be no moral geography without an immoral geography"* (Cresswell 1996: 149). Å orientere seg i verda gjennom slike binære opposisjonar (normalt – unormalt, svart – kvitt, "in place" – "out of place") pregar òg måten vi definerer oss sjølve i forhold til andre på. Dette fører oss over på forholdet mellom Oss og dei Andre.

2.5: Oss og dei Andre

Gjennom å vere berarar av ulike normative karakteristika blir stader også produsentar av ulikskap. Denne ulikskapen går mellom dei som er innanfor og utanfor grensa for den normative geografien. Stader si meining har dermed innverknad på handlingane våre, samtidig som dette òg påverkar korleis vi ser på folk som bur eller er frå desse stadane. Dei symbolske grensene skil Oss innanfor frå dei Andre utanfor.

I byrjinga av dette kapittelet såg vi at "a sense of place" omgrepet tydeleggjorde bandet mellom mennesket og staden (jf. 2.1). Dette bandet viste til at måten vi knyter oss til stader på heng saman med kor vidt vi kjenner oss komfortable med, og identifiserer oss med, den meininga og dei representasjonane staden har knytt til seg. Slik blir stader ein del av defineringa av kven vi er og kvar vi høyrer heime, altså kvar vi er "in place". Denne defineringa beror på ei forvissing om at der finst noko anna som er "out of place". Det som er "out of place" blir representert som det vi *ikkje* er, altså som dei Andre. Å definere det utanfor som det Andre er eit uttrykk for korleis Vi'et ser seg sjølv. Når vi definerer noko i opposisjon til det vi sjølv ikkje er, ser vi ikkje den Andre i sine eigne termar. I staden ser vi den Andre i relasjon til korleis vi ønskjer å definere vår eigen identitet (Rose 1995). Dei Andre blir gjort til representantar for det vi ønskjer å sjå oss sjølv i motsetnad til.

Denne gruppeidentiteten "vår" blir altså sett i kontrast til andre grupper sin identitet. Forskjellar mellom dei kulturelle gruppene blir sett i fokus på kostnad av ulikskapar inne i den kulturelle gruppa. Slik står ei gruppe sin kultur fram som ein avgrensa, homogen og statisk storleik (Gressgård 2002). Kulturelle ulikskapar aukar fellesskapskjensla inne i gruppa, blant Oss, samtidig som dei gjer skiljet frå andre kulturelle grupper, dei Andre, klarare. Det skjer ei overkommunisering av likskapar og ei underkommunisering av ulikskapar innan gruppa. Konstruksjonen av kategoriane Oss og dei Andre inneber difor ei stereotypisering av det mangfaldet av menneske som kategoriane freistar å omfatte. I denne todelinga mellom Oss og dei Andre kan vi seie at der skjer ei homogenisering av Oss, som beståande av folk som høyrer til den same kulturen, samt ei homogenisering av dei Andre, som beståande av ei homogen masse ulik frå Oss (Gressgård 2002).

Kort oppsummert kan vi seie at saman med kategoriar for tilhøyrse følger kategoriar for eksklusjon. Normative geografiar teiknar symbolske grenser mellom det som er "in place" og det som er "out of place". Slik kan den kulturelle orden og staden si meining produserast og reproduserast. Spørsmålet vidare blir korleis møtet mellom Oss og dei Andre fungerer. Vil ulike måtar å tolke og hanskast med ein stad på ha innverknad på staden si meining? Vil staden si meining i sin tur ha innverknad på korleis møtet mellom lokalbefolkninga (Oss) og asylsøklarar og flyktningar (dei Andre) tar form? Det som blir viktig å granske i denne samanhengen er om det lokalbefolkninga tar for gitt ved byen sin, det dei ser som "in place", blir utfordra av asylsøklarane og flyktningane. På bakgrunn av den teoretiske diskusjonen som har blitt ført så langt i dette kapittelet kan det fleirkulturelle prosjektet virke komplisert.

Band mellom menneske og stader, grensedragingar kring stader sin moralske orden, samt kategoriane Oss og dei Andre kan gi oss eit inntrykk av at stader er homogene og statiske. Med det fleirkulturelle som empirisk utgangspunkt kan det vere nyttig å sjå nærare på nokre omgrep som opnar for mangfald og endring på stader. Massey (1994) sitt omgrep ”progressive sense of place” og Cresswell (1996) sitt ”contested terrain” opnar for ein slik diskusjon.

2.6: Stader i endring

Massey (1994) rettar kritikk mot delar av den humanistiske geografien som ho meiner konstruerer statiske og gitte stadidentitetar. Denne retninga innan faget var inspirert av Heidegger sitt arbeid som fokuserte på eit personleg og kjenslelada forhold mellom menneske og stader, der å høyre til og å ha røter på stader vart gjort til eit viktig menneskeleg behov. Teoretiseringa av tilhøyrse til stader vart på denne måten gjort til eit eksistensielt spørsmål (Peet 1998). I følgje Massey kan resultatet av slike teoretiseringar av stader bli ”senses of place” som er reaksjonære og innovervende, det vil seie at dei baserer seg på tradisjonar og arv. Dette gir inntrykk av at stader har ein eigen autentisk identitet, og at dei er lukka frå omverda. Ein konsekvens av ei slik forståing av stader kan vere ekskluderande syn på dei Andre. Massey avviser at stader har grenser kring seg som skil dei frå andre stader. Stader bør heller forståast som konstituert av dei sosiale relasjonane som finn stad der. Desse relasjonane bind folk og stader saman med andre folk og andre stader. Dette skaper utovervende stader som inkluderer banda til den større verda og integrerer det globale i det lokale. Ein slik måte å tenkje om stader på kallar Massey for ”progressive sense of place”. I dette omgrepet ligg det at stader ikkje er statiske, dei har ikkje grenser kring seg som skil dei frå omverda. På denne måten kan stader forståast som deltakarar i kontinuerlege og endrande prosessar, noko som gjer at dei aldri kan vere statiske og lukka (Massey 1994).

Cresswell (1996) nyttar omgrepet ”contested terrain” for å vise korleis kulturar ikkje er statiske og gitte, men endrar seg heile tida. Han meiner at det som blir sett som å vere det dominerande, korrekte meiningssystemet til ein stad utgjer eit hegemonisk landskap. Dette er eit landskap med eit sett av strukturerande markørar, eller representasjonar, det er semje om. Desse er ikkje tvinga på folk, men er under stadig testing og forhandling. Kva som skal bli sett på som rett og høveleg åtfærd på ulike stader blir definert gjennom slike forhandlingar. På grunn av den vedvarande forhandlinga mellom dominerande og underordna kulturelle

grupper, mellom Oss og dei Andre, så vil staden og staden si meining bli utfordra og endra (Cresswell 1996). Eg forstår difor metaforen ”contested terrain” som ein dynamisk kultur på ein open stad. Her vil meininga til staden, og forventningane til rett og høveleg åtferd på han, stadig vere under forhandling og endring. Det interessante blir å utforske om Haugesund, eller delar av Haugesund, kan sjåast som ”contested terrain”, og i så fall korleis forhandlingane mellom lokalbefolkninga og innvandarane om staden si meining tar form.

Internasjonal migrasjon gjer det tydeleg for oss at stader *er* opne. Dette viser seg gjennom globalisering av kultur, og gjennom det at folk med same meiningssystem bur spreitt over heile verda. Dersom vi skal teoretisere stader som lukka i ei tid prega av globalisering vil stader miste sin signifikans. Dette gjer at vi heller bør teoretisere stadsomgrepet som eit kontekstuellt og diskutabelt omgrep (Hidle 2001). Studieområdet for oppgåva er i seg sjølv eit døme på at stader er opne. Hadde ikkje Haugesund vore ein open stad hadde heller ikkje det fleirkulturelle innslaget vore til stades i byen. Men poenget for analysen er å finne ut om lokalbefolkninga sjølve ser på staden som open, og om det fleirkulturelle er ein del av det som utgjer staden si meining. At stader kan teoretiserast som opne er ei sak, men om stader står fram som opne og heterogene i folk sine medvit er ei anna sak. Dette er noko av det som analysen freistar å vinne innsikt i.

2.7: Oppsummering

Målet med dette kapitlet har vore å greie ut om korleis vi kan forstå relasjonen mellom menneska og staden, samt relasjonen mellom Oss og dei Andre. Vi har sett korleis folk koplar seg til stader på ulike måtar og etter ulike formål, noko som fører til at stader kan bli erfart tilsvarende mangfaldig og ulikt. Stader kan ha mange kontrasterande sett av meiningar, samtidig som der vil vere noko intersubjektivt i korleis staden si meining blir oppfatta. Gjennom å sjå nærare på representasjonar av stader kan vi forstå kva som utgjer ein stad si tatt-for-gitte meining. Vidare har vi sett at gjennom å granske normative geografiar kan vi avdekke ideologiske dimensjonar stader har knytte til seg. Ideologien til ein stad gjer at meininga til staden blir framstilt som naturleg og sjølvsgd. Desse tatt-for-gitte aspekta ved stader beror på ein kulturell og moralsk orden. Denne ordenen er avhengig av grensdragning mellom praksisar som er ”in place” frå praksisar som er ”out of place”. Langs grensene mellom det som er innanfor og utanfor følgjer det ein viss måte å sjå på folk. På denne måten kan stader vere skaparar av ulikskap, og denne ulikskapen går på forholdet mellom Oss innanfor og dei Andre utanfor. Diskusjonen vart runda av med ein kritikk av teoretiseringar av

stader som lukka. Vi enda med å sjå korleis stader kan teoretiserast som opne og at staden si meining er noko det kan forhandlast om. No gjenstår det å sjå korleis lokalbefolkninga i Haugesund skildrar heimstaden sin, og korleis dei opplever møtet med asylsøkjjarar og flyktingar. Gjennom dette kapitlet har vi fått teoretiske verkty som skal hjelpe oss gjennom analysen. Det vi treng no er eit fokus på den metodiske tilnærminga arbeidet baserer seg på.

Kapittel 3:

Metode

Den eigentlege tydinga av ordet ”metode” er *vegen til målet* (Kvale 1997). For å finne denne vegen er det nødvendig å vite kva målet er. I dei to førre kapitla har eg difor skrive om målet med studien, og eg har presentert problemstillingar som skal hjelpe meg å halde fokus i leitinga etter innsikta eg søkjer. Når målet no er gjort kjent vil eg i dette kapitlet vri fokuset over på *korleis* eg kan finne denne vegen til målet.

Kapitlet startar med å vise korleis problemstillingane og teorigrunnlaget legg til rette for ein kvalitativt orientert metode. Vidare vil eg reflektere over nokre kvalitetar ved denne metoden, der eg set spesielt fokus på korleis metoden fordrar ei samhandling mellom forskar og felt under dataproduksjonen. Slik samhandling involverer forskaren både i sjølve dataproduksjonen og i moralsk forstand. Eg legg difor vekt på dei etiske refleksjonane eg har til det å gjere ein slik type studium. Vidare vil eg greie ut om korleis eg gjekk fram i felten, korleis eg fann informantar og korleis eg opplevde intervju situasjonen. Eg kjem deretter inn på dei analytiske verktya som vil bli nytta i tolkingsarbeidet. Kapitlet blir avslutta med ei kort utgreiing om korleis analysen vil bli bygd opp.

3.1: Kvalitativ metode

Problemstillingane i denne oppgåva styrer oppfatninga av kva som skal undersøkjast. Dei gir òg eit grunnlag for korleis, altså kva slags metode, eg skal bruke til å produsere data og analysere innhaldet i materialet. Oppgåva freistar å vinne innsikt i folk sine kjensle knytt til heimstaden og til folka der. Vidare stiller eg spørsmålet om stadkjenslene kan virke inn på korleis lokalbefolkninga forholder seg til asylsøkjjarane og flyktningane som har kome til lokalsamfunnet. Den teoretiske tilnærminga ser difor på kva rolle stader spelar i menneska sine livsverder, og korleis stader kan ha innverknad på korleis menneska erfarer fenomen i omverda. Dette inneber at eg må prøve så langt som råd å sjå staden frå perspektiva til informantane som bur der. Eg må prøve å forstå korleis dei erfarer, tolkar, finn mening i og forstår omgjevnadane dei lever i. Folk sine haldningar og verdier er ikkje er noko vi berre kan gå ut i felten og spørje oss fram til. Det handlar om å ”få taket” på noko som ligg bak den sosiale organiseringa. Kva tankar og meiningar har informantane om byen sin, og om det at

byen er vertskap for asylsøkjare og flyktningar? Korleis og kvifor blir desse tankane og haldningane til? Slike spørsmål krev at eg går inn i enkeltmenneska sine eigne perspektiv. Det er denne forståinga for sosiale fenomen sitt vesen og opphav som er målet for den kvalitative forskinga. Gjennom den kvalitativt orienterte metoden kan eg forstå meiningsdimensjonen i det som informantane fortel meg.

I teoridelen såg vi korleis stader blir forhandla om (jf. 2.6) og har ulik mening for ulike folk og til ulike tider (jf. 2.2). I menneska sine liv er ikkje stader statiske, men i endring. Omverda blir såleis noko konstruert og prosessuelt. Vidare handlar denne studien om eit samspel. Samspelet ligg i relasjonen mellom ei lokalbefolkning og staden, samt relasjonen mellom Oss og dei Andre. Det er desse relasjonane informantane seg i mellom, mellom informantane og staden, og mellom informantane og asylsøkjarene og flyktningane studien freistar å gripe fatt i. Dette relasjonelle fokuset, samt det prosessuelle, er særigne karakteristika for den kvalitativt orienterte studien av sosiale fenomen (Fossåskaret 1997). Det er såleis ein kvalitativt orientert metode som er vegen til målet i denne oppgåva.

3.1.1: Samhandling mellom forskar og felt

Det samhandlande perspektivet som ligg til grunn i den kvalitativt orienterte forskinga inneber ikkje berre at informantane stadig er i ei lang rekkje av ulike relasjonar, men òg at dei er i relasjon med forskaren. Det er i denne interaksjonen mellom forskar og felt at data til forskinga blir til. Med dette følgjer det at data ikkje er noko som ligg ute i felten klart til hausting, men at data er noko som skapast gjennom ein samhandlane og fortolkande prosess. Data skapast gjennom interaksjonen mellom intervjuar og informant, noko som gjer at datamaterialet blir kontekstsensitivt og avhengig av interaksjonen mellom forskar og felt. Det er difor nødvendig at forskaren viser refleksivitet gjennom alle fasane i ein slik type studie.

Felten vil for dei fleste til tider framstå som kaotisk og uoversiktleg, og feltarbeidaren er nøydd til å strukturere inntrykk og observasjonar til forståeleg og meiningsfylt materiale. Forskaren gir feltobservasjonane mening gjennom å kople dei til omgrep. Eit datum er ein omgrepsfesta observasjon, og dermed blir data produsert i det vi grip om ei hending med eit omgrep (Aase 1997a). Å feste observasjonar til omgrep er å rydde opp i det kaotiske biletet eit feltarbeid kan gi og gjere det om til noko meir forståeleg. Måtane vi ryddar opp på for å finne fram til dette overblikket vil alltid bere eit personleg preg (Denzin 1994).

Det finst sjeldan fasitsvar på korleis denne prosessen skal gå føre seg, og gjennom heile arbeidet må forskaren gjere val for å orientere seg i materialet. Avgjersler som blir gjort undervegs kan gå på kva som skal studerast, kva skal inkluderast og kva skal ikkje, og korleis det heile skal presenterast. Når desse vala blir gjort av forskaren, vil dette ha innverknad på forståinga av dei sosiale fenomena som blir studert. Denne forståinga må dermed relaterast til forskaren så vel som til felten. Objektive tolkingar er dermed ikkje noko mål for den kvalitativt orienterte forskinga. Den heterogene og kontekstualiserte kunnskapen er målet for kvalitativt orientert forskning heller enn objektiv, generaliserbar kunnskap (Kvale 1997). Eg freistar ikkje å seie noko sikkert og allmenngyldig om folk generelt sitt forhold til heimstad og til innvandring. Det ville vere eit naivt og urealistisk prosjekt. Fenomenet eg forskar på ønskjer eg heller å forstå i sitt mangfald av nyansar og i sin kontekst. Eg leitar ikkje etter ei sanning. Eg ser etter mange subjektive sanningar som byggjer på ulike individ sine historier og referanserammer. I tillegg er eg på jakt etter ein mogleg intersubjektivitet i den lokale konteksten.

I dei kvardagslege samhandlingane mellom folk skjer der ein stadig kunnskapsproduksjon gjennom at folk snakkar saman, stiller spørsmål og får svar. Det er denne kvardagslege kunnskapen forskaren prøver å vinne innsikt i. Når ho lukkast i dette får denne kunnskapen den faglege termen *data*. For aktørane har samhandlinga i kvardagslivet ein funksjon som eit middel som tener relasjonane mellom dei. Når menneske samhandlar så gjer dei dette i all hovudsak fordi samhandlinga tener interessene deira gjensidig. Denne gjensidigheita blir broten i samhandlinga mellom informanten og forskaren. Forskaren går inn i samhandlinga for å skaffe seg dei nødvendige observasjonane ho treng i dataproduksjonen. For forskaren er data sjølv *målet*, ikkje eit *middel* slik som det er for informantane. Forskaren handlar etter sine egne individuelle mål i interaksjonen, medan aktørane handlar etter ordinære samhandlingsreglar og har sine relasjonelle mål (Fossåskaret 1997). Dette perspektivet involverer meg ikkje minst i ein moralsk forstand, noko eg i neste avsnitt forklarar korleis.

3.1.2: Etiske refleksjonar

Det vekkjer ei uro å skulle skrive om andre menneske sine haldningar, spesielt når temaet handlar om noko så sensitivt som forholdet mellom Oss og dei Andre. Å spørje folk om deira kvardagsliv, sosiale nettverk, forhold til heimstad og syn på innvandring fører med seg ei frykt for å bli mistenkeleggjort som ein som kjem og vil avdekke ”grums” for så å stemple informantane som rasistar. Å be folk opne seg for ein framand person, for så å gi historiene

dei fortel faglege termar som dei kanskje ikkje kjenner seg igjen i, og heller ikkje er samde i, har for meg ein bismak. Korleis kan eg skrive om framandfrykt utan å stigmatisere informantene? *Bør* eg kunne skrive om framandfrykt utan å la eit (mitt) moralsk standpunkt vere tydeleg i teksten? Korleis skal eg handtere at informantar kanskje ikkje er einige i det eg kjem fram til gjennom analysen?

I samfunnsvitskapleg arbeid er forskaren ute etter noko meir enn det biletet informantane teiknar av sine sosiale organiseringar, nemleg førestillingar og verdiar som ligg bak den sosiale manifestasjonen. Førestillingar og verdiar er ikkje noko vi berre kan gå ut i felten og spørje oss fram til. Somme uttalte verdiar er ikkje verksame, og somme verksame verdiar og førestillingar er uuttalte (Fossåskaret 1997). Det er gjennom analysen forskaren kan setje ord på det uuttalte, og i det dette blir gjort har vi ingen garanti for at informantane lenger kjenner seg igjen i det vi skriv. Fossåskaret seier at *"I kvardagslivet har vi bruk for å prute på sanninga, ikkje å presisere den"* (Fossåskaret 1997: 259). Korleis opplevast det då for ein informant å sjå haldningane sine sett i ein samanheng han ikkje kjenner seg igjen i? Dette dilemmaet kokar ned til å handle om dilemmaet som Fossåskaret skildrar nedanfor:

"Forskingsetikk stiller krav om lojalitet mot informantar og det sosiale systemet som blir observert. Men forskaren står òg i eit etisk imperativ som krev lojalitet mot faget. Ideelt sett kan ikkje forskaren prute på faglege krav fordi han ønskjer å ha det greitt med dei han samhandlar med som observatør eller deltakande observatør. Forskaren må i somme høve manøvrere mellom krav som er motstridande" (Fossåskaret 1997: 263).

Sjølv om forskaren har ei audmjuk haldning til informantane kan ho ikkje krevje at informantane skal ha ei like audmjuk haldning til forskaren sin analyse. For forskaren er det nødvendig med ein distanse til felten for å kunne fullføre ein god analyse. Informantane kan vanskeleg ha same distansen til forskaren sin analyse, ettersom analysen handlar om dei sjølve. Spørsmålet blir med andre ord kven som har retten til biletet analysen teiknar av studiefeltet. Har forskaren eller informantane siste ord? Ein måte å handtere dette dilemmaet på er å tenkje at den reine empirien har informantane sjølve retten til, og denne må framstillast sånn at informantane kjenner seg fortrulege med det som blir fortalt. Når det gjeld det analytiske arbeidet er det forskaren som har råderett over dette. Likevel gjer ikkje dette det noko enklare for dei som har blitt intervjuva å akseptere at forskaren har gjort deira eigne kjente historier og refleksjonar om til noko fjernt og ukjent. Det er difor viktig for forskaren å

vere medviten til dette dilemmaet, og informere om eventuelle innvendingar informantane måtte ha mot analysen i rapportane sine (Fossåskaret 1997).

Så lenge forskaren har ei medviten haldning til utfordringane eg har peika på ovanfor er ikkje desse utfordringane uoverkomelege. Sjølv om målet med denne typen studium ikkje er objektiv kunnskap er det alltid eit mål i seg sjølv å unngå den motsette posisjonen; den subjektive relativismen. Det vil seie ein posisjon der alt kan bety alt (Kvale 1997). Sjølv om vi ikkje snakkar om objektive sanningar i kvalitativt orientert forskning, men om subjektive og kontekstuelle sanningar, er det likevel viktig for forskaren å få fram viktigheita og relevansen i slik type kunnskap. Det blir difor viktig at studien blir oppfatta som truverdig. Ein måte å få forskinga truverdig på er å vere open og eksplisitt om korleis arbeidet har blitt utført undervegs, kva val som har blitt gjort og kvifor. Gjennom å gjere arbeidet sitt så gjennomsiktleg som mogleg kan forskaren stille funna sine til disposisjon for kvalitetssjekk av andre. Eg vil difor greie ut om korleis eg gjekk fram for å finne informantar, om den praktiske gjennomføringa av intervjuet, samt om sjølve intervjuarsituasjonen. Vidare vil eg diskutere verktøyet eg vil nytte i arbeidet med å analysere materialet.

3.2: Produksjon av datamateriale

I intervjusituasjonen fekk eg kjapt erfare at data ikkje berre ligg og ventar på å bli samla inn av meg. Det var i stor grad min eigen innsats som var avgjerande for kor vidt eg fekk tilgang på data eller ikkje, noko som vart spesielt tydeleg når jakta på informantar var i gang. Det er lett i ettertid å sjå kva som burde vore gjort annleis. Dei første informantane eg kontakta presenterte eg prosjektet mitt til på ein måte som sette fokus på busetjing av asylsøkjjarar og flyktingar meir enn på det lokale miljøet. Det klassiske svaret eg fekk var: *"Eg synst det er for mange av dei her no, men nei dette vil eg ikkje legge meg bort i"*. Slik forstod eg at folk ikkje ville bli intervjuet fordi dei var redde for å framstå som framandfiendtlege. Eg fekk såleis merke problemet med å studere eit sensitivt tema, og eg bekymra meg for om nokon i det heile tatt kom til å stille opp, og ikkje minst om dei ville prate ærleg om temaet.

Denne frustrasjonen tvinga meg til å tenkje grundig gjennom mi eiga framtoning i felten, og om det var noko eg burde gjere annleis når eg tilnærma meg informantane og presenterte prosjektet mitt. Etterkvart skjønnte eg det var nødvendig å leggje meir vekt på byen og det lokale. Eg måtte framheve betre at eg ikkje berre var interessert i innvandring til Haugesund.

Kanskje vel så mykje var eg interessert i sjølve byen, kvardagslivet der, og korleis informantane opplevde nærmiljøet sitt. Dette var nok eit strategisk trekk ettersom folk vart meir interesserte i å bli intervjuet når dei òg fekk prate om byen sin og folka der. Slik vart det lettare for dei å kome inn på temaet som gjekk på innvandring seinare i intervjuet. Nokre var framleis skeptiske og ville ikkje stille opp, men etter at eg omformulerte presentasjonen min vart det færre av dei. Når det er sagt er jo folk sitt forhold til staden noko som problemstillingane eksplisitt spør om. Dette skiftet av fokus var nødvendig av faglege så vel som praktiske grunnar. I tillegg var eg tydeleg på at eg oppriktig ønskte å forstå korleis informantane opplevde situasjonen. Eg la difor ned energi på å ikkje framstå som dømande eller skeptisk til det informantane hadde på hjartet. Eg ønskte ikkje å ”ta side”, men var nøydd til å ufarleggjere meg sjølv på denne måten for å få tilgang til erfaringane og meiningane deira. Det viste seg at mange hadde lenge hatt ei kjensle av å ikkje kunne meine noko om innvandring utan å bli stempla som rasistar, og var difor glade for å få snakke med nokon som lytta heller enn ”avhøyrde” dei om temaet. Denne vendinga i måten eg tilnærma meg informantar på var nødvendig for å få den informasjonen eg trengte. Min oppførsel og mine grep, i samspel med felten, gav faktiske utslag i dataproduksjonen.

Feltarbeid i eigen kultur

Å gjere feltarbeid i ein norsk by på Vestlandet har både fordelar og ulemper knytt til seg. Det er ein fordel at byen ligg lageleg til i praktisk forstand. Felles språk er òg ein opplagt fordel. Det som likevel er utfordrande er den tatt-for-gitte kunnskapen som finst blant menneske som lever i ein og same kultur. Det er mange aspekt ved tilværet informantane og eg har felles. Gjennom å vere i same kultur har vi mellom anna dei same kategoriane tilgjengeleg for strukturering av erfaring (jf. 1.1.1). Problemet med denne felleskunnskapen er at vi ikkje tenkjer medvitent over den, og at vi let den stort sett vere uuttalt. Sjølv om vi har dei same kategoriane er det ikkje sikkert at vi alltid nyttar desse på same måte (jf. 3.3.1). Difor er det viktig å også spørje om ting vi i utgangspunktet synest er for opplagt til å spørje om (Wadel 1991). Dette opplevde eg som ein balansegang mellom på den eine sida å ikkje ta ting for gitt, og på den andre sida ikkje irritere informantane med spørsmål som for dei kanskje virka banale og ikkje verdt å bruke tid på. Feltarbeid i eigen kultur krev tolmod frå informantane så vel som frå forskaren.

3.2.1: Utval av informantar

Dei som har blitt intervjuet kan delast inn i to grupper. Den eine gruppa er folk som representerer dei viktigaste instansane når det gjeld planlegging og drift av alt som har med asyl- og flyktningpolitikk å gjere. Denne gruppa omtalast som praktikarar. Den andre gruppa består av ”mannen i gata”, altså innbyggjarar i Haugesund. Desse blir kalla informantar.

Praktikarar

Feltarbeidet byrja med intervjuing av nokre sentrale praktikarar for å få eit overblikk over emnet generelt og betre kunnskap om konteksten spesielt. Eg starta med dei mest opplagte aktørane som Utlendingsdirektoratet (UDI), mottaksleiar, driftsoperatør og flyktningkonsulent. For kvart intervju høyrde eg om andre aktørar som på ein eller anna måte var relevante for tematikken. Slik vart eg tipsa om viktige praktikarar som hadde større breidde i arbeidet sitt enn dei mest opplagte aktørane som vart nemnt ovanfor. Folk som arbeider med aktivitetssenter, fotballklubb, og lærarar er døme på slike praktikarar. Dette gav meg innsikt i meir enn berre dei formelle sidene ved temaet. Etter 16 slike intervju kjente eg til dei aller fleste historiene, episodane og folka som vart omtalt i intervjuet, og synest dermed eg hadde nådd eit mettingspunkt på denne type intervju. 16 intervju med praktikarar er mange for denne studien, spesielt sidan det først og fremst er den andre gruppa av informantar problemstillingane spør om. Gjennom praktikarane oppnådde eg likevel ein sterk auke i eigen kunnskap om temaet, og spesielt kunnskapen om den lokale situasjonen. Denne kom til nytte i intervjuet med dei andre informantane, ettersom eg då kunne spørje meir direkte om lokale hendingar.

Informantar

Den andre gruppa eg intervjuet var representantar frå lokalbefolkninga i Haugesund. Totalt vart det gjort 26 slike informantintervju. Dette er ei vid gruppe menneske, og eg meiner det er få kriterier som gjer nokon meir relevante enn andre. Så lenge dei er busette i kommunen så forholder dei seg til byen og miljøet på ein eller annan måte. Dei vil òg forholde seg til asylsøklarane og flyktningane som bur i kommunen. Og om dei ikkje har eit medvite forhold til temaet så er også det verdifull informasjon for meg. Med eit så breitt utgangspunkt kan det likevel vere vanskeleg å vite kvar ein skal starte. Det kan tenkjast at ulike aldersgrupper og yrkesgrupper har ulike ting som opptar dei og ulike erfaringar som skaper forskjellige perspektiv på tematikken. Undervegs hadde eg difor i tankane at eg ville ha ei nokolunde jamn fordeling mellom kjønna, i tillegg til det ønskte eg dei fleste aldersgruppene frå 15 års

alderen til pensjonistalder representerte. Vidare ønskte eg variasjon i yrke, og både tilflyttarar og innfødde i Haugesund. Ei slik spreing i alder, kjønn og yrke lukkast eg med å finne ettersom fordelinga mellom kjønna vart lik, ulike yrker er representert, og informantane strekkjer seg frå 16 år og opp til 75. Majoriteten av informantane er likevel mellom 30 og 60 år. Informantane består også av både folk som er tilflyttarar og folk som er født og oppvokse i byen.

Dei første eg kom i kontakt med fann eg gjennom vanlege sosialiseringarenaer som trening og kafé, samt gjennom sosialt samvær med nokre gamle kjente. Då eg hadde vridd fokuset over på meir lokalt kvardagsliv vart velforeiningar ein naturleg stad å gå vidare. Eg fekk ei liste over alle velforeiningane i byen med namn på kontaktpersonar for kvar av dei. Ettersom asylsøklarane var busette i sentrumsnære område var eg spesielt interessert i dei velforeiningane som var lokalisert i tilnærma dei same områda. Gjennom velforeiningane fekk eg intervjuer folk som var engasjerte i nærmiljøet, noko som kanskje ikkje er representativt for resten av befolkninga. Representativitet er heller ikkje målet med denne studien. Det som var viktig for meg var å finne informantar med tankar og meiningar om problemstillingane eg tok opp, og som var villege til å snakke med meg om dette. Informantane eg fekk tak i gjennom velforeiningar oppfylte desse ønskja. På slutten av kvart intervju spurde eg informanten om han eller ho visste om andre dei trudde kunne tenkje seg å bli intervjuet. Som oftast fekk eg eit nytt namn eller to. Eg nytta meg såleis av snøballstrategien, men var medviten på å avbryte rekkja etter tredje informant for å unngå å intervjuer for mange av eitt type sosialt fellesskap.

Eg ønskte òg kontaktar utanom velforeiningane. Også i denne jakta gjekk eg etter folk som eg forventa ville ha meiningar om temaet. Ein arena der eg kunne finne slike informantar var Internasjonal Kafé. Denne var driven av ein kyrkjelyd, og fungerte som møteplass for nordmenn og innvandrarar. Eg møtte opp og prata med representantar frå Vaksenopplæringa, frå kyrkjelyden, asylsøklarane og flyktningane, og dei få nordmennene som av og til kom innom. Det var den sistnemnte gruppa eg var interessert i å intervjuer. Informantane eg møtte der var sjølvsagt strategisk valde, ettersom dei aktivt støtta eit fleirkulturelt fellesskap gjennom å gå på denne kafeen. Likeins fann eg strategisk fram til informantar som representerte andre haldningar, altså folk som var skeptiske til at byen skulle vere vertskommune for asylmottak og flyktningar. Eg vart mellom anna tipsa om folk som hadde

utmerka seg i den lokale debatten gjennom lokalpolitikk og i media. Utvalet av informantar er altså strategisk. På den måten fann eg fram til folk med så ulike syn på temaet som mogleg.

3.2.2: Anonymisering

Praktikarane blir omtalte i kraft av stillingane sine. Det vil seie at det blir referert til yrkestittelen til personen, ikkje personnamnet. I dei tilfella der institusjonen personen representerer kan anonymiserast blir dette gjort for å unngå ei kopling mellom privatpersonar og yrkestittel. Til dømes om eg intervjuar ein lærar som har kontakt med innvandrarbarn gjennom jobben sin blir ikkje namnet på skulen oppgitt. Dette kan gjerast fordi namnet på skulen ikkje er relevant i denne samanhengen. I andre høve er det ikkje mogleg å unngå å fortelje om stillinga til personen, som for eksempel når flyktningskonsulenten blir sitert. Denne stillinga er for relevant i forhold til temaet til at den kan anonymiserast. Uansett vil praktikarane uttale seg i kraft av jobben sin, og ikkje sine private meiningar.

Informantane har alle fått dekknamn. Dette er fordi det ikkje skal vere mogleg å kople sitat til enkeltpersonar. Informantane vart lovd anonymitet fordi eg var interessert i personlege erfaringar og ærlege meiningar, noko som hadde vore vanskelegare å få dersom informantane måtte stå fram med fullt namn. I somme høve har detaljar som er irrelevante for innhaldet i sitatet blitt endra dersom dette kunne identifisere personen i lokalsamfunnet.

3.2.3: Intervju

Det kvalitative intervjuet gir ein særeigen tilgang til informantane si verd, og til ei forståing av det syn på omverda som dannar grunnlaget for handlingane deira. At data blir produsert gjennom ein interaksjon gjer det nødvendig med eksplisitte refleksjonar om korleis dette kan ha påverka materialet.

For det første hadde eg visse emne eg var spesielt interessert i å få samtalen inn på under intervjuet. Sjølv om intervjuinga var av ein ustrukturert karakter var det likevel ikkje tilfeldig kva tid eg stilte oppfølgingsspørsmål og ikkje. Oppfølgingsspørsmåla vart stilte ut i frå det eg, med min akademiske ballast og mitt vitskapsteoretisk utgangspunkt, meinte var mest relevant for studien. Ein psykologistudent ville kanskje ha spurt andre spørsmål, til og med ein annan geografistudent kunne ha valt å leggje vekt på andre aspekt enn eg gjorde.

For det andre er intervjusituasjonen avhengig av to menneske. I det eg presenterer meg sjølv som feltarbeidar vil truleg informantane kategorisere meg som det Mead kallar ein ”relevant andre” (Mead 1934). Det vil seie at så lenge eg tek del i den sosiale og kommunikative aktiviteten som det er å utføre eit intervju, så kan informantane reflektere over mi framtoning og prøve å føresjå min respons på utspela deira. Dei kan altså respondere på ein måte dei trur eg ønskjer at dei skal. Eg blir ein dei må førehalde seg til, og kanskje har dei nokre oppfatningar av kva eg meiner er korrekte svar på spørsmåla. Kanskje tilpassar dei svara sine etter det dei trur eg vil høyre, spesielt sidan dette temaet i utgangspunktet kan vere vanskeleg å vere ærleg om. Empirien inneheld likevel eit vidt spekter av meiningar og haldningar. Ein viktig grunn til at folk òg har uttalt sin skepsis til innvandring kan ha med det å gjere at eg var opptatt av å høyre akkurat kva informanten hadde på hjartet. I tillegg gjorde eg også mitt yttarste for å ikkje vere normativ i samtalen.

Eg brukte ein spørjeguide med nokre basisspørsmål som eg tilpassa til kvar av praktikarane, alt etter kva instans dei jobba i. Under desse intervjuar brukte eg bandopptakar. For min eigen del var det gunstig ettersom intervjuar inneheldt mykje detaljert informasjon om reglar og prosedyrar, noko som ville vere vanskeleg å vite i ettertid om eg hadde fått med meg hundre prosent korrekt utan bandopptakar. Ingen av praktikarane uttrykte noko misnøye med at eg tok samtalen opp på band. Dei uttalte seg først og fremst i kraft av stilling og fagkunnskap, ikkje sine personlege meiningar og haldningar. Dette gjer det truleg enklare for dei som blir intervjuar å bli tatt opp på band.

Når eg intervjuar informantane hadde eg ein spørjeguide som eg tok utgangspunkt i (sjå vedlegg). Eg var likevel open for at samtalen kunne gå den retninga informanten ville. Eg var opptatt av at informanten i størst mogleg grad skulle prate om ting som var viktig for han eller henne. Likevel var det visse ting eg greip meir fatt i og stilte oppfølgingsspørsmål om. Jamfør tidlegare diskusjonar kan vi ikkje intervjuar oss beinvegs fram til meiningar og haldningar (jf. 3.1.2). Eg fokuserte difor mykje på nærmiljø, kvardagsliv og fritidsaktivitetar for å få fram det romlege aspektet. Deretter gjekk eg over til å spørje om kva dei visste om asylmottaket, deira erfaringar med asylsøklarar og flyktingar og så vidare. Til slutt avrunda eg med å spørje om korleis dei såg for seg framtidsutsiktene for seg sjølve og for byen generelt. Intervjuar varte mellom 40 minutt og 2 ½ time, alt etter kor interesserte informantane var i å prate om temaet.

I dei første intervjuja eg gjorde spurde eg informanten om det var greitt at eg nytta bandopptakar. Ingen uttrykte nokon misnøye med dette. Men halvvegs ut i feltarbeidet opplevde eg ein episode som fekk meg til å tenkje meir kritisk over bruken av bandopptakar under denne type intervju. Ein informant, Martin, sa i det eg var på veg ut døra og bandopptakaren var pakka vekk: *"Men sånn off-record så synest eg at det er for mange av dei her no"*. Dette var ein viktig kommentar i arbeidet mitt. Det gjekk opp for meg at kjensla av at informantane var avslappa og ærlege under intervjuja kanskje ikkje var riktig likevel. Dette var siste gongen eg brukte bandopptakar. Fem av i alt 26 informantintervju vart tatt opp på band. Under intervjuja som ikkje vart tatt opp på band opplevde eg at eg klarte å notere godt og å vere til stades i samtalen likevel. Truleg var dette fordi eg på dette tidspunktet var blitt meir rutinert i intervjusituasjonen enn eg var under dei første intervjuja.

Etterbehandling

Datamaterialet vart transkribert undervegs. Intervjuja som var tatt opp på band vart transkribert ordrett. I dei andre intervjuja vart notatane finskrivne nett etter at intervjuja fann stad. Når feltarbeidet var ferdig ønskte asylmottaket eit samandrag av dei viktigaste empiriske funna. I den samanhengen organiserte eg empirien og presenterte den i eit dokument. Dette var ein fin måte å bli betre kjent med stoffet på, og setje funna saman i eit system.

3.3: Analytiske verkty

Vi har no sett korleis teorigrunnlaget har lagt til rette for ein kvalitativt orientert metode i denne oppgåva. Når no teori og metode er gjort kjent gjeld det å bruke gode teknikkar som kan hjelpe meg til å utvide mine kunnskapar om fenomen og undersøker. Det gjeld å finne fram til kva intervjuja kan fortelje meg om det eg ønskjer å vite. Empirien talar ikkje berre av seg sjølv: *"In the social sciences there is only interpretation. Nothing speaks for itself"* (Denzin 1994: 500). Eg treng altså nokre analytiske verkty som hjelper meg å sjå, tolke og reflektere over empirien. Desse verktya spring, slik eg skreiv innleiingsvis i teorikapitlet, like mykje ut i frå teorigrunnlaget som frå metodologien. Den analytiske reiskapen det her er snakk om er kategoriar, prototypar og metaforar.

3.3.1: Kategoriar

For å kunne forstå informantane sine perspektiv på fenomen og studerer er det nødvendig å ha innsikt i kva slags kategoriar dei har i sine kognitive system, og korleis dei tar desse i bruk.

Som menneske sansar vi omverda som fargar, lukter, former, hardleik og rørsle. Denne kontinuerlege straumen av stimuli verda gir oss er vi nøydd til å systematisere på eit vis, elles vil alt stå fram som kaotisk og meiningslaust. Gjennom å tenkje i kategoriar kan verda framstå som meir ordna. Ein kategori kan skildrast som ein slags behaldar som vi plasserer observasjonane våre i. Kategorisering blir på denne måten ein systematiserande mekanisme (Aase 1997a). I følgje Lakoff og Johnson (1999) så er kategorisering inkorporert i oss, det er kroppsleggjort, og vil difor alltid vere ein del av vår erfaring og persepsjon. Dette gjer kategorisering til ein allmennmenneskeleg eigenskap. Ved å lokalisere observasjonane våre i kategoriar gir vi fenomena mening og dei blir forståelege for oss (Aase 1997a).

Aase (1997a) føreslår at vi kan førestille oss det kognitive medvitnet vårt som ei matrise bestående av uendeleg mange behaldarar, og desse behaldarane er det vi kallar kategoriar. Men sjølv om kategorisering er ein allmennmenneskeleg aktivitet tyder ikkje det at alle menneske har den same matrissa av kategoriar. Kva slags kategoriar folk har vil variere mellom ulike kulturar så vel som mellom ulike regionar, yrksgrupper, kjønn og generasjonar. Når vi skal studere andre menneske sine livsverder må vi difor vere varsame med å bruke våre egne kategoriar i analysane. Dette har vore eit vanleg varsku å kome med til forskarar som gjer feltarbeid i andre kulturar, men det er viktig å hugse at også innan ein og same kultur kan den same kategorien ha divergerande innhald og mening for ulike folk (jf. 3.2). I mitt feltarbeid, som eg gjorde i min eigen kultur, opplevde eg nokre tankevekkjande gap mellom mine og nokre av informantane sine kategoriar. I samtalen med Dagfinn fann eg døme på dette. Han har reflektert mykje over utviklinga som har skjedd i forhold til busetjing av asylsøkjarar og flyktningar i Haugesund. Han er skeptisk til denne utviklinga, og meiner at det no er for mange av dei i byen. Han avsluttar argumenttrekkja si med å seie at: *”Dei som skaper motstand mot innvandringa, det er i allfall ikkje Fr.P, det er sosialistane. Dei legger lista der oppe i forhold det han Ola får, og då reagerer folk ser du”*. Eg følgjer opp med å spørje: *”Vil du seie at det er politikarane som framprovoserer framandfrykt”*? Han svarer:

”Ja, det er ... nei altså, det der som dei kallar ”framandfrykt”, eg har ikkje noko frykt for noko som helst eg. Det ordet er noko som journalistane har funne på. Når dei ikkje kan kalle folk for rasistar så bruker dei det ordet ”framandfrykt”. Eg har ikkje noko framandfrykt, eg har budd saman med desse folka⁴ 40 år før det vart aktuelt å diskutere problematikken her eg, så eg har ikkje noko framandfrykt i det heile tatt...hehe”.

⁴ Folka han viser til her er tyrkarar og grekarar som han budde saman med under studietida si.

Eg ser i ettertid korleis eg umiddelbart plasserte uttalinga hans i kategorien ”framandfrykt”. Denne kategorien eksisterte også i han sitt repertoar, men han lokaliserte ikkje samtaletemaet i denne kategorien slik eg gjorde. Etter hans syn hadde ingenting av det han snakka om noko med framandfrykt å gjere. Poenget er ikkje kven som lokaliserte utsegna i riktig kategori. Poenget er å vise at fenomen kan lokaliseras i ulike kategoriar av ulike folk, samt at kategoriar kan ha ulik meining for ulike folk. Å avdekke divergerande lokalisering og innhald i kategoriar er eit viktig steg på vegen til informantane sine livsverder. I analysen av datamaterialet er det ikkje berre nyttig, men ganske essensielt, å vite at Dagfinn har eit anna syn på kva som kan bli kategorisert som framandfrykt enn det eg sjølv har.

3.3.2: Prototypar

Lingvistar hevdar at vi ikkje alltid tenkjer i så avgrensa kategoriar, det vil seie at vi ikkje alltid lokaliserer ein observasjon innan berre ein kategori. Vi tenkjer ikkje berre enten eller, men ofte både og. Når det ikkje er gitt korleis observasjonen skal kategoriserast kan det vere greitt å tenkje i prototypar heller enn kategoriar. For å forstå korleis tankeevna og prototypene i den fungerer kan vi førestille oss eit landskap overstrødd med toppar eller markørar. Desse markørane tilsvarer dei meiningsberande prototypene. Våre observasjonar kan i somme høve liggje tett opptil prototypen, andre tider fjernare frå den. Slik blir ikkje kategoriar klart avgrensa behaldarar, men heller diffuse regionar kring prototypene. Ein prototyp er såleis ein kategori i idealisert, reindyrka form. Det er den observasjonen som høver best til den konstituerande ideen i ein kategori (Aase 1997a). Dersom vi til dømes tenkjer på byen Haugesund som kategori så er det ikkje vanskeleg å vite kvar grensene for denne kategorien går. Eit kart som viser kommunegrensene vil vise oss ganske ukomplisert kva som er innanfor og kva som er utanfor kategorien. Men dersom vi spør etter prototypen på Haugesund blir svaret mindre opplagt. Der finst markørar som mange vil seie er typiske for byen, som til dømes Sildajazzen og Rådhuset. Byen hadde kanskje ikkje vore den same utan desse to markørane. Men det finst også markørar inne i kategorien som ikkje er så typiske, til dømes hadde ikkje Haugesund vore noko mindre Haugesund dersom tapasrestauranten vart bytta ut med ein pizzarestaurant. Vi kan dermed seie at Rådhuset ligg nærare prototypen på Haugesund enn tapasrestauranten gjer.

Vi hugsar frå teorikapittelet at Massey (1994) argumenterte for opne heller enn lukka stader (jf. 2.6). Med ei slik teoretisering av stader vil prototypar opne opp for fleire nyansar i tolkinga enn det kategoriar gjer. Dersom vi tenkjer på staden som ein kategori får han klare

grenser kring seg. Enten er ein observasjon innanfor eller utanfor kategorien sine grenser. Når stader blir teoretisert som opne, då blir grensene meir flytande og det er ikkje så lett å vite akkurat kvar grensa går mellom det som er innanfor og utanfor. Å tenkje i prototypar vil då mjukne opp det rigide skjemaet av avgrensa kategoriar, slik at observasjonar ikkje treng å vere berre det eine eller det andre, men kan vere litt av kvart. Tapasrestauranten er også ein del av Haugesund, han ligg berre ikkje like tett opptil det prototypiske ved byen som til dømes Rådhuset gjer. Gjennom å tenkje i prototypar får vi såleis fram viktige nyansar i tolkingane våre. I studien av stader kan dette hjelpe oss til lettare å sjå kva som er sentrale delar, og kva som er mindre sentrale delar, i den dominerande meininga til staden.

Det er om å gjere for meg å få tak i prototypane lokalbefolkninga har på byen, samt prøve å granske kvifor nettopp desse objekta eller eigenskapane vart valde til prototypar. Slik kan eg utforske om ein prototyp på Haugesund kan kaste lys over nokre spesifikke sider ved byen og lokalbefolkninga der. I metodisk forstand kan eg granske korleis folka relaterer seg til prototypane og kategoriane, det vil sei om desse er relevante for dei, og om ulike folk har ulike prototypar.

3.3.3: *Metaforar*

Oppgåva starta med eit sitat der Gro fortalde at når asylsøkjjarar i Haugesund ikkje oppfører seg så kjennast det for henne som å få ein gjest inn i heimen som ikkje kan å oppføre seg. Sitatet seier meir enn det som bokstaveleg talt står der, og er difor ikkje tilfeldig valt. Det Gro sa var ikkje at kvar gong ein asylsøkjjar gjer eit brotsverk i byen kjem det reint faktisk ein framand inn i heimen hennar og ter seg dårleg. Ho sa at kriminalitet utført av asylsøkjjarar i Haugesund vekker dei same kjenslene i henne som det ville gjere å få uhøflege gjestar inn i heimen sin. Når ho samanliknar desse kjenslene gir ho byen nokre av dei same kvalitetane som heimen, og asylsøkjjarar nokre av dei same kvalitetane som uhøflege gjestar. Ho skildrar kjenslene eit fenomen gir henne i termene til kjenslene eit anna fenomen gir henne. Der er ikkje ein faktisk likskap mellom dei to fenomen, men kvaliteten ved dei vekker dei same kjenslene i Gro. Når vi opplever, tenkjer og forstår eit fenomen i termene til eit anna kan vi seie at vi tenkjer i metaforar (Lakoff og Johnson 2003). Når talaren meiner noko anna enn det som reint bokstavleg blir sagt, då har vi ei metaforisk utsegn (Heradstveit og Bjørge 1987).

I følgje Lakoff og Johnson (2003) handlar ikkje metaforar berre om språk åleine, men òg om tanke og handling. Dette skjer gjennom måten omgrep styrer tankane og handlingane våre på.

Som menneske er vi utstyrt med eit omgrepssystem. Dette systemet strukturerer det vi oppfattar, korleis vi opptrer i verda, og korleis vi relaterer oss til andre menneske. Omgrepssystemet blir med andre ord viktig for korleis vi fungerer i kvardagen. Vi er sjeldan medvitne til korleis dette systemet fungerer, vi berre handlar og tenkjer meir eller mindre automatisk etter visse retningslinjer. Dersom vi vil forstå korleis desse retningslinjene er samansette må vi sjå nærare på språket vårt. Språket er nemleg basert på det same omgrepssystemet som vi bruker når vi tenkjer og handlar. Gjennom å granske språket ser vi at vi nyttar mange metaforiske omgrep. At det finst metaforar i dei språklege uttrykka våre stadfester nettopp det faktum at der er metaforar i omgrepssystemet. Lakoff og Johnson (2003) konkluderer difor med at omgrepssystemet vårt er grunnleggjande metaforisk. Med andre ord kan vi seie at både språket og tankeprosessane våre er prega av metaforar.

Som vi såg i dømet ovanfor blir eigenskapane ved eit fenomen overført til eit anna gjennom metaforar. Gro etablerte nokre likskapar og samanhengar mellom byen ho bur i og heimen sin, samt mellom asylsøklarar og gjestar. Ho gjorde dermed byen til sin eigen, og asylsøklarane til framande. Når metaforiske omgrep blir brukt på denne måten produserer dei ei viss meining i eit fenomen. Dømet viser viktige aspekt ved forholdet ho har til heimstaden sin, og det fortel noko om kva som skjer med henne når nokon utanfrå kryssar grenser ho meiner ikkje skal kryssast der ho bur. Gjennom analysen vil eg prøve å gripe fatt i kva bilete, språk og uttrykk informantane knyter til heimstaden og til asylsøklarar og flyktningar. Ut i frå dette kan eg forstå fleire dimensjonar ved temaet ut i frå informantane sine eigne perspektiv.

Eg har no greia ut om analytiske verkty som skal hjelpe meg å tolke dei empiriske funna. Som avrunding på dette kapittelet går eg over til å forklare korleis analysen vil bli bygd opp. Eg vil også vise korleis dei ulike analysekapitla relaterer seg til problemstillingane.

3.3.4: Oppbygging av analysen

Analysen er strukturert etter problemstillingane (jf. 1.2). Kapittel fem og seks svarar saman på problemstilling 1 og underproblemstilling 1.1, medan kapittel sju svarar på problemstilling 2. Gjennom heile analysen vil informantane sine uttalingar bli sitert. Kapittel fem tar utgangspunkt i relasjonen mellom menneska og staden. Her granskar eg lokalbefolkninga sitt forhold til byen. I antropologisk terminologi kan vi seie at analysen i dette kapittelet føregår på eit emisk nivå, det vil seie at informantane sine ”innanfråperspektiv” blir vektlagt (Rudie 1997). Her blir vi kjent med materialet si breidde, noko som er viktig for det vidare arbeidet.

Nokre teoretiske koplingar vil bli drøfta, men det er først og fremst informantnære forteljingar som står i fokus. Likevel er det eg som har valt ut informantsitata. Dett gjer at òg det første analysekapittelet ikkje kan vere uavhengig korkje av meg som forskar, eller av mine teoretiske og tematiske inspirasjonar.

I kapittel seks går eg nærare inn på relasjonen mellom majoritet og minoritet. Denne relasjonen blir sett i samanheng med relasjonen majoriteten har til byen sin, jamfør kapittel fem. Det blir såleis lagt til ein dimensjon meir i kapittel seks enn i kapittel fem. I kapittel seks skjer der fleire koplingar mellom sitat og teori, samt tolkingar av empirien basert på dei metodiske og teoretiske verktya. Denne koplinga fører analysen over på eit etisk nivå. Her er forskaren sitt ”utanfråperspektiv” sentralt for dei koplingane og tolkingane som blir gjort. Ein etisk analyse treng ikkje samsvare med informantane si eigenforståing slik eit emisk perspektiv må gjere (Rudie 1997). Kapittel seks vil ta for seg diskusjonar som svarer både på problemstilling 1 og underproblemstilling 1.1.

Kapittel sju svarar som sagt på problemstilling 2. Analysen føregår også her på eit etisk nivå. Her går analysen meir direkte inn på omgrepet integrasjon, og ser kva informantane legg i dette. Funna blir kopla til det romlege aspektet som har kome fram i kapittel fem og seks. Vidare blir diskusjonen sett i samanheng med debatten om multikulturalitet, noko som dreg diskusjonen inn i ein større samanheng enn det som har blitt gjort tidlegare i oppgåva.

3.4: Oppsummering

I dette kapittelet har eg gjort greie for og diskutert ulike aspekt ved metoden arbeidet baserer seg på. Det samhandlande aspektet mellom forskar og felt, samt dei etiske utfordringane dette medfører, vart spesielt lagt vekt på. Vidare har eg fortalt om korleis eg reint praktisk gjekk fram i felten og korleis eg fann fram til informantane. Endringane som vart gjorde på min eigen presentasjon av studien for å få tak i informantar var eit viktig metodisk poeng her. Som førebuing til analysen presenterte eg dei analytiske verktya som vil hjelpe meg å tolke empirien. Til slutt presenterte eg korleis analysen trinnvis vil bli bygd opp frå eit emisk til eit etisk nivå.

Kapittel 4:

Haugesund som studieområde

Hittil har eg gjort greie for det tematiske, teoretiske og metodiske grunnlaget for dette arbeidet. Det er no tid for å bli kjent med studieområdet. Dette kapitlet gir ei kort skildring av nokre sentrale sider ved Haugesund, samt ein introduksjon i den lokale og nasjonale asyl- og flyktningspolitikken.

4.1: Haugesund kommune

Haugesund ligg nord i Rogaland fylke og er sentrum for distriktet mellom Hardangerfjorden i nord og Boknafjorden i sør (Figur 4.1). Kommunen er 72 km² stor, og hadde ved utgangen av år 2001 30 737 innbyggjarar⁵.



Figur 4.1: Området kring Haugesund. Kilde: Statens Kartverk 2003.

Byen ligg på austsida (landsida) av Karmsundet og omfattar i tillegg dei to øyane Risøy og Hasseløy (Figur 4.2). I sentrum ligg Haraldsgata, byen si gågate. I denne gata og sidegatene

⁵ Tal frå Statistisk Sentralbyrå i Haugesund kommune si årsmelding, 2001.

kring er mykje av handelsstanden lokalisert. Dei siste åra har det òg blitt bygd fleire store kjøpesenter nokre kilometer utanfor sentrumsområdet. Ettersom byen ligg ved kysten er hamna og Smedasundet sentrale element i bybiletet (Figur 4.3).



Figur 4.2: Haugesund sentrum. Kilde: Statens Kartverk 2003.

4.1.1: Historie og næring

Haugesund er ein ung by. Så seint som i 1839 var berre 12 familiar busette i området. Etterkvart når silda kom til området vart sildefisket ei stor næring. Dette gjorde at byen byrja å vekse. Sildefisket skapte behov for eit sentrum for all verksemd som var knytt til næringa, og i 1854 vart Haugesund eigen kommune med 900 innbyggjarar. Utviklinga av Haugesund som by er altså sterkt knytt til silda. Som følge av sildefisket oppstod behovet for transport som skulle få silda fram til marknaden, og slik vaks skipsfarten fram i området. Denne industrien vaks sterkt, og i 1890- åra hadde industrien sitt høgdepunkt (Haugesund kommune 2004). Rådhuset, som er ei gåve frå skipsreiaren Knut Knutsen O.A.S, står i dag som ein påminnar om denne industrien sin innverknad og relevans for byen. Ei av dei viktigaste bedriftene i byen i dag er Umoe olje og gass. Denne bedrifta var tidlegare eit skipsverft, men fungerer i dag som offshoreverft. Bedrifta er byens største arbeidsplass med om lag 1500 tilsette. Norsk Hydro sitt aluminiumsverk som er plassert på Karmøy er òg viktig for byen med sine om lag 1500 tilsette. Det same gjeld Statoil sin gassterminal på Kårstø som har 600

tilsette. Dei maritime næringane, samt offshorenæringa, er likevel ikkje lenger dei einaste næringane som pregar Haugesund. Handel, samt offentleg og privat tenesteyting er i dag viktig for området. Haugesund sitt handelssenter har på landsbasis den høgaste omsetnaden per innbyggjar. Dette heng saman med at byen er regionsenter for Haugalandet som har omkring 150 000 innbyggjarar (Haugesund kommune, 2004). I tillegg til dette kan det nemnast at byen er vertskap for fleire festivalar av ulike slag, der jazz- og filmfestivalen er av dei mest kjente.



Figur 4.3: Hamna og Smedasundet i sentrum av Haugesund

Vi har no blitt kjent med nokre sider ved historia og næringsstrukturen til Haugesund. I denne oppgåva er det også nyttig å vite korleis kommunen har organisert arbeidet i forhold til busetjing av flyktningar og drift av asylmottak. Eg vil difor gå over til å greie ut om Haugesund si erfaring og organisering av dette arbeidet. For å forstå rammene for integreringsarbeidet trengst det òg ei kort innføring i korleis dei statlege retningslinjene fungerer. Statistikkar over innvandringsbefolkninga i Noreg vil òg bli presentert, slik at situasjonen i Haugesund kan sjåast i ein nasjonal kontekst.

4.2: Tal på innvandring til Noreg og Haugesund

Tal frå byrjinga av 2001 viser at innvandrarbefolkninga generelt i Noreg utgjorde 6,6 prosent av det totale innbyggjartalet. Dei ikkje-vestlege innvandrarane utgjorde 4,5 prosent av landet si totale befolkning. Som vi såg i innleiingskapittelet (jf. 1.3) bur ein tredjedel av innvandrarane (vestlege og ikkje-vestlege) i Oslo. Til samanlikning bur berre 11 prosent av

Noreg si totale befolkning i hovudstaden. Der er store variasjonar på kor stor del innvandringsbefolkninga utgjer av innbyggjartalet i ulike kommunar. Dei aller fleste kommunane ligg langt under landsgjennomsnittet for innvandrarbefolkning, berre 35 kommunar ligg over (Lie 2002). Talet er høgare i dei kommunane som har asylmottak og tradisjonelt høg arbeidsinnvandring frå Vest-Europa. I Haugesund utgjer innvandrarbefolkninga 6,2 prosent av kommunens innbyggjartal. Delen av ikkje-vestlege innvandrarakar i forhold til innbyggjartalet er 4,3 prosent (Lie 2002). Ut i frå dette ser vi at den prosentvise delen av ikkje-vestlege innvandrarakar i Haugesund er nær den prosentvise delen som denne gruppa utgjer i landet generelt. Dette viser at Haugesund, sett i forhold til andre kommunar i landet, har relativt stor innvandringsbefolkning.

4.3: Drift av asylmottak

Frå politisk hald er det bestemt at mottak skal plasserast over heile landet, men under føresetnad av at mottaka ligg slik til at bebuarane kan delta i eit levande lokalmiljø. Intensjonen med ei geografisk spreiding av mottaka er at dette skal fremje busetjing av flyktningar over heile landet. Dei siste ti åra har mottakssystemet vore bygt opp og ned fleire gonger, alt etter kor mange personar som kjem til landet for å søkje asyl (St.meld.nr.17 2000-2001).

Personane som bur på mottak kan delast inn i følgjande hovudgrupper:

1. Asylsøkjarakar som ventar på svar på søknad om asyl.
2. Personar som har fått opphald og ventar på å bli busett i ein kommune.
3. Personar som har fått negativt svar på asylsøknaden og ventar på å få klagen handsama.
4. Personar som har fått endeleg avslag men som ikkje kan forlate landet fordi heimlandet ikkje vil ta i mot dei.
5. Grupper med mellombels opphaldsløyve som ikkje skal busetjast i kommunane (St.meld.nr.17 2000-2001).

UDI driv ikkje sjølv mottaka, men er ansvarlege for rettleiing, oppfølging og tilsyn. Drift av mottaka blir avtalt med kommunar, organisasjonar og private aktørar. Når UDI har behov for å opprette eit mottak skjer det ved konkurranseutsetjing. Driftsoperatørar finn sjølve aktuelle kommunar, lagar avtalar med desse og gir UDI eit tilbod. På denne måten sel driftsoperatørar

tenestene sine til staten. Tenestene er regulert gjennom styringsdokument⁶. Haugesund har tidlegare hatt eit mottak drive av kommunen; *Udland asylsøker mottak*. Det noverande mottaket, *Haugaland Mottakssenter*, er drive av ein privat driftsoperatør.

4.3.1: Udland asylsøker mottak

I 1988 fekk Haugesund kommune førespurnad om å vere driftsoperatør for eit mottak med plass til 120 asylsøkjjarar. Dette vart vedtatt i bystyret same år, og i april 1989 var mottaksdrifta i gang. Asylmottaket vart plassert på Udland, eit nytt bustadstrøk 5 km nord for sentrum. Bygningsmassen bestod av brakkemodular som var sett saman til to etasjar bustadhus. Driftsperioden var sett til to og eit halvt år. I 1991 handsama bystyret søknad om forlenga driftsperiode. Dette skapte ein del negativ publisitet frå naboar som meinte dei var lova at mottaket skulle leggjast ned etter dei første to og eit halvt åra. Driftsperioden vart likevel forlenga til september 1995 (Optun 1995). I tidsrommet september 1995 til mai 1999 var der inga mottaksdrift i Haugesund.

4.3.2: Haugaland Mottakssenter

I mai 1999 vart Haugaland Mottakssenter oppstarta i samband med luftbrua til Kosovo. Oppstarten skjedde brått, og i løpet av eit par veker hadde mottaket over 200 bebuarar. Haugaland Mottakssenter er driven av den private driftsoperatøren Hero Mottak og Kompetanse AS (HMK)⁷. Mottaket skil seg frå det gamle mottaket ved å vere eitt hundre prosent desentralisert. Dette inneber at asylsøkjjarane ikkje bur konsentrert i eitt bygg, men bur i leilegheiter spreitt rundt i byen. Administrasjonen har kontor i gågata i sentrum, og bebuarane bur i leilegheiter i gangavstand frå kontoret (tre km omkrets). HMK leiger leilegheiter gjennom bedrifta Haugesund Apartment. I 2001 hadde mottaket 43 leilegheiter til disposisjon. Storleiken på bustadane varierer, den største leilegheita kan ha inntil 20 bebuarar⁸. Ved byrjinga av oktober månad 2002 (når feltarbeidet var i gang) hadde mottaket 279 bebuarar. Desse fordelte seg på 31 ulike nasjonalitetar. I tillegg kjem ein kategori av statslause bebuarar⁹.

⁶ Opplysningar gitt av Hero Mottak og Kompetanse AS og UDI Regionkontor Vest.

⁷ HMK er driftsoperatør for 15 mottak fordelt i alle regionar. 40% av dei tilsette i organisasjonen har flyktningsbakgrunn.

⁸ Evalueringsskriv Haugaland Mottakssenter – Mai 1999 – Januar 2001.

⁹ Statistikk utlevert av Haugaland Mottakssenter.

4.4: Busetjing av flyktningar i Haugesund

Ein flyktning som skal busetjast i ein kommune kan enten ordne dette på eiga hand, eller få hjelp av UDI. I praksis skjer dei fleste busetjingar gjennom ein avtale mellom UDI og kommunen. Busetjing av flyktningar er organisert slik at kommunane sjølve avgjer kor mange flyktningar og kven dei vil busetje. Når ein kommune vel å busetje flyktningar vil han få eit eige integreringstilskot. Dette skal dekke gjennomsnittlege utgifter kommunen måtte ha dei fem første åra flyktningen bur i kommunen. Beløpet kan disponerast fritt av kommunane, men mange ser tilskotet som øyremerka arbeidet med flyktningar (St.meld.nr.17 2000-2001). Flyktningkonsulenten i Haugesund opplyser at kommunen sitt flyktningararbeid har gått med overskot dei siste åra. Pengane har blitt plassert i eit fond som var meint å takast i bruk dersom flyktningararbeidet skulle gå i minus eit år. Dette fondet har blitt brukt til andre utgifter, noko politikarane kan gjere dersom dei vil.

Haugesund kommune byrja med busetjing av flyktningar første gong i 1982 og har sidan hatt kontinuerlege busetjingsavtalar med UDI. Fram til 2002 har det blitt busett vel 900 personar i kommunen. I tidsrommet 1998-2002 hadde kommunen busett 290 personar, inkludert familiesameiningar¹⁰. Hausten 2002 vart det vedtatt ein ny avtale om at Haugesund kommune skal busette 160 flyktningar i perioden 2003-2006.

Kommunen plasserer flyktningane i kommunale bustader spreitt rundt i alle bydelane. Flyktningeininga i kommunen jobbar kontinuerleg med å gjere flyktningane økonomisk og sosialt sjølvstendige. Dei fleste flyktningane blir økonomisk sjølvstendige innan integreringstilskotsperioden er over. Av dei som likevel mottar økonomisk sosialhjelp er fleirtalet flyktningar som er eldre og/eller sjuke med manglande trygderettar¹¹.

4.5: Aktivitets- og integreringstiltak i Haugesund

Der finst ei rekkje aktørar som på kvar sine måtar jobbar for integrering av asylsøkjjarar og flyktningar i Haugesund. Dette gjeld både uavhengige organisasjonar og offentlege tiltak. Mellom anna blir det arrangert Internasjonal Kafé (jf. 3.2.1). Her kan lokalebefolkninga, asylsøkjjarane og flyktningane møtest og ete mat frå sistnemnde gruppe sine heimland. Kafeen er open ein gong i veka, og er eit samarbeid mellom Haugesund Voksenopplæringscenter og eit av byens trussamfunn. I tillegg til dette har kommunen eit aktivitetshus med namn Gamle

¹⁰ Sakspapir frå Haugesund kommune.

¹¹ Sakspapir frå Haugesund kommune.

Slaktehuset. Dette fungerer som ein kulturverkstad der innvandarane arbeider saman med pensjonistar og andre norske sysselsette på snikkarverkstad, tekstilverkstad, eller med kaféarbeid. Her blir det fokusert på arbeidstrening, sosial trening, praktisk språktrening og hjelp i jobbsøkarfasen. Vard-modellen, driven av Sportsklubben Vard Haugesund, kan òg nemnast i denne samanhengen. Denne klubben jobbar med integrering av innvandarbarn i fotballmiljøet. Som del av dette arbeidet blir det lagt mykje vekt på det sosiale fellesskapet som idrett gir. Klubben er spesielt medviten på å samarbeide med foreldra til innvandarbarna gjennom familiesamtalar.

Vi har no fått innblikk i nokre sider ved Haugesund som by, og blitt kjent med Haugesund som vertskommune for asylsøkjara og flyktingar. Denne informasjonen utgjer nokre viktige rammer for studien. Vi går no over på analysen som tar for seg informantane sine versjonar av dei same fenomen. Informantane sine kategoriseringar av heimstaden sin, og opplevingar av det fleirkulturelle i nærmiljøet blir tema for dei tre neste kapitla.

Kapittel 5:

Konstruksjon av rom

Relasjonen mellom menneska og staden er tema for dette kapittelet. Vi utviklar stadkjensler og knyter mening til stadane vi lever liva våre på. Gjennom å granske informantane sine romlege kategoriseringar kan vi vinne innsikt i korleis Haugesund som sosial og meningsfull stad blir konstruert. Meiniga lokalbefolkninga i Haugesund knyter til byen er viktig å forstå for at det skal vere formålsteneleg å nytte stadsomgrepet i den vidare analysen.

Utgangspunktet er at stader er aktive i konstruksjon og oppretthalding av ideologiske verdiar (Cresswell 1996). Ved å avdekke informantane sine romlege kategoriseringar kan vi sjå om det i konstruksjon av rom blir knytt normative karakteristika til staden, noko som igjen kan gi ei forståing av staden sin ideologi. Forståing for dei ideologiske dimensjonane ved Haugesund er nyttig når vi seinare i oppgåva skal granske om dei etniske minoritetane blir inkluderte eller ekskluderte i det lokale fellesskapet. Dette kapittelet er dermed første steg på vegen til å svare på problemstilling 1, der spørsmålet er kor vidt dei romlege forståingane folk har av heimstaden kan ha innverknad på korleis asylsøkjjarar og flyktningar blir mottatt på staden (jf. 1.2). Relasjonen mellom menneska og staden legg såleis grunnlaget for neste kapittel som ser nærare på om denne relasjonen har innverknad på relasjonen mellom Oss og dei Andre.

Å kategorisere rom er å gi mening til rom, det vil seie å gjere rom til meningsfulle stader. Når vi snakkar om folk sine romlege kategoriseringar snakkar vi altså om meningsdimensjonen folk gir stader. Ein informant sine romlege kategoriseringar av Haugesund fortel oss difor noko om kva mening informanten ilegg heimstaden. Gjennom denne oppgåva har stader blitt handsama som noko meir enn geografisk lokalitet, stader blir sett som innehavarar av menneskelege meningskonstruksjonar og personlege kjensler. Når vi freistar å forstå kva slags forhold informantane har til heimstaden er det deira "sense of place" vi snakkar om (jf. 2.1). Stadkjenslene og opplevinga av meningsfulle stader baserer seg på både sosiale og personlege erfaringar på stadane. Dette gjer at stadkjenslene det her er snakk om aldri kan vere utelukkande individuelle eller utelukkande kollektive, dei er ein stad midt i mellom. Bindeleddet til stader kan sjåast som eit resultat av kjensler oppstått gjennom

gjentatte treffpunkt med stader som er samsvarande med folk si sjølvdefinering. Stader er såleis viktige element i konstruksjonen av individuelle og kollektive identitetar (Ellingsen 2003). ”A sensed place” er ein stad ein identifiserer seg med.

”Sense of place” omgrepet opnar for at folk erfarer stader og knyter seg til stader på utallige måtar. Datamaterialet i denne oppgåva gir ikkje opphav til berre eitt Haugesund. Alle informantane har sine ulike subjektive historier og erfaringar som blir gjeldande for kva slags kjensler dei har utvikla til staden og miljøet rundt seg. Eg kan difor ikkje presentere universelle stadkjensler, ettersom materialet inneheld like mange forskjellige opplevingar av byen som talet på informantar som har blitt intervjuet.

Kompleksiteten i empirien gjer han spanande, men òg vanskeleg å handtere. Ei strukturering av materialet er nødvendig for å få oversikt, og for å kunne handtere materialet i den vidare analysen. Dette kapittelet er difor todelt. Den første delen presenterer felleselementa, altså det som er overlappande i informantane sine skildringar av byen. Her blir vi kjent med den dominerande måten å tolke og forstå Haugesund på. Gjennom romlege representasjonar av byen som i datamaterialet står fram som intersubjektive, får vi eit bilete av nokre sider ved byen som er tatt-for-gitt. Den siste delen går meir inn på dei subjektive opplevingane av staden, altså informantane sine ”sense of place”. Ettersom stadkjensler aldri kan vere heilt individuelle eller heilt kollektive vil empirien i denne siste delen av kapittelet likevel relatere seg til den første delen der det intersubjektive perspektivet på Haugesund blir presentert. Dette kapittelet brettar altså ut det empiriske materialet, for å få fram dei mange nyansane i måtar folk erfarer Haugesund på. Å brette ut eit materiale i sitt mangfald gjer krav på informantnære skildringar. Informantane sine stemmer vil difor vere tydelege i teksten. Nokre analytiske omgrep blir lagt til, men analysen i dette kapittelet føregår primært på eit emisk nivå.

5.1: Eit fellesperspektiv på Haugesund

I denne samanheng snakkar vi om informantar som alle bur og lever sine kvardagsliv i Haugesund. Med Haugesund som kontekst er det fellesperspektivet i informantane sine medvit på fenomen som er spesifikke for byen vi vil fram til her. At der er nokre intersubjektive element i ein kulturell kontekst tyder ikkje nødvendigvis at dei er direkte

aktive i folk sine kvardagsliv. Det intersubjektive er likevel noko informantane forholder seg til ettersom dei vel å snakke om nettopp desse kvalitetane når dei blir spurt om å skildre byen.

Informantane sine skildringar av byen består av nokre representasjonar som dannar eit "common sense" perspektiv på Haugesund. Eg omtalar denne delen av empirien som intersubjektiv fordi det er snakk om representasjonar alle informantane har oppfatta likt. Når informantane oppfattar meininga til ein representasjon på same måte så utgjer dette ei "common sense" forståing av det representasjonen formidlar (Holloway og Hubbard 2001). Den empirien som blir presentert i dette avsnittet kan kallast intersubjektiv nettopp fordi han blir forstått likt av alle informantane. Ingen av informantane har sagt det motsette av meininga representasjonane formidlar. Det er heller ingen som har sagt at desse representasjonane ikkje er ein del av det som gjer byen til akkurat det den er.

5.1.1: Det maritime

Gjennom intervjuar har det kome fram eit bilete av Haugesund si historie som ei glanstid, prega av skipsindustri og sildefiske. Byen ligg ved havet, og dette meiner folk har gjort kystkulturen sterkt planta i det sosiale miljøet. Skipsfarten og sildefisket står som sterke identitetsmarkørar på byen. Fleire av dei eldre informantane seier at byen er "bygd på sildebein". Jørgen er ein pensjonert sjømann, han mimrar over tida då reiarlaga hadde si storheitstid:

"Rederia tilhørte byen, og byen tilhørte rederia. Knudsen-rederiet, for eksempel, dei prøvde alltid å få tak i lokal arbeidskraft før dei gjekk andre stader. Når det gjeld shipping i dag så består den berre av unge jypingar, dei har ikkje same erfaringa som dei gamle gründerane. Rederia er pulverisert og høyrer ikkje til nokon stad lenger."

Reiarlaga og byen står i eit komplementært forhold til kvarandre, der den eine ikkje ville vere den same utan den andre. Dette viser kor integrert skipsfarten var i stadsidentiteten til byen. Skipsfarten var ikkje kva som helst slags industri, han var, i følgje Jørgen, ein hovudkomponent i det som utgjorde identiteten til byen på denne tida.

Andre trekk ved byen som fleire av informantane dreg fram blir òg sett i samanheng med skipsfarten og reiarlagsfamiliane. Reiarlagsfamiliane blir omtalte som pengesterke folk. Arkitekturen som finst i byen blir ofte relatert til denne gruppa. Rådhuset (Figur 5.1) er eit godt døme på dette. Ein av praktikarane omtalte dette som "ein juvel for Haugesund". Det

monumentale byggverket vart gitt i gåve av ein reiarlagsfamilie. Rådhuset står for noko meir enn berre eit byggverk, det representerer denne perioden i Haugesund si historie prega av skipsfart som byen er så stolt over. Når informantar trekkjer fram rådhuset når dei blir bedt om å skildre Haugesund, er dette òg å trekkje fram det maritime og alt det har gjort med byen. Måten informantane snakkar om kystidentiteten på vitnar om at det maritime er i ei særstilling i deira opplevingar av byen. Dette gjer det maritime til eit viktig aspekt i konstruksjonen av Haugesund som ein meningsfull stad.



Figur 5.1: Haugesund rådhus

Sjølv om denne epoken er forbi er kystidentiteten noko som blir brukt til å forklare kvifor byen er som han er i dag. Fleire av informantane legg vekt på nettopp det at Haugesund ligg ved kysten og er vestvendt. Dette har gjort at haugesundarar har lang tradisjon for å reise ut og oppleve andre land og kontinent. Det er ei slags kollektiv semje om at folka i byen har tradisjon for å reise mykje, og dette blir hevda å ha gjort Haugesund til ein open og utadvent by i forhold til nye idear og inspirasjonar utanfrå. Ordføraren uttrykkjer det slik:

”Me har tradisjon for det i denne byen å vere ein open kultur, me ligg som ein litt sånn kosmopolitisk øy på det mørke fastlandet fordi me har tradisjonar som sjøfartsby. For 30 år tilbake så hadde dei fleste unggutar både vore i London, i Murmansk og i New York, men dei hadde ikkje vore i Oslo. Det ligg ei openheit i kulturen i utgangspunktet her som eg trur er viktig ballast”.

Å skildre byen som *”ein litt sånn kosmopolitisk øy”* er å gi assosiasjonar til eit mangfaldig og ope miljø. Ordføraren kategoriserer byen i kontrast til det byen ikkje er, nemleg *”det mørke fastlandet”*. Når han definerer byen i motsetnad til det han ønskjer å stille byen opp mot, så

kontrasterar han seg òg frå folka frå "det mørke fastlandet". Å definere seg sjølv i kontrast til noko anna kjenner vi att frå konstruksjonen av kategoriane Oss og dei Andre (jf. 2.5). Dei same prinsippa kan altså gjelde i defineringa av stadsidentitetar. Ein annan informant, Jørund, forklarte at Hedmark blir som "den andre sida av månen" for haugesundarar fordi dei alltid har reist mykje og kommunisert meir vestover mot Storbritannia enn mot innlandet i Noreg. Informantane viser altså ei forståing av byen der sjøfartstradisjonane har prega det sosiale miljøet slik at byen står fram som open for nye idear utanfrå. Desse karakteristika blir sett i motsetnad til "det mørke fastlandet" og Hedmark, som dermed står fram som meir lukka og isolerte stader. Slik blir stader rangert hierarkisk i forhold til kvarandre, der den opne og vestvendte byen er lenger oppe på hierarkiet enn det lukka innlandet. Vi ser korleis informantane vektlegg at Haugesund har relasjonar vestover og difor er ein open by. Dette illustrerer aspektet Massey (1994) ønskjer at vi skal fokusere på når vi teoretiserer stader, nemleg at stader ikkje er lukka men heller opne gjennom sine relasjonar med andre stader og folk (jf. 2.6).

5.1.2: Handel, næring og kultur

Når det gjeld notida er der eit fokus på handelsverksemd og næringsliv som blir sagt å stå sterkt i byen. Byen er handelssenter for langt meir enn sjølve kommunen. Folk frå heile Haugalandet trekkjer mot Haugesund for å handle. Byen blir omtala som service retta og ambisiøs når det gjeld næringsverksemd, og fleire informantar ser også dette som eit resultat av den maritime ballasten. Til dømes uttrykkjer Martin det slik:

"Dei fleste har sjøfolk i familien. Dei seier at Haugesund er bygd på sildabein, silda har stått sentralt frå tidlegare tider. Eg er oppvokst på Hasseløy, me jobba med silda når me var små. Me fekk lov av foreldra våre å sei til skulen at me var sjuke medan me eigentleg jobba med sild. Der var mykje aktivitet, men det tok jo slutt tidleg på 60-talet. Det store trehuset ute på Hasseløya var bygd av ein av dei store sildakongane. Der var folk som tente mykje i si tid, mellom anna Knudsen og Co. Det var litt opp og ned, der har jo vore nokre konkursar også, dei satsa jo ein del pengar på dette her. Litt gamblarinstinkt var det, og det sit kanskje igjen i byen ennå, folk likar å satse. Handelsstanden står veldig sterkt, handelssentrum er på over 100 000 folk, dei trekker hit, spesielt etter det nye trekantsambandet på Stord".

Martin meiner at skipsfarten har lagt grunnlag for eit satsingsmiljø som dei andre næringane nyter godt av i dag. På spørsmål om framtidsutsiktene for byen er det mange som snakkar om at det er viktig å utvikle Haugalandet som region til eit naturleg tyngdepunkt mellom Bergen og Stavanger. Dei håper på nye kontraktar for industrien i området, er opptekne av å få utvida flytilbodet, og viste stor glede over å få Kystdirektoratet lokalisert til byen. Informantane gir

inntrykk av ein stå-på mentalitet i forhold til alt som har med handel og næringsverksemd å gjere.

Denne satsingsmentaliteten kan av somme opplevast som materialistisk og småborgarleg. Ei gymnasjente, Grete, har budd fleire stader i Noreg. Ho blir bedt om å samanlikne Haugesund med dei andre stadane ho har budd. Ho skildrar då byen som snobbete, og folka som veldig fokuserte på materielle gode. Ho meiner at det å vere pen, samt å ikkje skilje seg ut, er viktig for mange, også for vaksne. Samtidig ser ho nokre positive konsekvensar av denne mentaliteten: *”Fordi vi heile tida skal vere så bra så blir vi det også. Det er mange trendy butikkar her, og masse arrangement som Sildajazz, filmfesitval og Hamnadagane, det er positivt”* (Grete). Dei mange festivalane byen arrangerer blir ofte nemnt når eg ber informantane fortelje noko positivt om byen sin. Dei aller fleste meiner at kulturtilbodet er bra og at det er veksande. Så langt kan vi sjå eit bilete av ein progressiv by med omsyn til næringsliv så vel som kulturliv. Dette blir opplevd både positivt i forhold til satsing og negativt i forhold til for stort fokus på materielle verdiar.

5.1.3: Eit endra sentrumsbilete

Å vere regionsenter medfører òg utfordringar. Narkotikaproblematikken er noko som tydeleg opptar folk, og som blir nemnt når informantane fortel om ulemper med å bu i Haugesund. Informantane hevdar at årsaka til problemet er ein avrusingsinstitusjon som er lokalisert i ein av byen sine nabokommunar. Institusjonen tek inn folk frå heile landet til avvenning. Mange fell av lasset og trekkjer inn mot Haugesund som er næraste bysentrum i distriktet, og her oppheld dei seg mykje i sentrumsgatene.

Nokre av informantane fokuserer òg på det aukande talet av asylsøkjjarar og flyktingar som bruker sentrum. For asylsøkjjarane er det naturleg å tilbringe mykje tid i sentrumsområdet, ettersom tenestene dei nyttar seg av er plassert nettopp her. Dette gjeld språkopplæringa, aktivitetshuset, biblioteket, flyktingkontoret og sjølve mottaksadministrasjonen. Når dei færreste av desse gruppene har arbeidsløyve har dei meir tid enn andre til å opphalde seg i sentrum. Mange asylsøkjjarar bur dessutan i sentrumsnære område sidan det desentraliserte mottaket har sine leilegheiter her. Martin bur sjølv i sentrum og har reflektert over utviklinga dei siste åra:

”Det er eit tankekors at det er big business, for huseigarar og dei som driv mottaket. Då blir det gjerne eigeedomar som huseigarane ikkje bryr seg så mykje om, dei tenkjer kanskje dei kan fikse dei etterpå. Og då blir det kanskje dårleg vedlikehald. Eg trur eg hadde oppfatta det som eit problem hvis eg hadde hatt eit hus i sentrum der eg hadde budd sjølv. Eg kjenner folk som bur her oppe som har budd der i alle år. I huset foran og bak bur det utlendingar, der står dørene alltid opne, ting flyter, huseigaren held ikkje huset vedlike. Det er ikkje så triveleg. Men kva skal ein gjere? Det er klart det riv ned marknadsverdien hans. Det er ein ting, så er det det om ein kjenner seg trygg, for dei veit aldri kven som bur der. Der er masse trafikk, dei har ofte bilar, dei kjører og besøker kvarandre, der er veldig trafikk. Du veit aldri kven som bur der i neste månad. Der er nokre fleire i same situasjon, eg ser det bortover her. Hvis eg sjølv skulle bu midt oppe i det så ville eg nok ikkje trives så bra. Du ønskjer å ha stabile forhold rundt deg”.

Martin stiller spørsmål ved kreftene bak mottaksdrifta ettersom det er eit privat selskap som driv. Når asylsøklarane blir plasserte i utleigebustader meiner han at leilegheitene blir halde dårleg vedlike, noko som går ut over marknadsprisen på bustadane i nabolaget. På grunn av dette meiner Martin at det har skjedd ei degradering av bustadmiljøet i dei sentrumsnære områda. Summen blir eit negativt sentrumsbilete. Dører som alltid er opne og ting som flyter er ikkje eit bumiljø han ønskjer å identifisere seg med. Det forstyrrar ordensbiletet hans og fører til irritasjon. Denne irritasjonen skal vi kome tilbake til i kapittel seks.

5.1.4: Oppsummering

Vi har no sett nokre sentrale brikkar i biletet av Haugesund. Så langt ser vi ein by med ein sterk kystidentitet, ein stå-på mentalitet i forhold til handel, næring og kultur, i tillegg til engasjement og interesse for eit bybilete mange meiner har endra seg i ei negativ retning. Sistnemnte vitnar om eit lokalmiljø som er glade i byen sin og som reagerer når dei opplever at byen utviklar seg feil. Alt dette står fram som sentrale delar, eller karakteristika, som samanlagt gjer byen til det han er. Spesielt er det maritime ein slik karakteristikk, som har prega miljøet i sfærar langt ut over det som har noko med kyst og fiske å gjere. Gjennom framstillingane av den maritime kulturen kan vi seie at utan denne hadde ikkje byen vore den same. Kystkulturen og ringverknadane av denne, som til dømes utfarten, satsingsmentaliteten og arkitekturen, blir sentrale element i måten å snakke om byen på. På grunn av særstillinga det maritime har fått i konstruksjonen av staden si meining kan vi sjå dette som ein prototyp på byen.

Der er semje blant informantane om dei representasjonane av byen vi no har høyrte om. Ingen informantar har skildra byen på ein måte som bryt med dette biletet. Når desse sentrale markørane blir kommuniserte og oppfatta på ein felles måte, peiker det i retning av at dei er

ein del av den intersubjektive forståinga av Haugesund. Dette utgjer ein "common sense" versjon av byen, ein felles standardisert måte å snakke om byen på. Det intersubjektive fungerer dermed som ei referanseramme folk nyttar seg av når dei skal kategorisere byen. Dette fortel langt frå alt om Haugesund, men det fortel noko om korleis informantane i denne oppgåva vel å skildre byen. Representasjonane er ikkje naturgitte, men dradd ut gjennom ein selektiv prosess. Dei er ein måte å produsere ei viss mening til byen på (Holloway og Hubbard 2001). Gjennom å fokusere på akkurat desse kvalitetane har informantane valt å fortelje om nokre spesifikke sider ved byen, samtidig utelet dei andre. Biletet desse representasjonane teiknar av Haugesund seier noko om korleis byen er, og ymtar på same tid noko om korleis han ikkje er. Vi ser konturar av eit landskap med nokre hovudkomponentar i, og vi må no granske korleis folk relaterer seg til desse hovudkomponentane. Semje om dei viktigaste representasjonane, og at det maritime er prototypisk for byen, tyder ikkje nødvendigvis at der er semje om kva dette har tydd for byen og miljøet der. Dette blir tema for siste del av dette analysekapittelet.

5.2: Ulike måtar å "lese" Haugesund på

Medan førre avsnitt handla om det intersubjektive Haugesund skal fokuset no rettast mot dei subjektive måtane å kategorisere staden på. Sjølv om der er semje om nokre hovudkomponentar i byen sin identitet, så vil folk ha sine subjektive erfaringar som gir ein eigen måte å oppleve byen på. Stader har ikkje berre ei mening og ein identitet. Vi hugsar frå teorikapittelet at stader har multiple identitetar og at stadsomgrepet bør handsamast som eit kontekstuellt og forhandlingsbart konsept (jf. 2.6). Mangfaldet i korleis det subjektive Haugesund tar form er viktig å få fram for å vise at stader ikkje er statiske og homogene.

Som nemnt i del 2.2 i teorikapittelet kan romlege kategoriseringar vere meningsfulle i somme kontekstar og i somme ontologiar og kosmologiar (Aase 1994). Med andre ord kan romlege kategoriseringar vere meningsfulle blant dei som deler eit felles verdsbilete. Menneska sine livsverder er difor relevante når vi freistar å forstå korleis folk konstruerer seg meningsfulle stader. For somme er Haugesund mangfaldig, for andre einsidig. Gro har ikkje ei kjensle av at byen er open, men opplever heller miljøet som klaustrofobisk. På spørsmål om ho kan skildre byen byrjar ho med å forklare at byen er:

”Liten og oversiktleg....men elles så synest eg ikkje at det er så mykje å skryte av her, eg veit ikkje heilt korleis eg skal selje byen. Eg synst at miljøa her er veldig etablerte og det er negativt. Eg ser det meir og meir. Her er mange fisefine folk. Eg føler ikkje at eg kan kle meg sånn som eg vil, her skal det liksom vere sånn og sånn. Inne i hovudet mitt er det i alle fall slik. Du kan liksom ikkje heilt vere deg sjølv her. Du blir litt styrt av at miljøet er så etablert...No må eg tenkje, eg veit ikkje heilt kvifor eg eigentleg bur her. Men sjølv om det er klaustrofobisk her så er det også trygt. Det at ein har familien her og har felles referansar med folk frå før i tida gjer det også trygt å bu her”.

Denne skildringa samsvarer ikkje spesielt godt med openheita som vart referert til i del 5.1. Gro gjer ikkje krav på den einaste versjonen av det sosiale miljøet, men viser til at inne i hovudet hennar er det slik. I hennar livsverd består byen av mange ”fisefine folk” som gjer miljøet etablert. Dette er eit miljø ho ikkje identifiserer seg med, og som gjer at ho ikkje kan vere seg sjølv. På bakgrunn av dette kategoriserer ho byen som klaustrofobisk. Ho kategoriserer rom etter livsverd. Det er ei subjektiv kjensle det er snakk om, ei slags romleg førestilling om at du ikkje skal skilje deg ut. Denne førestillinga gir reelle konsekvensar i form av at ho vel å ikkje kle seg slik ho eigentleg ønskjer. På denne måten legg stadkjenslene føringar på praksis. Ho handlar i tråd med det ho trur er forventa på staden, og slik er ho med på å reprodusere dei romlege kategoriseringane ho skisserte ovanfor. Samtidig som byen er klaustrofobisk for kvinna, opplevast den òg som trygg. Kategoriane klaustrofobisk og trygg treng ikkje å utelukke kvarandre. Byen kan opplevast som begge deler, noko som viser at vi ikkje har eit eindimensjonalt forhold til stader.

Som vi såg tidlegare i dette kapitlet kunne Haugesund bli opplevd som ein by der det var viktig å vere moderne og pen, altså ei orientering mot materielle verdiar. Espen har reflektert litt over dette. Han er engasjert på kulturfronten, og han har klare meiningar om denne mentaliteten:

Espen: *”Haugesund er ein open by, den har fin storleik, godt kulturtilbod. Den er service retta, samtidig som den er konservativ og borgarleg, som ein kremmarby. Konservatismen ser ein gjennom verdiar og haldningar, korleis folk går i motekle og køyrer fine bilar. Her er mykje fokus på materielle verdiar”.*

Int.: *”Er byen både open og konservativ/småborgarleg på same tid”?*

Espen: *”Ja, openheita går på det at det er lett å få folk i tale, det blir ytt god service, folk bidreg positivt i jobbsamanheng. Denne serviceinnstillinga gjer at byen kjennast open. Men eg saknar debattar. Debattane er einsidige her, vi har ei platt og lite givande avis. Store og viktige ting blir ikkje debattert. Byen er fattig sånn sett. Men det er dette som er den rådande retninga i Noreg i dag, folk tenkjer økonomi, alt skal målast. Kultur blir ikkje vurdert som eit gode i seg sjølv. Kommuneøkonomien er dårleg. Men det blir større og større vekt på materielle verdiar og materiell levestandard. Individet framfor kollektivet. Her er Haugesund langt framme”.*

Espen stadfestar den intersubjektive semja om at Haugesund er ein open by, men nyanserer openheita slik at ho får eit anna meiningsinnhald enn det vi såg i del 5.1. Etter hans mening gjeld openheita i samband med service og handel, altså i visse kontekstar. Når det gjeld verdiar og haldningar meiner han byen er konservativ. Han kategoriserer byen etter egne verdiar og ideologiar. Gjennom Gro og Espen sine måtar å oppleve byen på ser vi det Aase (1994) påpeika, nemleg at ulike måtar å forstå stader på kan koplast til ulike livsverder og verdisett (jf. 2.2). Sjølv om der finst noko interubjektivt som ramme for korleis haugesundarar snakkar om byen, så har Gro og Espen i sitata ovanfor vist viktige nyansar i korleis byen blir tillagt mening av ulike folk. Dette understrekar behovet for kontekstsensitive analysar av konstruksjon av rom. Ein innfallsvinkel til viktige nyansar i konstruksjon av rom er å utforske korleis prototypar kan bli evaluert ulikt av forskjellige folk. Det kan også vere nyttig å sjå nærare på korleis romleg kategorisering kan variere etter ulike formål folk måtte ha med kategoriseringa. Dette blir tema for dei to neste underkapitla.

5.2.1: Ulike evalueringar av prototypar

Semje om sentrale markørar på byen, tyder ikkje at det nødvendigvis er semje om kva konsekvensar dette har hatt for byen. Vi såg i førre avsnitt korleis kystidentiteten utgjer ein hovudkomponent i stadsidentiteten til Haugesund, og korleis informantane bruker denne til å forklare kvifor Haugesund er ein open by. Vi skal no sjå at der er andre tolkingar av kystidentiteten enn det vi fekk presentert ovanfor. Ikkje alle deler oppfatningane om at sjøfartstradisjonane har gjort Haugesund til ein open by, heller tvert i mot. Einar er ein 70 år gamal pensjonist. Han definerer seg på den politiske venstresida. Han meiner at sjømenn heller har kome heim med skrekkhistorier om andre land og kulturar enn opne sinn:

”Sjøfolk er merkverdige...mangelfull utdanning og med lite kjennskap til andre land, kjem heim fulle av fordomar mot desse tåpeleg arabarane som går med vide bukser fordi dei trur at Muhammed skal bli født på nytt av ein mann. Det er ein gamal myte som har levd her lenge. Nei, byen har ikkje blitt meir open i haldningar av den grunn. Du reiser ut og kjem til land der alt er flott og fjongt. Ein fyr sa til meg ein gong at Cuba før Castro var ein flott plass, men etter revolusjonen var det heilt umogleg. Når han skulle forklare kvifor så var det fordi det var ikkje noko land det var kjekkare å kome til enn Cuba før revolusjonen, då var det berre barar som tok i mot dei, lekre damer og det heile. Det var det som var hans målestokk; eit land det var kjekt å kome til! At Haugesund er ein ”open by” og med ”impulsar” utanfrå, ja, men kva for nokre impulsar? Og kvar reiser du for å finne dei? Og kva er det som kjem tilbake? Så har du den beundringa av Amerika, der er det masse pengar og alt er så flott. Så har du dei svarte jævlane som går i slummen der borte, men dei har berre seg sjølv å takke

for hadde dei oppført seg som skikkelege folk så hadde dei ikkje trengt å vere i slummen. Det er akkurat dei impulsane der du får heim av sjømenn!”

Einar stadfestar at det maritime miljøet er karakteristisk for byen, men han vurderer ringverknadane av dette på ein anna måte enn til dømes ordføraren gjorde. Han meiner konsekvensane av utfarten ikkje har gjort byen opnare i haldningar, fordi han ser det som feil type erfaringar og feil type haldningar sjøfolka representerer. Dersom vi ser det maritime som prototypisk for Haugesund, så viser no empirien korleis prototypar kan bli evaluert ulikt av folk. Einar bruker prototypen ”det maritime” stikk motsett av det vi tidlegare har sett; ikkje til å argumentere for at dette har gjort Haugesund til ein open by, men heller å vise at sjøfolk er fulle av fordommar mot andre kulturar. Dette gjer han på basis av sine eigne verdiar.

Torstein har den same forståinga av sjøfolk som Einar, men bruker denne forståinga på ein annan måte. Han er også mannleg pensjonist. Han synest det er for mange innvandrarar i Haugesund no, og han meiner at dette er noko mange av lokalbefolkninga ergrar seg over. Eg spør:

Int.: ”Men tradisjonen Haugesund har på skipsfart og fiske, har ikkje dette gjort det enklare for byen å ta imot nye kulturar?”

Torstein: ”*Nei, langt derifrå. Dersom me har rasistar her så er det sjømennene. Dei har gått i land nede i Arabarlanda og sett korleis det er der, og dei har kome heim og fortalt at der nede kan du ikkje gå i land med eit nytestamente i handa, då får du handa hogd av. Nei, dei har fortalt mykje negativt, du. Eg har lest ein del av Islam sjølv, og det er hatets og løgnes religion. Dei bløffar og lyger og driv med kristendomsforfølgning. Nei, i Arabia måtte du ikkje kome med eit nytestamente.*”

På same måte som Einar gir også Torstein klar melding om at det ikkje nødvendigvis er ein samanheng mellom det å reise ut og det å vere open for nye kulturar. Men der stoppar også samanlikninga. I motsetnad til Einar som bruker dette som argument til å ta avstand frå dei haldningane han meiner at sjøfolka representerer, så bruker Torstein sjøfolka til å stadfeste det han sjølv meiner. I denne samanhengen ser vi korleis det maritime miljøet som prototyp blir evaluert ulikt av Einar og Torstein. Vi ser at dette heng saman med dei ulike verdsbileta dei har. I Einar sitt verdsbilete er sjøfolk lite opplyste og formidlar fordommar, og dette ser han som negativt for byen. Torstein har òg eit verdsbilete av sjøfolk som rasistar, men som formidlarar er det bra for byen, fordi han sjølv meiner at Islam er ”*løgnen og hatets religion*”. Måten prototypen blir brukt på kan altså ikkje sjåast uavhengig av Torstein og Einar sine verdigrunnlag, fordi desse verdiane styrer evalueringa dei gjer av prototypen.

5.2.2: Ulike formål med kategorisering

Gjennom kategorisering blir verda forståeleg for oss (jf. 3.3.1) og gjennom dei romlege kategoriseringane forstår vi stader. I følgje Lakoff og Johnson (2003) kan kategorisering ta form etter det formålet personen har med kategoriseringa. Dei neste sitata viser korleis ein og same person sine kategoriseringar kan skifte etter formålet og konteksten. Olav er omkring 50 år og har budd i Haugesund heile livet. Han er svært engasjert og glad i byen sin. Tidleg i intervjuet spurde eg korleis han ville skildre Haugesund for nokon som ikkje kjende byen. Han svarte med lange lokalhistoriske forteljingar som krinsa kring kystkulturen, før han oppsummerte til slutt:

”Det er ein fiskeby, med mykje ver, og mykje sjø. Byen har ansiktet mot sjøen så det er ein open by, det er lett å få kontakt med folk her, me har fått mykje input utanfrå, og dette viser seg gjennom ord og uttrykk som me har som har kome frå utlandet, for eksempel ‘sem-sem’ som tyder tyggis, og ‘switz’ som tyder tenningsnøkkel” (Olav).

Seinare i intervjuet dreiar samtalen seg om asylsøklarane og flyktningane som har kome til byen, og Olav har ei klar meining om at *”Me må gi dei ansvar og tillit, for det er mykje dei kan. Dei må få moglegheiter, og dei treng dørøpnarar”*. Sjølv har han ein ikkje-vestleg svigerson. Han klarte å overbevise svigersonen om å skaffe seg utdanning, og no er Olav veldig stolt over at svigersonen har fått seg jobb. Etter Olav si meining er det er positivt med innvandrarar så lenge dei blir integrert. Han ergrar seg over at ikkje alle er like positivt innstilt som han sjølv, og han forklarar meg at dette har noko med fattigmannstrøst å gjere:

Olav: *”Folk vil helst ha det sånn. Dei vil at det problemet skal henge der. Folk vil gjerne ha nokon å halde nede. Det er mange dyktige folk blant dei, men nokon vil halde dei nede”.*

Int.: *”Men du sa jo innleiingsvis at Haugesund er ein open by og at det var lett å kome i kontakt med folk. Kvifor er skepsisen likevel så stor?”*

Olav: *”Det er ei vesentleg forskjell på det. Det at folk reiser ut og kjem heim med impulsar er noko anna enn når folk kjem hit...då blir det meir vanskeleg med ein gong. På sjukehuset er der ein dyktig lege, han braut all kontakt med sine landsmenn og vart godt integrert...men det spørst kvar dei kjem i frå, eg kallar det litt Bak-India der dei kjem frå, også har du dei som kjem med hiv...”*

Int.: *”Synst du at der er ei øvre grense for kor mange flyktningar og asylsøklarar Haugesund bør ta i mot, og i så tilfelle er ein nærme denne grensa no?”*

Olav: *”I forhold til kommunen si gjeld så nærmar me oss kanskje grensa...men når det gjeld val så kan jo grupperingar ta over styringa, så vi er nær den grensa no. Det skal ikkje mykje til før vi tippar over. Men me emigrerte jo sjølv til Amerika. Men flyktningane som skal vere her må arbeide. Det er mange av dei som vil noko, svigersonen min klarar seg fint no”.*

Dialogen seier mykje om temaet vi er inne på. I denne omgang skal vi konsentrere oss om kategoriseringar og formålet med desse. I byrjinga av intervjuet kategoriserte Olav byen som open, og viste til kystidentiteten. Formålet med denne kategoriseringa var å gi ei skildring av byen. Han la utelukkande vekt på kvalitetar han meinte var positive ved byen, då han nok ønskte at desse kvalitetane skulle gi eit godt bilete av heimstaden hans. Å forklare skepsisen overfor innvandarane i byen krev ei anna kategorisering med eit anna formål. Dette formålet krev at han nyanserer kategoriseringa av byen som open slik at den høver til formålet, nemleg å forklare skepsisen overfor innvandarane. Det som kjem fram då er forklaringar om at folk treng å ha nokon dei kan halde nede, og dette kallar Olav for fattigmannstrøst. Det vi står att med er eit meir nyansert bilete av eigenskapane folk tilskriv staden, og at desse eigenskapane gjeld berre i somme samanhengar og overfor somme menneske. Denne nyanseringa såg vi først når vi kom inn på temaet innvandring. I Cresswell (1996) sin terminologi kan vi seie at det som er "in place" (meininga ved staden) har fått ei nyansert tyding gjennom det som er "out of place" (asylsøklarane og flyktningane). Når vi kom inn på temaet om lokalsamfunnet sitt forhold til asylsøklarar og flyktningar forstod vi at den omtalte openheita gjaldt først og fremst i forhold til at folk har reist og erfart andre kulturar ute. Openheita er ikkje nødvendigvis den same når andre kulturar kjem til Haugesund.

5.3: Oppsummering

Vi har no fått innsikt i korleis informantane opplever og knyter mening til Haugesund, og i siste del av kapittelet har vi sett nokre viktige nyansar i denne meningskonstruksjonen. Både den dominerande, tatt-for-gitte måten å forstå byen på, samt folk sine "sense of place", vil følgje oss vidare i dei neste kapitla. Likevel sit vi att med ei viss forvirring. Kvifor argumenterer Olav først mot dei som ønskjer å halde innvandarane nede, for så på neste spørsmål å forklare at grensa snart er nådd for kor mange asylsøklarar og flyktningar byen kan ta i mot? Kvifor fryktar han at innvandarane skal ta over styringa når han tidlegare i intervjuet var opptatt av at dei trenger fleire døropnarar? Denne ambivalensen skal vi granske vidare i neste kapittel, som omhandlar meir direkte korleis lokalbefolkninga ser på innvandring. Så langt har vi sett kva mening informantane knyter til byen. Dette er første steg på vegen til å svare på problemstilling 1 (jf. 1.2), der spørsmålet var om lokalbefolkninga sine romlege kategoriseringar har innverknad på møtet med asylsøklarar og flyktningar. I dette kapittelet har dermed grunnlaget har blitt lagt for å sjå om meininga informantane tillegg Haugesund blir brukt i debatten om innvandring, og eventuelt kva måte den blir brukt på.

Kapittel 6:

Eit lokalsamfunn i møte med dei Andre

Korleis rører ei lokalbefolkning sine stadkjensler ved synet på innvandring? Gjer innvandring til staden noko med lokalbefolkninga sitt syn på heimstaden? Desse spørsmåla er utgangspunktet for dette kapittelet. Vi skal no sjå korleis informantane framstiller møtet med asylsøkjjarar og flyktningar. Analysen tar fatt i om lokalbefolkninga opplever at dette møtet utfordrar noko ved meiningsaspektet som staden vart gitt i førre kapittel, og om det aktiverer eventuelle nye sider ved staden. Spørsmålet blir så om desse eventuelle endringane er kjærkomne eller ikkje.

På same måte som informantane sine stadkjensler er mangfaldige, er også informantane sitt forhold til innvandring samansette og fulle av viktige nyansar. Likevel er nokre synspunkt felles for informantane, og desse kan difor seiast å utgjere ein dominerande diskurs i informantane sine meiningar om temaet. I dette kapittelet vil eg starte med å presentere desse fellestrekk. Vidare går eg meir inn på nyansane i informantane sine ytringar, og ser desse i lys av dei romlege kategoriane dei har. Kapittelet vil svare på underproblemstilling 1.1, og det blir avslutta med ein oppsummerande diskusjon som svarer på problemstilling 1 (jf. 1.2).

6.1: Felles forståingar i debatten om innvandring

Dei dominerande synspunkta som blir presenterte i dette avsnittet er generelle, og dei er lite stadspesifikke i den forstand. I argumentasjonen kan det vel å merke bli brukt lokale referansar. Denne empirien går likevel meir inn i ein nasjonal debatt enn ein stadspesifikk debatt. Eg meiner desse synspunkta er relevante for korleis lokalbefolkninga opplever situasjonen også i Haugesund. Eg presenterer difor denne delen av empirien først, før eg i avsnitt 6.2 tar for meg den lokale situasjonen, som jo tross alt ikkje kan sjåast isolert frå den nasjonale.

Arbeid er eit nøkkelord i denne samanhengen. Informantane meiner at arbeid er beste integreringstiltak. Dei meiner det er uforståeleg at ikkje asylsøkjjarar skal få løyve til å arbeide medan dei ventar på svar på asylsøknaden. Informantane meiner at om asylsøkjjarane hadde

vore i arbeid ville lokalbefolkninga ergra seg mindre, fordi dei då hadde sett at dei gav noko tilbake til lokalsamfunnet gjennom arbeidskrafta si.

Uavhengig av kva haldningar informantane har til innvandring er der eit sterkt ønske om at nordmenn som vertskap må stille strengare krav til asylsøkjjarane og flyktningane. Krava går ut på at innvandrarane må tilpasse seg norske forhold i større grad enn dei har gjort til no. Dette er typiske døme på argumentasjonen som føregår i den offentlege debatten på nasjonalt nivå, slik vi såg i innleiingskapittelet (jf. 1.1.4). Mange informantar trur at dersom vi ikkje stiller strengare krav, vil nordmenn og innvandrarar gå lengre og lengre frå kvarandre. Dette grunnjev dei med at utan krav vil innvandrarane berre nytte seg av sosialstønadane staten gir, og ikkje gi noko tilbake. Dette igjen vil irritere nordmenn og gjere det vanskeleg for innvandrarane å bli integrerte. Når innvandrarane ikkje blir integrerte vil dei lettare ty til kriminalitet, noko som igjen vil føre til meir skepsis blant majoriteten. I Bateson (i Lien 2002) sin terminologi kan vi kalle dette ei symmetrisk skismogenese. Det vil seie at oppførselen til ei gruppe stimulerer til ein type oppførsel hjå ei anna gruppe som igjen stimulerer til forsterking av den første gruppa sin oppførsel. Slik blir det skapt ein prosess av kumulativ interaksjon mellom grupper (Bateson i Lien 2002). I dette ligg det at minoritetane si manglande integrering fører til større utstøying frå storsamfunnet, noko som igjen gjer integrering endå vanskelegare. For informantane er denne skismogenetiske prosessen framleis berre førestilt. Utan strengare krav til tilpassing er dette eit scenario informantane fryktar vil kome meir og meir dei neste åra.

Mange ytringar går på at det må vere lov å ha meiningar om dette temaet utan å bli kalla rasist. Det er tydeleg at mange har følt at dei ikkje har hatt lov til å ha meiningar om innvandring. Dagfinn er ein av dei:

”Det blir skriva i avisa at alt som kjem er ressursar, eg ser det annleis, men då blir du kalla rasist. Og dette med rasist, hvis du spør ein om han kan definere ein rasist så kan han ikkje det, men hvis du berre snakkar økonomisk om dette så er du rasist i Noreg. Sånn er det blitt. Å utrydde raser og at den eine rasen skal vere betre enn den andre, det er jo det som er å vere rasist, men det er stor forskjell på det og for eksempel å ha ei meining om innvandring. Eg har aldri vore rasist, men eg har vore i Fr. p frå Anders Langes parti, eg. Men eg har budd saman og studert saman med grekarar og tyrkarar, det var aldri noko problem det”.

Dagfinn sin frustrasjon er eit typisk eksempel på det problematiske ved ikkje å kunne ha kritiske meiningar om temaet utan å bli kalla rasist. Dette er eit døme på det vi såg i del 1.1.4,

nemleg at debatten ofte går til ytterpunktane der posisjonane anten blir definert som naive og kulturrelativistiske eller rasistiske. Fleire av informantane har uttrykt det same som Dagfinn. Dette heng tett saman med etterlysning av strengare krav til integrering. Det er eit vanleg synspunkt at utan oppfølging og integreringstiltak kan det ikkje forventast at innvandrarane skal meistre det norske samfunnet. Håkon er spesielt oppteken av dette, og har sjølv tilsett innvandrarar i bedrifta si:

”Sånn som det er no ser du meir innvandrarar enn dine egne i gatene. Men det er jo fordi dei ikkje er i arbeid. Utan oppfølging er eg redd me lagar taparar. Sånn som dei må leve og bu, - dei blir satt under press. Eg ville ikkje ha garantert for meg sjølv i ein slik situasjon”.

Bodskapan er at vi må leggje betre til rette for integrasjon. Håkon er bekymra for at vi i dag lagar ei ny underklasse ved å ikkje gi innvandrarane gode nok integreringsprogram. Han meiner at dersom integrering skal bli vellukka, så treng dei nye gruppene dørøpnarar. Ved å stenge dei ute frå sosiale fellesskap, arbeidsmarknaden og bustadmarknaden vil dei ikkje meistre å bli integrert. Denne typen argumentasjon baserer seg på ei oppfatning om at så lenge ikkje innvandrarane er integrerte vil det slå tilbake på majoriteten. Mange meiner at i dag er nordmenn og innvandrarar på veg frå kvarandre, jamfør den førestilte skisomgenesen (Bateson i Lien 2002). Skal denne kursen snu må det stillast strengare krav til språkopplæring og kulturell tilpassing. Håkon fortsetter slik:

”Men så lenge me ikkje gir dei arbeid så lagar me ris til oss sjølve. Me kunne ha hatt midlartidig arbeid til dei i det minste. Lediggang er rota til alt vondt, både for nordmenn og utlendingar. Eg meiner at me helst bør hjelpe dei der dei bur. Men skal dei hit så må vi ha arbeid til dei, la dei føle at dei er til nytte. Eg har tilsett utlendingar sjølv eg. Hvis ikkje me gir dei arbeid byggjer me opp hets i våre egne mot dei”.

Håkon er ikkje åleine om å meine at vi helst bør hjelpe gruppene i heimlanda sine. Dette argumentet går inn i rekkja av det som er felles i oppfatningane om korleis integreringspolitikken bør vere. Vidare er det viktig å få fram at det ikkje er asylsøklarane og flyktningane i seg sjølv som blir kritiserte, men først og fremst statsapparatet som er ansvarleg for politikken som blir ført på feltet.

Vi har no sett nokre generelle tankar informantane har om innvandring. Denne delen av empirien kan relaterast til den nasjonale debatten om innvandring som eg gjorde greie for i del

1.1.4. Eg går heretter meir direkte inn på den lokale situasjonen i Haugesund, og ser om haugesundarane sine stadkjensler kan koplust til syn på innvandring.

6.2: Syn på innvandring kopla til det romlege

Eg vil no sjå om informantane sine haldningar til innvandring kan relaterast til dei romlege kategoriseringane frå kapittel fem. Her såg vi korleis informantane sine forståingar av Haugesund gjorde byen til ein sosial og meningsfull stad med nokre spesifikke markørar. I teorikapittelet vart det forklart korleis stader kan ha ein ideologisk dimensjon knytt til seg (Cresswell 1996). Ein ideologi kan sjåast som idear og normer knytte til praksis. Ideologiar vil såleis leggje føringar på kva type praksisar som er forventa å skje på staden (jf. 2.4.1). På denne måten blir det skapt ei "common sense" forståing av kva praksisar som er aksepterte og ikkje frå stad til stad. Dette betyr at folk vil forvente ein viss type handling og oppførsel som samsvarer med staden si mening. Desse praksisane er i sin tur med på å skape og reproducere ei "common sense" forståing av staden (Cresswell 1996). Vi skal no sjå korleis rolleforventningane til folk på staden heng saman med staden si mening.

6.2.1: Rolleforventningar og kvardagsliv

Linton (1936) seier at eit samfunn er avhengig av eit mønster for innbyrdes oppførsel mellom individ eller grupper. Slik blir rolleforventningar ein føresetnad for all sosial samhandling. Dei gjer det mogleg å tolke andre sine handlingar, og å forstå andre sine reaksjonar på eigne handlingar (Linton 1936). Når det finst ulike rolleforventningar knytte til ein status kan dette sjåast som ein kulturkollisjon (Aase 1997b). Gro har eit sett av roller ho forventar at statusen *foreldre* inneber:

"Når det gjeld innvandrarakar så har eg ikkje anna kontakt enn det at der bur folk i nabolaget. Ungane går på skule med innvandrarakar, og det som dei fortel er at dei heng mykje for seg sjølv. Han eine seier at du kan ikkje kome på kant med ein av dei før heile gjengen er der og skal støtte opp. Eg har snakka med ei dame i nabolaget, ho er litt meir open, men dei kjem ikkje til foreldremøte, ikkje i barneselskap, dei møter ikkje opp på fotballkamp. Eg meiner dei blir tatt for mildt, alt går i favør til dei, og det blir urettferdig. Det gjeld liksom andre reglar for dei".

Gro forventar at innvandrarforeldre skal utøve foreldrerolla på same måte som etnisk norske foreldre, og ho reagerer når dei ikkje gjer det. Når dei ikkje gjer det som er forventa av dei ser ho det som eit teikn på at dei blir "tatt for mildt". Det interessante er at det er dei uskrivne rolleforventningane informantane reagerer på. Å la ungene få spele fotball handlar om meir

enn berre fotball. Det handlar om at foreldra skal møte opp på kampar, hjelpe til med loddsal, kjøre til bortekampar også vidare, altså alt det som norske foreldre har gjort i fleire generasjonar, og som majoriteten tar for gitt. Å reagere på slike kvardagslege hendingar kan virke trivielt, men kvardagsliv er ein viktig del av folk sine livsverder. Kvardagslege erfaringar er spesielt gode utgangspunkt til å vinne innsikt i tematikken, fordi kvardagslivet kan sjåast som *"simply the fundamental reality which creates, maintains and transforms everyone of us as self-aware and self-conscious individuals"* (Eyles sitert i Setten 2002: 247). Kvardagslivet blir altså sentralt i forhold til livsverder og meningskonstruksjon.

For å illustrere poenget med rolleforventningar og kvardagsliv vidare vil eg referere til nokre episodar frå ein småbarnfamilie sitt nabolag. Marie er tobarnsmor og aktiv i nabolaget si velforeining. Ho fortel om flyktningfamilien som bur i same gate slik:

"Der er ein familie, eg veit ikkje om dei er asylsøklarar eller flyktningar. Det har ikkje vore alvorlege konflikhtar, men noko konfrontering har det vore. Den familien, der er det sånn at faren køyrer pirattaxi på kveld- og nattetid. Om dagen bruker kona bilen til å køyre barna rundt med, men ho har eigentleg ikkje lappen. Likevel køyrer ho med barna i baksetet, utan bilbelte. Dette er litt urovekkande, og ho eine naboen her sa i frå at ho ikkje kan kjøre utan lappen, og at forsikring ikkje vil gjelde dersom noko skjer. Då reagerte dama med å seie at hvis ho blir tatt så vil ho berre leike at ho ikkje visste om det, og spele på det at ho ikkje kjenner det norske systemet. Dette var provoserande for den norske dama som sa i frå. Men ein kan no ikkje alltid ha drømmeinnvandrarer som nabo heller. Dessutan så ser me på tennene til ungane at dei er veldig dårlege, og det blir ikkje gjort noko med det. Det er sånt som også er litt frustrerande å ikkje kunne gjere noko med. Men me har blitt følgt opp på ein heilt annan måte enn dei. I Kosovo er det sikkert slik dei gjer det, dei tek ikkje spesielt vare på tennene sine, og å kjøre pirattaxi og å kjøre utan lappen er kanskje heilt greitt der".

Vi ser korleis rolleforventningar og praksis er knytt til stader: *"I Kosovo er det sikkert slik dei gjer det"*. Igjen er det kvardagslege erfaringar som er temaet, det er ikkje snakk om store konfrontasjonar, men likevel kjelde til provokasjon. Å køyre bil utan lappen er ikkje kritikkverdig berre i Haugesund. Det er uloveleg i Noreg og dermed bannlyst nasjonalt. Det som er vel så interessant i det Marie fortel er reaksjonen flyktningkvinna viste når ho vart fortalt at ho ikkje burde køyre utan sertifikat. Å leike at ho ikkje kjenner dei norske reglane var å bryte med ein uskriven forventa oppførsel. Denne måten å svare på var provoserande for nabokvinna som sa i frå, og var like *"out of place"* som sjølve bilkøyringa. Det er Marie og den norske nabokvinna sine eigne målestokkar på kva som er rett og høveleg åtferd som gjer at dei reagerer. Når forventningane knytte til roller og stader samsvarer med dei som er på toppen av hierarkiet, kan dei seiast å vere ideologiske (Cresswell 1996). I dømet ovanfor er

majoriteten sine verdiar utgangspunktet for rolleforventningane, og minoriteten sine praksisar blir dermed "out of place". Etersom der er eit asymmetrisk maktforhold mellom dei to gruppene kan vi sjå det slik at lokalbefolkninga har meir makt til å definere byen si mening enn innvandrarene har. Når meininga til byen er definert ser vi at forventningar til praksis og roller òg er definert. Ulike folk har ulike idear om kva som er høveleg og kva som ikkje er det. Når desse ideane blir knytt til stader blir ulike normative geografiar skapt. Dersom ulike romlege ideologiar kjem i konflikt, vil den normative geografien bli definert av dei som har makt til å gjere det, altså majoriteten (Cresswell 1996). Det er majoriteten som seier at du ikkje skal late som du ikkje kjenner dei norske reglane for bilkøyring, spesielt ikkje når du nettopp har blitt dei fortalt. Du skal heller ikkje la vere å møte på fotballkampar eller i barneselskap, og å stelle tennene skikkeleg er eit ufråvikeleg krav. Kanskje er det ikkje slik i Kosovo, men slik er det her.

Det er ikkje berre i forhold til provokasjon at kvardagslege erfaringar er viktige. Kvardagslivet kan også vere kjelde til positive opplevingar av det å ha asylsøkjjarar i nabolaget. Sivert bur sentrumsnært og er aktiv i nabolaget si velforeining. På den andre sida av gata er ei av det desentraliserte asylmottaket sine leilegheiter:

Sivert: "Der bur nokre rett over butikken, og nokre rett over gata her. Dei første som kom var frå Kosovo, dei kom vi kontakt med, dei hadde barn på alder med den yngste vår, så dei var over her på kaffi. Men dei måtte tilbake. Dei som kom etterpå oppførte seg også, og dei som bur der no veit eg ikkje kven er. Lenger nede bur det nokon frå Irak, han eine går i klassa til eldste guten vår, han er ein kjekk gutunge, glad i å sparke fotball. Ungane møter opp på grilling her nede på plassen, men ikkje foreldra".

Int.: "Er der reaksjonar på det frå naboane?"

Sivert: "Nei, ingen reaksjonar frå naboane angående det å ha venteleiligheit i nabolaget, eg har ikkje høyrte noko negativt. Ikkje bråk eller noko sånt. Dei er jo folk på lik linje med oss sjølve, og eg sjølv har ingenting i mot dei".

Sivert har positive erfaringar med å ha asylsøkjjarar i nærmiljøet sitt. Sjølv om foreldra til barna ikkje møter opp til grilling slik dei norske foreldra gjer, så er ikkje det noko som irriterer han. Han stiller ikkje dei same rolleforventningane til desse gruppene som vi såg Gro og Marie gjorde. Eit påtrengande spørsmål er kvifor Sivert erfarer det fleirkulturelle møtet på ein annan måte enn Gro og Marie gjer. Kan dette relaterast til kva forhold informantane har til heimstaden sin? Sivert er nordlending og avsluttar intervjuet med denne kommentaren:

”Nei, det kan vel kanskje vere fordi eg er nordlending at eg ikkje ser problema med innvandring, eg veit ikkje. Dei seier at nordlendingar er meir opne, og eg har jo sjølv flytta rundt omkring”.

Han ymtar om at det å ha budd fleire plassar gjer at han ikkje opplever innvandring som trugande. Dette er likevel ikkje ei forklaring vi kan kvile på, fordi Gro og Marie er heller ikkje spesielt forankra i Haugesund. Likevel opplever dei frustrasjonar i møtet med dei Andre. Gro er ikkje spesielt glad i byen, ho opplever han som klaustrofobisk (jf. 5.2). Marie er glad i byen, men har budd vekke i 12 år og opplever det etablerte Haugesund som traust. I denne samanhengen blir det meir nyttig å snakke om dei kvardagslege erfaringane informantane har hatt med asylsøklarar og flyktingar, og å ta desse på alvor i forhold til korleis det fleirkulturelle møtet tar form.

6.2.2: Innanfor og utanfor

Omgrepet *inn*vandring impliserer vandring *ut* av noko og *inn* i noko anna. I denne samanhengen konsentrerer vi oss om folk som kjem utanfrå og inn til Haugesund. Dette medfører at innvandarane flyttar seg frå ei side av ei grense, frå grensa som definerer kvar som er utanfor byen, til den andre sida av grensa innanfor. Eit kart med kommunegrenser vil enkelt peike ut kvar denne grensa går. Ved hjelp av kartmetoden ser vi grensene for den fysiske staden Haugesund, men ettersom denne oppgåva tek for seg meiningsaspektet ved stader leitar vi etter grenser som ikkje kan lesast av på eit kart. Det er snakk om grenser som er konstruert i folk sine medvit, det vil seie grenser som ikkje treng å vere dei same for alle. Det handlar om kva som utgjer den normative geografien, altså kva som er innanfor og utanfor dei normative karakteristika knytt til Haugesund.

Sjølve omgrepa innanfor – utanfor er, i følgje Lakoff og Johnson (2003), ontologiske metaforar. Å bruke desse omgrepa er ein måte å sjå hendingar, aktivitetar, kjensler, tankar og så vidare som sjølvstendige einingar. Det er våre grunnleggjande erfaringar av orientering i rommet, som mellom anna opp – ned, framside – bakside, sentrum – periferi, som gir opphav til denne typen metaforbruk. Strukturen i romlege omgrep oppstår difor gjennom interaksjon i det fysiske miljøet, altså romlege erfaringar:

”Vi er fysiske vesener, avgrenset og adskilt fra resten av verden av hudoverflaten, og vi erfarer resten av verden som noe utenfor oss selv. Hver av oss er en beholder, med en avgrensede overflate og en inn – ut- orientering på andre fysiske gjenstander som er

avgrenset av overflater. Derfor betrakter vi dem også som beholdere med en innside og en utside” (Lakoff og Johnson 2003: 31).

Lakoff og Johnson (2003) har altså ein teori om at abstrakt tenking har basis i kroppsleg erfaring. Kroppen, og den kroppslege erfaringa i rommet, er grunnlaget for å tenkje i dei metaforiske omgrepa innanfor og utanfor. På denne måten kan vi omgrepsfeste det ikkje-fysiske ut i frå det fysiske, det vil seie vi omgrepsfestar det som er mindre klart avgrensa ut i frå det som har klare grenser (Lakoff og Johnson 2003). I Lakoff og Johnson sin terminologi kan vi tenkje på Haugesund som ein behaldar med ei innside og ei utside. Spørsmålet er kva som skjer når det som er på utsida kjem inn. Vi må hugse at omgrepa er *metaforiske*, at dei altså strukturerer ei forståing av eit type fenomen i termane til eit anna type fenomen (jf. 3.3.3). Om ein asylsøkjjar blir kategorisert som utanfor av ein haugesundar, tyder ikkje det at asylsøkjaren står i nabokommunen og kikar inn. I denne samanhengen tyder det at han ikkje er innanfor den grensa som definerer kva som samsvarer med det meiningsinnhaldet haugesundaren gir byen sin. For at meiningsinnhaldet ikkje skal trugast trengst det symbolske grenser som skil mellom innanfor og utanfor, altså mellom det som er ”in place” og ”out of place” (jf. 2.4.1 og 2.4.2). Slik sortering mellom det som høyrer til i det lokale fellesskapet frå det som ikkje høyrer til er med på å oppretthalde ein moralsk orden på staden (Douglas 1997).

Tilbake til omgrepet innvandring. Heilt konkret inneber innvandring her at folk med ulike kulturar og verdsbilete møtest på ein og same stad. Opplevinga av at flyktingane og asylsøkjjarane representerer noko framandt som kjem utanfrå og bryt med det som er innanfor kjem til uttrykk i empirien på fleire måtar. Dette nye kan få tillagt positive assosiasjonar så vel som negative. Innvandrarene si rolle i sentrum av byen er noko fleire av informantane er opptatt av (jf. 5.1.3). Måten dei opplever innvandrarene sin måte å bruke sentrumsområdet på varierer, felles i tolkingane er at noko nytt har kome utanfrå og inn i byen. Ordføraren ser slik på det:

”Mange av dei som kjem er frå land som hadde bykultur medan vi framleis slo kvarandre i hovudet med steinøksar her oppe sant, dei har kultur for å bruke byrommet, og det er veldig positivt og det er noko nordmenn ikkje har utvikla på same måte. Så når dei er i byen då bruker dei byrommet, og når dei ikkje er på arbeid på dagtid då blir dei veldig synlege i bybilete. Og det er flott at folk bruker byen, det må eg seie er veldig positivt, men nordmenn ser ikkje akkurat den biten der, me handlar og stikker heim igjen eller så er me på jobb”.

Han opplever det som positivt at desse gruppene bruker sentrumsområdet på ein meir aktiv måte enn det nordmenn har tradisjon for. Det er altså ikkje slik at alt som kjem utanfrå representerer farar eller problem. I dette sitatet er tradisjonane utanfrå noko ordføraren ønskjer lokalsamfunnet skal bli inspirert av. Andre informantar er òg positivt innstilte til ein del av dei tinga som har kome til byen gjennom innvandringa. Det som ofte blir nemnt er dei internasjonale daglegvarebutikkane og restaurantane som aukar byen sitt tilbod innan denne bransjen. Knut er utdanna kokk og set spesielt pris på det utvida tilbodet av matvarer:

”No byrjar dei for alvor å bli integrert. Berre sjå på alle kebab- og pizzastadane og innvandrarbutikkane inne i sentrum. Det er klart at det blir jo fleire fargar i byen, og fleire restaurantar og butikkar. Det er ikkje lenge sidan me ikkje ante kva eggenudlar var for noko. Før visste vi ingenting om sånn mat. Byen blir jo meir festleg, og det opnar seg mange moglegheiter”.

Det er ikkje berre Knut som framhevar at asylsøklarar og flyktingar kan vere med på å gi større kulturforståing til haugesundarar. Dei informantane som meiner dette opplever gjerne byen som for etablert og trur det er sunt at toleransegrensene blir pressa opp. Ingvild er i tidleg trettiåra. Ho har budd i Oslo og Bergen i mange år, og har nyleg flytta tilbake til Haugesund for å etablere familie. Ho saknar eit akademisk miljø i byen. Ho meiner at haugesundarane er veldig opptatt med seg og sitt, og ho kjenner seg litt på sida av det etablerte miljøet. Ho ser at det er mange asylsøklarar og flyktingar i sentrumsområdet, men meiner at dette vil ha positiv effekt for miljøet: *”Dei er jo veldig synlege i bybiletet, men eg trur det er positivt at me venner oss til at det ikkje berre er kvite som går rundt i gatene”.* At etnisk norske barn møter barn med innvandrarakgrunn på skulen blir også sett på som bra for læremiljøet. Dette kan gjere læringa om andre kulturar meir effektiv og naturleg, og kan gi eit menneskeleg bilete av konflikthar rundt om kring i verda. Slik kan det vere med på å skape eit meir ope samfunn. Desse informantane trur på at gjennom innvandring vil vi også vinne meir vidsyn og perspektiv.

Eit meir negativt trekk informantane meiner asylsøklarane og flyktingane har bringa til byen er ein type kriminalitet som, i følgje informantane, ikkje var i Haugesund tidlegare i same omfang. Dagfinn forklarar det slik:

”Ein ser i sentrum at det er hardare kriminalitet enn det var, altså måten det gjerast på, slåsting, knusing av flasker, knivstikking... eg hugsar når eg var ungdom, me kunne vere på eit ungdomshus og det kunne bli litt krancling og ein kunne gi kvarandre eit blått auge. Men likevel så gjekk du heim med han som hadde gitt deg eit blått auge. Men i dag er det eit heilt

anna nivå, og eg er ikkje i tvil kvar det kjem i frå altså, det er ikkje me som har funne på det. Det kjem utanfrå. Det blir skriva i avisa at alt som kjem er ressursar, eg ser det annleis, men då blir du kalla rasist”.

At kriminaliteten han snakkar om ”*kjem utanfrå*” syner ei klar normativ grense (jf. 2.4.1. og 2.4.2). Vi hugsar korleis utanfor er eit omgrep basert på fysisk erfaring som kan bli brukt til å definere ikkje-fysiske erfaringar. I sitatet ovanfor nyttar Dagfinn omgrepet til å definere ei grense mellom kvar slik kriminalitet føregjekk tidlegare, ei grense som samsvarte med grensa mellom innanfor og utanfor det normative Haugesund. Han skisserer ei grense for byen som eit moralsk rom der denne type kriminalitet tidlegare ikkje fann stad. No har denne kriminaliteten likevel kome innanfor og den blir då ein trussel for den moralske ordenen i byen. Det representerer ein trussel for Dagfinn sitt ”sense of place” ettersom dette miljøet er noko han ikkje identifiserer seg med. Fordi kriminaliteten ikkje høyrer heime i Haugesund kan den sjåast som ”out of place”. Likevel har kriminaliteten ein funksjon, han kastar nemleg lys over korleis Dagfinn meiner byen eigentleg er. I Dagfinn sitt medvit var Haugesund før innvandrarane kom ein by med ein moralsk standard der kranglar var uskuldige og vart gjort opp på staden. Gjennom praksisar som er ”out of place” (hardare kriminalitet) kjem det fram ei forståing av kva som er ”in place” (uskuldig slåsting).

Helga har hatt kontakt med både asylsøkjjarar og flyktningar i jobbsamanheng i mange år. Ho meiner at det statlege systemet ikkje fungerer når det gjeld delegering av ansvar i forhold til integrasjonsarbeidet. Slik ho ser det kjem kriminaliteten i forlenginga av eit sviktande apparat. Ho forstår godt at folk i lokalmiljøet reagerer på dette:

Helga: *”Folk snakkar om det, dei ser at bybiletet er endra. Dei eldre - og eg har gamle foreldre - dei er redde for å gå i byen. Dei synst at spesielt rundt Rema og det hjørnet der at det er for mange av dei som samlar seg i gjengar og dei synst det er skremmande”.*

Int.: *”Men synst du det er ei rimeleg frykt å ha?”*

Helga: *”Eg synst nok det er ei rimeleg frykt å ha, for eg kjenner dei, og hvis du kjenner dei så veit du kvar kniven er. Den er her (informanten peikar på innsida av leggen). ”Ikkje sei eit ord for mykje”, seier eg til mor mi. Eg seier til henne at ”du går forbi og du gjer ingenting”. Eg har opplevd kniven på strupen, og eg veit kvar kniven er, og eg veit at desse har eit mykje meir høgfrekvent bruk av kniv enn det me har. Og dei kjenner seg nok provosert, og der er kniv ute blant dei. Eg ser at den frykta ikkje er grunnlaus. Eg vil ikkje ha mi mor gåande ute i byen på kveldstid. Dette er noko me ikkje hadde i Haugesund tidlegare”.*

Int.: *”Men generaliserer du ikkje litt no?”*

Helga: *”Nei, eg trur nok visse grupper er reelt å frykte, og at vi ikkje har klart å gripe fatt i dei”.*

Asylsøklarane representerer ei frykt som, i følgje Helga, ikkje var i Haugesund tidlegare. Denne frykta har gjort sitt til at spesielt dei eldre ferdast i delar av byen på ein annan måte enn tidlegare. Ho fortel om det tidlegare Haugesund på same måte som Dagfinn gjorde; som ein stad utan gjengar med kniv på innsida av leggen som samlar seg kring visse område av sentrum. Trugselen har blitt bringa inn til byen av asylsøklarane som har kome utanfrå. Seinare i intervjuet ymtar ho om det ho meiner kunne ha vore ei løysing på denne situasjonen:

”Eg meiner Haugesund sitt bybilet er blitt negativt rundt sentrum, der er altfor mange framandspråklege som driver dank og som gjer at spesielt eldre reagerer. Det er ikkje positivt. Eg er nok meir for ein dansk modell, der asylsøklarane får vere innan eitt spesielt område til dei har fått ei avklaring. Når dei har fått avklaringa er det greitt, då kan me bruke energien på dei. Desse florerer rundt i bybiletet og tek opp den same energien som ein som skal bli, det meiner eg er galt når me ser at me ikkje maktar dette fordi dei har blitt så mange”.

Vi ser korleis asylsøklarane her representerar noko som ”florerer” og ”driver dank”, og som medverkar negativt i forhold til bybiletet. Helga er av den oppfatninga at så lenge vi ikkje veit kor vidt asylsøklarane får opphald eller ikkje, så er det ikkje rom for dei i bybiletet. I det ventetida er over og dei har fått opphaldsløyve kan vi ”bruke energi” på dei. Vi ser at statusen deira er med på å definere om asylsøklarane skal vere innanfor eller utanfor bybiletet, altså det biletet som representerer byen utvendes. Bybiletet står som noko meir enn berre eit bilete av dei fysiske strukturane på staden, det står òg for dei sosiale strukturane. Det er i dette sosiale bybiletet at det ikkje er rom for asylsøklarar som ”florerer” og ”driver dank”, ettersom dette er to praksisar som ikkje samsvarer med slik Helga ser på sin eigen by.

Helga definerer asylsøklarane som utanfor samtidig som dei på mange måtar òg er innanfor; dei er både innanfor og utanfor og opptek såleis to kategoriar. Å vere i to kategoriar representerer ein ambivalens og ein trugsel for ordensbiletet. Kulturell orden er avhengig av ei sortering og avgrensing av ting som høyrer saman frå ting som er framande, utanfor og som høyrer heime andre stader. Denne differensieringsprosessen er kontinuerleg og kan sjåast som ein ryddeoperasjon som teiknar opp symbolske grenser (Douglas 1997). Når Helga føreslår at asylsøklarar bør vere i interneringsleirar inntil søknadane er handsama, kan vi sjå dette som ein slik ryddeoperasjon som systematiserer kvar grensene går for å vere innanfor og utanfor samfunnet både i fysisk og sosial forstand. Interneringsleirar er noko av det mest openbare dømet vi har på korleis sosial orden skapast gjennom manipulering av rom. Leirane kan sjåast som ”non-places” ettersom dei er isolerte frå omgjevnadane, og menneska i dei er immobile i

den tida dei er der. Ein interneringsleir er eit unntak som stadfestar den normale orden (Diken 2004). Ettersom Helga finn det problematisk at asylsøklarane er innanfor står slike leirar fram som ein måte å kategorisere asylsøklarane som utanfor. Dei er innanfor, men samtidig utanfor.

6.2.3: *Ambivalens*

Ambivalensen i forhold til temaet viser seg fleire gonger. I prinsippet meiner informantane at nordmenn har eit ansvar for å hjelpe svake grupper: *”Det ligg i den norske folkesjela å hjelpe når det trengst”* (Martin). Likevel kan dei same informantane meine at det er for mange asylsøklarar og flyktningar i Haugesund. På spørsmål om Sigurd opplever at asylsøklarane og flyktningane er ein naturleg del av Haugesund får eg dette svaret:

”Nei, og det skal dei heller ikkje vere. Men vi lever med det. Men no er det haugen på nok. Me er ikkje så mange folk her, og eg trur at problema vil vare. Men me skal hjelpe folk, det er ikkje det”.

Sigurd meiner at innvandrarane ikkje skal vere ein naturleg del av Haugesund. Han synest det er for mange av dei i byen, samtidig som han understrekar at dei som treng hjelp må få det. På dette punktet viser ambivalensen seg. Sigurd ønskjer å hjelpe, men samtidig vil han ikkje hjelpe her. Det er ei vanleg oppfatning blant informantane at flyktningane helst bør få hjelp i sine eigne heimland, slik vi såg i del 6.1. Ønskja om å hjelpe dei *der* i staden for *her* kan forståast som ein måte å halde framande element vekke frå heimstaden på. Ved å hjelpe dei der og ikkje her vil dei Andre ikkje truge den moralske ordenen og den tatt-for-gitte meininga til byen. På den måten får informantane føle at dei hjelper, samtidig som dei slepper at den etablerte ordenen på heimstaden blir utfordra. Innbakt i denne tankegangen ligg det ei rolleforventning knytt til der og her. Der, i heimlanda sine, er asylsøklarane og flyktningane offer som treng hjelp. Her, i Haugesund, er dei ei byrde og ein trugsel.

Det er ofte eit sprik mellom det informantane meiner bør gjerast for å hjelpe asylsøklarane og flyktningane inn i samfunnet, og det dei faktisk er villege til å gjere. Berit er 16 år, og ho opplever at innvandrarane på skulen hennar held seg mykje for seg sjølv. Ho meiner dei heller ikkje er integrerte i lokalsamfunnet, og har gjort seg desse refleksjonane om kvifor situasjonen er som den er:

”Eg trur haugesundarane har meir fordømmar mot innvandrarane enn innvandrarane har mot haugesundarane. Det er sikkert mange umedvitne fordømmar som gjer at dei ikkje blir integrert”.

I midten av intervjuet forklarar ho korleis vi må tilnærme oss asylsøklarar og flyktningar som likemenn, noko ho ikkje trur at så mange gjer i dag. Mot slutten av intervjuet ser vi ambivalensen: *”Dei er ikkje så tydelege i samfunnsbiletet, det er til dømes ikkje så ofte du ser innvandrarar tilsett i butikkar. Men eg trur ikkje eg ville tilsette ein innvandrar sjølv”.* Det er forskjell på å ville hjelpe og faktisk hjelpe. Når det kjem til stykket viser det seg at informantane ikkje likestiller nordmenn og innvandrarar, sjølv om dei i prinsippet meiner at det er nødvendig å sjå desse som likeverdige. Dette viser tydeleg at der er ei todeling i måten folk tenkjer kring Oss og dei Andre på.

6.2.4: Oss og dei Andre

Informantane teiknar altså symbolske grenser mellom innanfor og utanfor staden. Det som er innanfor utgjer eit normativt rom. Neste spørsmål blir *kven* dette normative rommet gjeld for. Ambivalensen ovanfor viste at langs med todelinga mellom innanfor og utanfor følgjer òg ei todeling i korleis det blir snakka om, og korleis lokalbefolkninga forholder seg til, dei folka som blir kategorisert innanfor og utanfor. Vi skal no sjå nærare på korleis todelinga mellom Oss og dei Andre kjem fram i empirien.

Vi har sett korleis informantane er opptatt av sentrumsområda og måten asylsøklarane og flyktningane bruker dette området på (jf. 5.1.3 og 6.2.2). Når informantane snakkar om sentrumsområdet omtalar dei dette som bybiletet. Sentrum står som eit bilete av byen utover, altså er det snakk om meir enn berre nokre gater med handels- og servicenæringar lokaliserte i. Det handlar om noko som representerer og fortel noko om heile byen. Asylsøklarane og flyktningane blir gjerne framstilt som noko som ikkje passar inn i dette sentrumsbiletet. Dei blir framstilte som dei Andre:

”Folk ser kva som skjer rundt seg, det er berre å gå i Haraldsgata det, verre er det ikkje. Går du der på dagtid då treff du berre desse here Prince-røykarane som eg kallar dei, eg har ikkje råd til å røyke ferdige, men det gjer dei, og der går dei berre fram og tilbake heile dagane. Det andre du treffer er narkomane og våre eigne sosialklientar som går og forsøplar nede i byen der. Då reagerer folk. Kvifor skal dei gå og spasere ned i Haraldsgata dei som har 6 ungar dei skal fø?” (Dagfinn).

Asylsøkjarene og flyktingane blir plassert i same kategori som narkomane og sosialklientar. Alle representerer dei grupper som gjer sitt til forsøpling av sentrum. Dagfinn framstiller dei som late ettersom dei berre "går og henger" heile dagane. Dei burde ha vore i jobb ettersom dei "har 6 ungar dei skal fø". Dette står i kontrast til vanlege folk som han sjølv. Han har jobba ein mannsalder, er måtehalden og tar seg ikkje råd til å kjøpe ferdigrøyk. Dagfinn illustrerer ei verdiladen todeling mellom Oss som slitatar og dei Andre som snyltarar.

Birger opplever sentrum som dødt etter at dei store kjøpesentra litt utanfor byen har tatt over kundane. Talet på asylsøkjare og narkomane som bruker sentrum berre forsterkar denne degraderinga av området. Spesielt i vekedagane er det ille, men;

"...akkurat på laurdagane er det bra, det er den einaste dagen at det er vanlige folk i sentrum. Me er liksom opplært til å gå i byen på laurdagar. Det ser ein i Oslo også det, at haugesundarar går på Karl Johan på laurdagane. Men elles så er det berre narkomane og asylsøkjare som bruker sentrum. Eg føler at eg nesten ikkje kan bruke sentrum på dagtid fordi då må det nesten vere noko gale med meg liksom, du kan nesten ikkje vere normal hvis du bruker sentrum på dagtid for det er det jo berre asylsøkjare og narkomane som gjer, og kanskje nokre pensjonistar. Det er eit dødt sentrum" (Birger).

Han set asylsøkjarene, dei narkomane, og "kanskje nokre pensjonistar" opp mot "vanlege folk". Innvandarane blir såleis sett i ein kategori av grupper som til saman utgjer dei Andre. Desse står i motsetnad til vanlege folk som Birger assosierar seg med, altså Oss. Han vil ikkje bli assosiert med desse Andre, ettersom det i så tilfelle kunne tyde på at det då nesten måtte vere "noko gale" med han. Gjennom å fortelje om sentrum på denne måten fortel han òg noko om seg sjølv. Han uttrykkjer at sentrum, slik det er i dag, har blitt noko han ikkje vil identifisere seg med. Dei Andre trugar Birger sitt "sense of place". Dei representerer praksisar som bryt med lokalbefolkninga sitt bilete av byen. Det viktige for informantane å få fram i denne samanhengen er at dei narkomane ikkje eigentleg er frå distriktet. Dei kjem frå andre delar av landet ettersom avrusingsinstitusjonen desse er avhopparar frå mottar folk frå heile landet. Informantane fortel at dei høyrer på dialekten at desse kjem utanbys frå. Begge årsakene til degraderinga av sentrum, dei narkomane og innvandarane, kjem altså utanfrå. Dei er ikkje eigentleg ein del av Oss.

Døma ovanfor viser ikkje berre korleis todelinga mellom Oss og dei Andre trer fram, dei viser òg korleis sentrum i Haugesund blir det Cresswell (1996) kaller eit "contested terrain" (jf. 2.6). Vi ser ein kamp om korleis sentrum, og spesielt Haraldsgata, skal bli brukt. Birger og

Dagfinn har andre oppfatningar enn asylsøkjjarane og flyktningane om kva som er den rette måten å bruke sentrum på. Førestillingane deira om kva som er høveleg åtferd i sentrumsområdet blir utfordra av dei Andre. Slik blir det aktivert ein diskusjon om kva meinig som skal leggjast i området, og korleis området skal brukast. Forhandlingane føregår vel å merke ikkje berre mellom Oss og dei Andre. Det er òg ulike oppfatningar innan majoriteten om kor vidt asylsøkjjarane og flyktningane er bra for sentrumsbiletet. Vi såg mellom anna tidlegare i kapittelet at ordføraren har ei anna meinig om dette enn det Birger og Dagfinn har. Han meiner det er positivt at innvandrarane nyttar sentrum meir aktivt enn lokalbefolkninga, og håper dette er noko lokalbefolkninga vil bli inspirerte av (jf. 6.2.2). Forhandlingane om korleis eit område skal brukast kan altså gå føre seg haugesundarane seg i mellom, så vel som mellom haugesundarane og asylsøkjjarane og flyktningane. Forhandlingane lokalbefolkninga seg i mellom blir i denne samanhengen likevel aktivert av asylsøkjjarane og flyktningane sitt nærvere.

Konstruksjonen av kategoriane Oss og dei Andre inneber ei tydeleg stereotypisering og homogenisering av det mangfald av menneske kategoriane freistar å omfatte. På same måte som det skjer ei homogenisering av Oss som beståande av folk som tilhøyrer den same kulturen, skjer det ei homogenisering av dei Andre som beståande av ei homogen masse ulik frå Oss. Å definere den Andre i opposisjon til Oss konstruerer ei spesiell forståing av ulikskap, og kva meinig som leggjast i ulikskapane. I følgje Gressgård (2002) er ei slik todeling eit resultat av eit etnosentrisk verdsbiletet som majoriteten har. I dette verdsbiletet blir våre verdiar sett på som kulturuavhengige og universelle, og dermed blir dei Andre sine verdiar målt opp mot våre standardar. I todelinga mellom Oss og dei Andre kan vi difor sjå ei kulturalisering av dei Andre. Det vil seie at dei Andre verdiar blir oppfatta som kulturspesifikke og avgrensa, medan våre verdiar blir sett på som uavhengige av kultur og dermed universelle (Gressgård 2002). Ein vanleg måte å kulturalisere dei Andre på er å vise til kvinneundertrykkjande praksisar. Torstein beit seg i merke ei erfaring ein gong kona hans var lagt inn på sjukehus:

”Kona mi låg inne på gynekologisk avdeling ein gong i Oslo. På same rommet var der ei kvinne med innvandrarbakgrunn. Til og med her måtte kvinna snakke gjennom mannen sin. Ho har ikkje fått lært språket, du veit at kvinnene blir undertrykt i desse kulturane, det er tvangsekteskap og omskjering”.

Vi ser korleis Vi'et blir idealet, medan dei Andre blir kvinneundertrykkjande i kraft av kulturen sin. Dette inneber ei stereotyp framstilling av dei Andre som kvinnediskriminerande. Same tankegangen finn vi att hjå Sigurd. Han fortel at han hadde blitt bekymra dersom dottera hans fann seg ein utlending til kjærast, fordi; ”*Mannfolka er no så dominante i desse kulturane*”. Denne kulturaliserande måten å sjå dei Andre på forsterkar dermed verdsbiletet som Torstein og Sigurd har; eit bilete av Oss som likestilte og dei Andre som kvinneundertrykkjande. Vi'et oppretthaldast såleis gjennom Dei'et. Gjennom sine undertrykkjande og kulturspesifikke praksisar blir dei Andre ”out of place” i Haugesund ettersom desse praksisane bryt med lokalbefolkninga sin moralske orden. Kategoriane Oss og dei Andre kan altså relaterast til dei normative geografiane og stader sine moralske ordenar. Når minoritetane sine praksisar bryter med korleis lokalbefolkninga ser på seg sjølve og på heimstaden sin, blir minoritetane kategoriserte som dei Andre. Vi kan difor seie at todelinga mellom Oss og dei Andre kan relaterast til lokalbefolkninga sine romlege kategoriseringar og tilhøyrsele til staden. Med dette har eg svart på underproblemstilling 1.1. Eg vil no avslutte kapittelet med ein oppsummerande diskusjon som svarer på problemstilling 1 (jf. 1.2).

6.3: Oppsummerande diskusjon

Kapittelet starta med å spørje om meiningsaspektet informantane knyter til Haugesund har innverknad på møtet med asylsøkjarene og flyktningane. Gjennom dette kapittelet har det blitt tydeleg at haldningar til innvandring kan relaterast til det romlege. Dette har vi sett gjennom empirien på fleire måtar, særleg gjennom fokuset på informantane sine kvardagsliv. Kvardagsliv og lokale erfaringar er vesentlege for korleis haldningar og verdsbilete blir til. I kvardagslege møte med dei Andre tileignar informantane seg retten til å definere kva oppførsel og moral som høyrer heime og ikkje i Haugesund. Gjennom møtet med dei Andre har det vist seg ein normativ geografi som gjer asylsøkjarene og flyktningane ”out of place” i byen. På denne måten kan haldningar til innvandring relaterast til normative geografiar.

Å teikne symbolske grenser for å markere kva som er innanfor og utanfor det moralske rommet, samt å knyte rolleforventningar og forventningar til handling ut i frå denne grensa, er ein måte å appropriere rommet på. Å appropriere staden er å gjere staden til eins eigen, slik at stadidentiteten blir nært knytt til eins eige sjølvbiletet (Ellingsen 2003). Dei som blir definert utanfor blir kategorisert som dei Andre, og desse Andre passar ikkje inn i Vi'et sitt bilete av staden. I møtet med innvandrarar vart staden si meining aktivert som ein strategi for å

appropriere rommet. Konsekvensen av dette er at vi sit att med eit bilete av staden som meir statisk enn det vi tidlegare har sett. I møtet med dei Andre ser vi at staden homogeniserast på same måte som Vi'et homogeniserast.

Det er likevel ikkje riktig å summere opp dette kapittelet utan å nemne dei røystene som meiner at asylsøkjjarane og flyktningane representerer noko positivt for Haugesund. Ikkje alt som kjem utanfrå blir opplevd som ein trugsel for det etablerte miljøet innanfor. Nokon opplever dette møtet som sunt. Vi kan difor seie at vi har sett to dominerande måtar å møte dei Andre på i empirien. Den eine måten går ut på å appropriere rommet i forsvar mot det nye dei Andre representerer. Den andre måten går ut på å ta opp i seg dette nye og erfare det som ein naturleg del av byen, av nærmiljøet og kvardagslivet. Vi ser både konstruksjonen av ein lukka stad med symbolske grenser kring seg som skil det som er innanfor frå det som er utanfor, og vi ser konstruksjonen av ein open stad som inviterer det som kjem utanfrå til å bli ein del av det som er innanfor.

Vi hugsar frå teorigrunlaget at stader ikkje *er* homogene og lukka (jf. 2.6), noko vi fekk stadfesta empirisk i kapittel fem. Der såg vi at det var mangfaldige måtar å kategorisere og erfare Haugesund på. Cresswell (1996) seier at den dominerande meininga til ein stad består av eit sett av strukturerande teikn som der er semje om. Desse fann vi i kapittel fem, jamfør representasjonane og spesielt det maritime som prototyp. Prototypar og representasjonar er ikkje tvinga på folk, men er under stadig testing og forhandling. Dette såg vi gjennom dei ulike måtane å evaluere det maritime som prototypisk for byen på (jf. 5.2.1). Den dominerande måten å forstå Haugesund på er difor ikkje endeleg og statisk. Det som er "common sense" ved staden blir noko dynamisk og fleksibelt, noko som kan endrast.

Slik folk opplever stader ulikt, slik opplever dei òg møtet med dei Andre på ulike måtar. Dette viste seg gjennom episodane Gro, Marie og Sivert refererte til (jf. 6.2.1). Så lenge det føregår ein inkluderingsprosess parallelt med approprieringsprosessen blir det tatt-for-gitte ved staden mindre gitt. Konstruksjon av meningsfulle stader skjer gjennom aktive og kontinuerlege konflikthar om meningar som er produsert av ulike grupper. Det sentrale er å sjå på diskursen til dei som prøver å definere ei favorisert meining til staden (Cresswell 1996). I denne oppgåva er det majoriteten som prøver å definere ei favorisert meining til staden, noko dei gjer ut i frå sine eigne målestokkar på rett og høveleg åtferd.

Når vi ser ulike måtar å møte dei etniske minoritetane på er òg dette ei forhandling om korleis staden skal vere. På grunn av vedvarande forhandlingar mellom dominerande og underordna kulturelle grupper, mellom Oss og dei Andre, vil staden si dominerande meining og den stadspesifikke kulturen stadig vere i endring. Slik blir byen, og særleg sentrumsområdet, eit utfordra område, eit "contested terrain" (Cresswell 1996). I dette kapitlet har vi sett at der også kan vere forhandlingar inne i den dominerande kulturelle gruppa, altså blant majoriteten, og at desse forhandlingane kan bli aktivert på grunn av dei Andre. Gjennom asylsøklarar og flyktningar blir staden open og mangfaldig, jamfør Massey (1994) sin "progressive sense of place" (jf. 2.6). Som kommentar til problemstilling 1 kan vi difor seie at ikkje berre kan syn på innvandring relaterast til romlege tilhøyrse. På bakgrunn av denne diskusjonen kan vi òg snu på det og seie at innvandring i sin tur kan vere med på å forme måten vi kategoriserer rom på.

Forholdet lokalbefolkninga i Haugesund har til innvandring er mangfaldig på same måte som staden si meining er mangfaldig. I eit slikt perspektiv blir det umogleg å dra grenser kring staden, og å gjere han til noko som kan avgrensast frå andre stader. Likevel viser empirien at grensedragningar skjer. Av somme informantar blir minoritetane sine praksisar ein påstått transgresjon, ei kryssing av ei grense mellom utanfor og innanfor. Dei Andre sine praksisar blir sett på som eit brot med staden si meining. Å definere asylsøklarane og flyktningane "out of place" er eit ledd i approprieringsprosessen. Appropriering av byen skjer òg blant dei informantane som i kapittel fem kategoriserte Haugesund som ein open stad. Dette gir ikkje assosiasjonar til integrering, slik vi såg tidleg i dette kapitlet at informantane etterlyste (jf. 6.1). Korleis kan approprieringsprosessen finne stad samtidig som det etterlysast meir integrering? Dette blir tema for det siste analysekapitlet.

Kapittel 7:

Integrering i eit normativt landskap

”Dei vil jo ikkje bli nordmenn. Dei er jo strengare her enn dei er i heimlanda sine”, seier Torstein når han skal forklare kvifor han synest det er for mange innvandrarar i Haugesund. Han meiner at innvandrarane praktiserer kulturen sin strengare i Noreg enn dei hadde gjort om dei var i heimlanda sine. I Torstein si utsegn ser vi det som kan kallast kjernen i den fleirkulturelle debatten, nemleg om innvandrarane skal *”bli nordmenn”* eller om dei skal få praktisere kulturen sin i Noreg utan innblanding frå majoriteten si side om kor vidt dei kulturelle praksisane deira er for strenge eller ikkje. Kva kan akseptrast, og kva må assimilerast?

For nokre av informantane representerte asylsøklarane og flyktningane noko som truga deira etablerte moralske rom i Haugesund. På grunn av dette kom det fram at i møtet med dei Andre vart staden si meining aktivert som ein strategi for å appropriere rommet. Parallelt med denne approprieringsprosessen såg vi at informantane etterlyste meir integrering. Det kan høyrest ut som ei sjølvmotseiing å både appropriere staden, samtidig som dei same informantane etterlyser meir integrasjon. Å forstå denne tilsynelatande sjølvmotseiinga er eit av formålet med dette siste analysekapittelet. Fokus blir retta på kva informantane faktisk etterlyser når dei framstiller ønske om meir integrasjon, og om det kan relaterast romlege og stadspesifikke praksisar til dette synet på kva integrering betyr for informantane. Gjennom å rette fokus på forholdet mellom informantane sitt syn på integrering, og å sjå dette i samanheng med deira romlege forståingar, skal kapittelet svare på problemstilling 2 (jf. 1.2).

Ved å fokusere på integrering relaterer analysen seg her til debatten om multikulturalitet som vart presentert i innleiingskapittelet (jf. 1.1.3). Det omtalte dilemmaet i debatten går på forholdet mellom individuell likeverd på den eine sida, og akseptering og godkjenning av kulturelle særsegenskapar på den andre sida. Dette dilemmaet utgjer dei bakanforleggjande, grunnleggjande premissane for integreringspolitikken (Gressgård 2002). Dilemmaet oppstår når etniske minoritetar sin rett til å praktisere og reprodusere sin kultur kjem i konflikt med individet sin rett til sjølvbestemming. Til dømes har vi religionsfridom i Noreg. Men kva skjer når religionar tilrår normer og reglar som er i konflikt med menneskerettane? Dette er døme

på sentrale spørsmål som det multikulturelle dilemmaet reiser i forhold til integrasjonsprosessen. Som nemnt tidlegare (jf. 1.1.3) kan måla for ein fleirkulturell dialog i Noreg seiast å vere definerte på førehand av majoriteten (Gressgård 2002). Det er her spørsmålet om assimilering oppstår. For så lenge sameksistensen av kulturane er planlagt av berre ei av gruppene, kan vi då utelukke ein assimilasjonsprosess? Samtidig veit vi at det fleirkulturelle samfunn består av grupper med ulike verdsbilete, og spørsmålet er om nokon praksisar er nøydd til å bli assimilert for at andre skal få eksistere.

Dette abstrakte perspektivet på det fleirkulturelle har gjennom denne oppgåva blitt dratt ned på eit meir erfaringsnært nivå. Vi har sett på kvardagslege erfaringar, og i somme tilfelle dilemma, som har oppstått i lokalbefolkninga sitt syn på asylsøklarane og flyktingane i Haugesund. Gjennom å gripe fatt i kvardagslege episodar som informantane har fortalt om har vi sett korleis dei opplever det fleirkulturelle i kvardagen (jf. 6.2.1). Granskinga av forholdet informantane har til heimstaden har vist at det romlege kan leggje nokre føringar på forholdet mellom lokalbefolkninga og innvandrarane. Empirien relaterer seg dermed ikkje direkte til det multikulturelle dilemmaet i seg sjølv, altså forholdet mellom likeverd og særsegenskapar. Empirien relaterer seg heller til spørsmålet om forholdet mellom integrering og assimilering som det multikulturelle dilemmaet reiser.

Det er difor tid for å gå meir spesifikt inn på omgrepet *integrering*. Analysen går ut på å forstå korleis informantane, ut i frå sine romlege kategoriseringar og kvardagslege erfaringar, dannar seg ei forståing av kva det vil seie at ikkje-vestlege innvandrarar er integrerte i lokalsamfunnet. Spørsmålet er med andre ord om informantane sine stadkjensler har noko å seie for kor vidt det blir opna for integrering av andre kulturelle grupper på staden.

Som vi såg i førre kapittel kan konstruksjon av todelinga mellom Oss og dei Andre relaterast til dei normative geografiane og staden sin moralske orden (jf. underproblemstilling 1.1). Det blir difor relevant å spørje om der er nokre stadspesifikke praksisar dei Andre må ta opp i seg for å kunne bli ein del av det lokale fellesskapet, for å bli ein av Oss. Det same spørsmålet som Gressgård (2002) stiller i forhold til dei atomliggjande premissane for fleirkulturell dialog blir like aktuelt når det blir dratt ned på eit erfaringsnært plan; nemleg om integreringsprosessen står i fare for å bli ein assimilasjonsprosess. Kan vi, gjennom å både fokusere på integrasjonsomgrepet og dei normative geografiane, få ei betre forståing for korleis dette dilemmaet tek form i lokalbefolkninga sine kvardagsliv? Eit naturleg

utgangspunkt for desse problemstillingane er å starte med å utforske kva informantane vektlegg når dei fortel om integrerte innvandrarakar.

7.1: Kva vil det seie å vere integrert i Haugesund?

I teorien er omgrepet integrering enkelt, i praksis er det meir komplisert (jf. 1.1.2 og 1.1.3). Under intervjuet vart omgrepet hyppig brukt av informantane. Bodskapen var at integrering av innvandrarakar er viktig, og det blir rekna som eit problem når innvandrarakane ikkje er integrerte (jf. 6.1). For å få til integrasjon meiner informantane det er viktig å stille strengare krav til opplæring i språk og kultur, samt at det er viktig å få innvandrarakane inn på arbeidsmarknaden. Då vil lokalbefolkninga få eit inntrykk av at dei er interesserte i å forsørgje seg sjølv, og å føre noko tilbake til lokalsamfunnet i kraft av arbeidskapasitet. Dette vart utdjupa i førre kapittel (jf. 6.1), der vi såg at informantane frykta ei skismogenese der nordmenn og innvandrarakar vil gå lenger og lenger frå kvarandre dersom ikkje det blir stilt strengare krav til integrering. Dermed har vi allereie sett nokre element som lokalbefolkninga i Haugesund ser på som essensielle i integreringsprosessen.

Spesielt arbeid er mange opptatt av. Martin fortel slik om innvandraren som bur i same bustadkomplekset som han sjølv: *”Det bur folk i komplekset her av asiatiske opphav, men dei har jobb, dei er ikkje som ein typisk innvandrarak, eg trur dei jobbar innan akademiske yrker”*. Det å ha ein bra jobb er, i Martin sine auge, noko som bryt med rolla til den stereotype innvandraren. Når ein har ein god jobb er ein ikkje lenger *”ein typisk innvandrarak”*. I Martin sin meningskontekst er den prototypiske innvandraren ein person som ikkje har ein jobb med høg status knytt til seg og dyr bustad.

Vi hugsar òg Olav som skulle forklare openheita i byen kombinert med skepsisen overfor innvandrarakar (jf. 5.2.2). Han sa mellom anna at det var positivt med flyktningar så lenge dei var integrerte. Han viste til ein lege med innvandrarakbakgrunn som hadde kuttat all kontakt med landsmennene sine. Denne personen satt han opp i kontrast til dei som *”kjem med hiv”*. Han seier altså at godt integrerte innvandrarakar kuttat kontakta med landsmennene sine og har gode jobbar. Dei andre er meir ei belastning som kjem til landet med sjukdom. Både Olav og Martin har som utgangspunkt at ikkje-vestlege innvandrarakar ikkje har gode jobbar, og ikkje bur i fine bustader. Det skjer ei generalisering av innvandrarakane her, der naboen til Martin og legen som Olav kjenner til er unntaka som stadfestar regelen. Regelen er, i deira medvit, at

innvandrara er arbeidsledige eller har yrke med låg status. Det Martin og Olav ikkje fokuserer på er at personane dei refererer til kanskje av eigen fri vilje og medvitne val lever slik dei gjer, med gode jobbar og i fine bustader. Det treng ikkje vere noko dei gjer fordi dei ønskjer å bli integrerte. Livet desse innvandarane lever må ikkje nødvendigvis vere eit resultat av såkalla vellukka integrering. Olav og Martin gløymer at dei etniske minoritetane i utgangspunktet kan ha akkurat dei same verdiane som dei sjølve har, og som begge trur er utelukkande deira. At dette ikkje blir tatt omsyn til når informantane snakkar om desse to innvandarane kan vere eit teikn på at førestillinga om den prototypiske innvandraren er så inkorporert at det ikkje opnar for andre måtar å forstå prototypen på.

Å ha ein skikkeleg jobb er, i informantane sine medvit, langt på veg å vere integrert. God arbeidsmoral ser ut til å vere eit aspekt ved folk sin livsstil som informantane verdsett høgt. Innvandarane med ”riktig” moral blir sett i kontrast til dei med ”feil” moral. Sistnemnte gruppe har vi høyrte om tidlegare i denne oppgåva. Det er dei som informantane opplever tar over Haraldsgata og medverkar til degradering av sentrum (jf. 5.1.3 og 6.2.4), samt dei som driv med kriminalitet (jf. 6.2.2). Integrering handlar altså mellom anna om å ha same syn som majoriteten på arbeidsmoral, kriminalitet, og god oppførsel generelt.

Dagfinn er eit godt døme på ein informant som er spesielt opptatt av dette med arbeid. Han er nyleg pensjonert, og har eit langt yrkesliv bak seg. Allereie som 6-7 åring byrja han å jobbe med silda ved sidan av skulegangen. Det var stor stas å få lov til å vere med å arbeide i helgane og etter skuletid. Han fortel også om vidaregåande skulegang på kveldstid kombinert med jobb på dagtid, og etter kvart om doble skift til seine kveldar. Dagfinn synest at staten har vore altfor raus når det gjeld å gi stønad til innvandrara. Han meiner at staten i praksis seier: *”Kom til oss, og kom til himmelen”*. Han legg ikkje skjul på at dette ergrar han. Han mimrar her over dei innvandarane som kom til Noreg for over 30 år sidan:

”Det kom for 30 år sidan folk frå utlandet og slo seg ned i Noreg, og eg har hatt mange av dei til behandling, dei kom til Haugesund og gifta seg med norske. Og dei! -dei veit ikkje kvar sosialkontoret er! Dei kom i kraft i sitt arbeid, mange av dei eg hadde var frå eit rederi, det var tyrkarar, det var grekarar, chilendarar, og dei var førsteklasse! Men utviklinga har gått feil veg sidan. Eg har ingenting i mot at det kjem folk hit og arbeider og slår seg ned, men når dei kjem berre for å bruke sugerøret... det er jo difor dei kjem no. Dei siste 10 åra, då byrja elendigheita. Dei andre kom for å arbeide, og eg har eit meget godt forhold til dei som eg kjenner, det er både tyrkarar, grekarar og chilendarar. Ikkje noko problem i det heile tatt”.

Sitatet viser tydeleg kva det er ved dagens innvandrarak Dagfinn ikkje likar. Det provoserer han at dei, etter hans meining, kjem ”berre for å bruke sugerøret”. Han set dagens innvandrarak opp mot dei som kom for 30 år sidan. Dei visste ikkje kvar sosialkontoret var, altså var dei i arbeid og klarte å forsørgje seg sjølv. Dessutan gifta desse seg med norske, noko som truleg har gjort at desse innvandrarak vart lettare opplevd som integrert. Men først og fremst er arbeid det vesentlege i forhold til Dagfinn sitt syn på innvandrarak. For han er det å ha ein jobb noko normativt, det handlar om kva han ser på som god moral versus dårleg moral. Det er dårleg moral å gå på sosialkontoret å få pengar, og det er god moral å vere i arbeid.

Kvifor er det frå majoriteten si side så viktig at innvandrarak er i arbeid? Er det å vere i arbeid det same som å vere integrert? Integrering i arbeidslivet er ikkje ein indikator i seg sjølv på integrering i andre sfærar i samfunnet. Det er fullt mogleg å vere integrert på ein norsk arbeidsplass, og i privatlivet isolere seg frå storsamfunnet. Dessutan finst der mange nordmenn også som fell utanfor arbeidsmarknaden, desse blir likevel sett på som integrerte i samfunn og kultur (Wikan 2003). Nordmenn utan arbeid er framleis ein opplagt del av storsamfunnet, men likevel er det ei vanleg oppfatning at å vere arbeidsledig gjer noko med eins eiga sjølvkjensle:

”Vår kulturs arbeidsmoral gjør arbeid til en internalisert praksisform i samfunn. Å arbeide er de voksnes livsstil. Som sådan er lønnsarbeid et vesentlig middel til sosial anerkjennelse (Negt 1985). Livsstiler gir innhold til selvidentiteten. Mange voksne mennesker både føler og blir påført skam dersom de blir uten arbeid. Ved arbeidsledighet mistes ofte det som skal til for å opprettholde en viss selyfølelse” (Fosso 1997: 57).

Arbeid kan altså sjåast som ei internalisert praksisform i majoritetskulturen, det blir ein del av ein livsstil og ein måte å oppnå sosial godkjenning på. I empirien blir dette tydeleg. Her får arbeid visse assosiasjonar knytt til seg. Å ha arbeid er noko informantane ser på som ein indikator for andre normer og verdiar. Det har nokre moralske assosiasjonar ved seg å ikkje vere i arbeid. Arbeidsløyse trugar den sosiale orden, og passar ikkje inn i informantane sine førestillingar om korleis nærmiljøet og byen deira skal vere. Konturane av den normative geografien viser seg her gjennom å gjere arbeid til ein del av det som er rett og høveleg praksis i Haugesund. Dersom du har ein jobb er du ikkje ein trugsel for den moralske ordenen på staden i same grad som dersom du ikkje har ein jobb.

Vi skal også leggje merke til korleis dei eldre informantane snakkar om sildefisket når dei kjem inn på temaet arbeid. Dagfinn fortel korleis dei allereie som barn fekk arbeide med å pakke silda i kassar. I kapittel fem fortalte Martin om korleis dei som små fekk lov å skulke skulen og heller jobbe med silda (jf. 5.1.2). Arbeidskulturen som spesielt den eldre generasjonen av informantar snakkar om kan difor seiast å, mellom anna, relatere seg til den maritime prototypen på byen. På grunn av sildefisket har informantane fått inn ein arbeidsmoral heilt frå dei var små, og denne kan i somme høve sjåast i samanheng med den stadspesifikke, maritime kulturen.

Der er også andre praksisar med normative aspekt knytt til seg som informantane er opptatt av. Torstein meiner at asylsøkkjarane og flyktningane ikkje er integrerte, men at dei står litt på sida av det sosiale miljøet i Haugesund:

”Folk frå Pakistan og Somalia spesielt er veldig lite integrert. Det bur nokre frå Somalia bort i gata her, dei nikkar og bukkar stakkarane. Men eg har nok vener eg. Vi besøkte nokre ungararar ein gong i tida, men det var ikkje det heilt store. Dei braut veldig med våre rutinar. Barna deira var oppe til midnatt”.

Han forklarar kvifor han ikkje er interessert i kontakt med innvandarane i gata med referanse til ungararane han ein gong besøkte. Å la barn vere oppe til midnatt blir ikkje sett på som riktig oppseding av barn. Som i førre kapittel (6.2.1) ser vi også her at rolleforventningane blir aktuelle, og spesielt forventningane knytt til forholdet mellom foreldre og barn. Oppseding av barn er ein praksis som har normative aspekt knytt til seg, og som det difor blir viktig for lokalbefolkninga at dei Andre ikkje trugar.

Òg når informantane snakkar om det positive som innvandarane bringer til byen kan vi finne igjen desse moralsk lada kvalitetane. Knut meiner at innvandararar kan tilføre mykje positivt til Haugesund fordi mange av dei er *”både sparsommelege, pertentlege og ærekjære”*. Dette er alle kvalitetar som passar inn i den moralske diskursen i byen, slik han kjem fram i empirien. Når eg spør om der bur asylsøkkjarar eller flyktningar i nabolaget hans svarar han slik:

”Ja, der er nokre innvandararar i blokka. Eg vart positivt overraska, han som bur under meg merkar eg ikkje, han er så flinke, han har vist meg kor fint han har pussa opp, han jobbar og det er rolige folk. Det er ein barnefamilie”.

Knut vart positivt overraska altså, over at innvandrarfamilien under han er rolige folk som både pussar opp og er i jobb. Denne familien oppfyller nokre vesentlege moralske kriterier. Det kunne like godt kunne ha vore nordmenn som budde under han. Det er ein så roleg nabo at Knut ikkje merkar noko av han. I Knut sin målestokk er dette positive kvalitetar. Men det som er mest interessant ved det Knut fortel er kanskje at han vart positivt overraska over at denne innvandrarfamilien er så rolege. Dette seier noko om kor inkorporerte rolleforventningane ovanfor ikkje-vestlege innvandrarakar kan vere. Det er forventa at dei ikkje har jobb, og at dei ikkje er rolege og skikkelige folk. Knut har altså den same prototypen på ein innvandrar som vi såg at Martin og Olav har.

Ein av dei tilsette ved Vaksenopplæringa jobbar med å plassere asylsøkjarakar og flyktingar ut i praksisplassar i arbeidslivet. Ho opplever desse problemstillingane kring arbeidsmoral dagleg:

” Gjennom praksisplassane får dei ingenting meir økonomisk, men dei får erfaring. Dei får trening i det uformelle, helse på folk, kle, hygiene, alt dette er veldig viktig. For eksempel er det mange som seier at ”det er ingen som snakker til meg når eg jobber”, og då svarer eg at ”nei, i Norge er det ingen som snakkar medan me jobber. Det gjer me i pausane”. Og det er nytt for dei, pluss det med å kome presis, det er også nytt for dei”.

Ho legg altså vekt på kvardagslege og uformelle ting i integreringsprogrammet. På spørsmål om det er noko i integreringsarbeidet som har kome overraskande på henne, svarer ho slik:

”Det er mange ting. Mesteparten av dei eg har plassert i arbeid, altså kor effektive, ivrige og glade dei er for å få jobb. Eg var skeptisk når eg begynte, men no er eg veldig overraska over kor fint det går. Men det er flyktingane si fortjeneste altså, ikkje vår. Det har overraska meg kor flott dette har gått. Arbeidsgivarane får også utlevert evalueringsark, dei er stort sett veldig fornøgde og vil ha dei lenger. Faktisk når nokon av elevane mine har vore ute i arbeid så kjem dei tilbake til meg og seier at nordmenn er late..hehe”.

Dette viser at asylsøkjarakane og flyktingane kan ha akkurat same synet på arbeidsmoral som lokalbefolkninga. Faktisk kan lokalbefolkninga bli opplevd som late når dei er på arbeid, i følgje nokre av kvinna sine elevar. Flyktingkonsulenten i kommunen fortel om liknande opplevingar. Ho har blitt kontakta av lokale huseigarar som ønskjer å få flyktingar som leigetakarar fordi dei har høyrte at desse er rolege folk som korkje røyker eller drikker. Dette stadfestar at det ikkje berre er ulikskapar mellom minoritet og majoritet i det fleirkulturelle samfunnet, men også mange likskapar. Det som er viktig å forstå er kvifor opplevinga av

ulikskap skyggjer for likskapane i informantane sine kvardagsliv. Vi skal no sjå nærare på korleis majoriteten bruker sin eigen kultur som målestokk i møte med uliksapar.

7.2: Majoriteten som målestokk

Johannes illustrerer dette med likskap og ulikskap på ein god måte. Han er far til to barn som er i barneskulealder. I klassene til barna hans er der flyktningbarn. Han synst det er flott at barna får kontakt med andre kulturar gjennom skulen, noko han trur vil, på ein naturleg og enkel måte, føre til eit opnare samfunn. Han er difor opptatt av at barna hans skal inkludere flyktningbarna både på skulen og i fritida. Han er medviten på å tilby seg å hente og bringe flyktningbarna dersom det er sosiale tilstellingar dei er inviterte på. Når det gjeld barneselskap har han fått ei ordning på at barna ikkje skal kjøpe dyre bursdagspresangar til kvarandre. Dette har han gjort fordi han er redd at flyktningbarna ikkje får kome i selskap dersom det er forventa at dei skal ha med dyre gåver. På mange måtar møter Johannes eit verdifellesskap med ein del av innvandrarene. Han fortel mellom anna at han har spesielt sansen for dei strenge reaksjonsformene innan Islam, og framhevar dødsdom i narkotikasaker som spesielt bra. Vidare seier han at:

”Det at muslimane er fråhaldsfolk er også ein bra ting. Eg meiner det er ein klar samanheng mellom den liberale skjenkepolitikken me har her og den sterke auka av fleire tunge tilfeller som kjem skeivt ut. Rekrutteringa blant ungdom er enorm no når 68-arene sine ungar veks opp. Alt likestillingsjaget, det at mor skal ut å jobbe og at begge foreldra skal realisere seg sjølv, dette har gjort at kjernefamilien raknar. Så kan ein spørje seg om det er riktig at kvinnene skal ofre seg, og det er jo greitt nok, men er likestillinga nødvendigvis bra for samfunnet?”

Han er sjølv medlem i fråhaldsrørsla, og han ser med gru på det auka alkoholforbruket som finn stad i samfunnet dag. Dette fokuset på alkoholfråhald og på kjernefamilien meiner han samsvarer med mange muslimske innvandrare sine verdiar. Dette gjer at Johannes kanskje har meir til felles med ein muslim som praktiserer trua si, enn med den gjennomsnittlege, sekulariserte nordmann. Desse likskapane går på viktige verdiar i Johannes si livsverd. Han har likevel erfart problem med det han opplever som inkonsekvens blant nokre av muslimane han har hatt kontakt med gjennom ein tidlegare jobb:

”Det såg ut til å vere viktig for desse muslimske mennene å praktisere religionen sin korrekt. Dei var opptekne av Ramadan, og dei var alltid medvitne på at dei ikkje skulle ete svinekjøtt. Men likevel så utvikla det seg sånn der dei budde at dei på kveldane festa ein del og hadde damer på romma sine. Eg meiner at dei burde vere konsekvente på religionen sin og ikkje berre praktisere den når det passa dei. Så var det ein gong vi skulle på ei utflukt i naturen. Det var kaldt og det vart servert varm lapskaus som niste. Dei spurde meg om det var

svinekjøtt i den og eg sa nei. Men det er klart der var svinekjøtt! Men nei, då var dei svoltne og kalde og dei åt som berre det! Eg meiner at kan dei feste sånn på romma sine så kan dei også ete svinekjøtt”.

Det er her at ulikskapar kjem fram i dagen. Så lenge asylsøklarane sine verdier samsvarar med Johannes sine verdier er det heile uproblematisk. Men i det der oppstår eit sprik i oppfatninga av rett og gale er situasjonen meir komplisert. Det er tydeleg at Johannes bruker sine egne verdier som målestokk på kva som er rett og gale. Asylsøklarane sine praksisar blir vurdert etter Johannes sine egne standardar. Han tillet seg retten til å definere kva det vil seie å vere konsekvent overfor ei religiøs tru, og han overfører dette på andre. Når desse muslimane ikkje oppfører seg slik han meiner dei bør, då tillet han seg å lure dei til å ete svinekjøtt. For å kunne ta ein slik posisjon må han universalisere sine egne standardar. Det vil seie at han må meine det er han som veit den eigentlege sanninga om kva som er rett og galen praktisering av Islam.

Eit trekk ved det fleirkulturelle samfunnet er nettopp at majoriteten sine verdier blir universalisert. Det vil seie at dei vurderer verdiane sine som uavhengige av kultur, og difor blir dei allmenngyldige. Parallelt med dette skjer det ei kulturalisering av dei Andre, der dei andre sine verdier og praksisar blir forklart som kulturavhengige. Ei kulturalisering av dei Andre er difor å sjå dei Andre som produkt av sin kultur, i kontrast til vår vestlege kulturuavhengige sjølvforståing (Gressgård 2002). Dette såg vi døme på i førre kapittel der mellom anna Torstein refererte til innvandrarane sine kulturar som kvinneundertrykkjande (jf. 6.2.4). Ettersom det er majoriteten sine standardar som blir lagde til grunn for kulturaliseringa, blir dei Andre sine praksisar vurdert etter majoriteten sine ideal. Slik blir dei Andre konstruert som underlegne Oss. Denne prosessen kan sjåast som etnosentrisk, ettersom han set majoriteten sine standardar over andre standardar (Gressgård 2002). Majoriteten sine normer blir dermed ein allmenn og legitim målestokk, noko Johannes sin historie var et døme på.

Når majoriteten forstår seg sjølv som kulturuavhengig og universalistisk i kontrast til dei Andre som er kulturavhengig og partikulære, så dukkar det opp eit spørsmål om ikkje majoriteten sin ståstad i seg sjølv blir ein slags partikularisme. Er ikkje Torstein og Johannes sine verdsbilete og syn på rett og gale like partikulære og kulturspesifikke som innvandrarane dei kulturaliserer? Dette er eit komplisert teoretisk dilemma som eg ikkje kan gi meg inn på. Eg nøyer meg med å seie at den mest formålstenelege måten å handtere dilemmaet på i denne

samanhengen er å forstå majoriteten sin ståstad ut i frå deira eige universaliserande blick. Når dei universaliserer sine eigne ståstadar står ikkje verdsbileta deira fram som partiske og kulturavhengige, men heller som nøytrale og universelle. I majoriteten sine medvit blir deira eigen moral universalisert i møtet med dei Andre. I denne samanheng er det den kulturelle ordenen i Haugesund som blir den kulturavhengige ståstaden.

7.3: Integrering eller moralsk assimilering?

Vegen er kort frå denne universaliserande og etnosentriske haldninga til assimilering. For så lenge der er ei forståing av at majoritetskulturen er komen lengst i å realisere desse pårekna universelle verdiane, følgjer der òg ei oppfatning om at innvandarane må assimilera inn i dette verdifelleskapet (Gressgård 2002). Dermed er det grunn til å spørje om integrering i informantane sine auge eigentleg er ein slags assimilering. Analysen har så langt vist at informantane snakkar om asylsøkjjarane og flyktingane som integrerte først når dei har tatt opp i seg nokre spesifikke verdiar som samsvarer med lokalbefolkninga sine verdiar (jf. arbeidsmoralen og oppseding av barn i del 7.1). Når informantane snakkar om integrerte innvandarar er det dei innvandarane som tar del i majoriteten sitt verdifelleskap dei meiner.

Konturane av det multikulturelle dilemmaet byrjar no å vise seg. For så lenge det er snakk om nokre moralske kriterier innvandarane må ta opp i seg før dei blir sett på som integrerte, så kan vi i denne samanhengen erstatte omgrepet integrasjon med moralsk, eller verdimesig, assimilasjon. Gjennom moralsk assimilering blir dei Andre tatt opp i majoriteten sitt verdifelleskap, noko som gjer at dei ikkje lenger blir ein trugsel for den kulturelle og moralske ordenen i Haugesund. Dersom vi forstår integrering som moralsk assimilering blir det inga sjølvmotseiing, slik det vart spurt innleiingsvis, når informantane både approprierer rommet og etterlyser integrering, eller altså moralsk assimilering. Dei to prosessane heng tett saman. Det er i mangel av verdifelleskap med innvandarane, altså når dei Andre representerar noko som utfordrar den tatt-for-gitte moralen på staden, det er då ønskja om moralsk assimilering finn stad. Som respons blir approprieringsprosessane vi såg i førre kapittel satt i verk. Slik blir moralsk assimilering og appropriering av staden to sider av same sak.

7.3.1: Majoriteten sin posisjon

Ønsket om moralsk assimilering og appropriering av staden er altså to parallelle prosessar som må forståast i samanheng med kvarandre. Prosessane kan forståast som ei frykt for at lokalbefolkninga skal miste sin posisjon. Gro seier det slik:

”Det er ein liten by, dei bør ikkje bli overtallige. Men folk som er ressursar og som oppfører seg tåler du, men det at det er så mange av dei som står for kriminaliteten i landet...det går ut over alle. Der er sikkert årsaker til det, men”.

Det er altså eit spørsmål om kva byen ”tåler”. Det byen ikkje tåler må assimileraast, elles må rommet approprieraast. Bekymringa for kva byen tåler finn vi att blant fleire andre informantar også. På spørsmål om kva godar eit asylmottak tilfører byen svarer Martin slik:

”Vanskeleg å seie. Auka kulturell forståing er jo positivt, men noko ut over det veit eg ikkje om dei har å tilby. Det er ein føresetnad at dei blir her då, men det er jo ei grense for kor mange me kan følgje opp, er det veldig mange er det eit problem. Det må vere ein balanse, elles klarer ein ikkje å absorberer dei”.

Å absorbere gir assosiering til assimilering, det er noko som må bli tatt opp i - og bli eitt med - noko anna. I dette dømet er det Haugesund som sosial og meiningsfull stad innvandarane må absorberast inn i. Martin har tidlegare fortalt om problem knytt til det å ha asylsøkjjarar i nabolaget. Det går både ut over marknadsprisen på folk sine bustader og fører generelt til ei forsimpning av bustadmiljøet i dei sentrumsnære områda (jf. 5.1.3). Han har altså konkrete døme på kvifor han meiner det blir eit problem dersom det blir for mange av dei. Asylsøkjjarane sine måtar å bu på opplevast som ein trugsel for ordensbiletet Martin har. Å absorbere denne gruppa er såleis eit forsøk på å oppretthalde ein sosial orden.

Også i denne samanhengen kan det maritime bli trekt fram. Knut er opptatt av dei arbeidsledige sjøfolka på Haugalandet: *”No byrjar det å bli nok. Me må ha arbeid og bustad til dei. Det er 2700 sjøfolk på Haugalandet, og desse har hatt solide og godt betalte jobbar, men no blir det fleire og fleire arbeidsledige blant dei”.* Han meiner at så lenge det går arbeidsledige sjøfolk på Haugalandet, må desse ha førsteretten til eventuelle ledige jobbar. Dette bruker han som argument for kvifor kommunen ikkje bør busetje fleire innvandarar, ettersom innvandarane då kan ta dei potensielle jobbane frå sjøfolka. For mange innvandarar kan bli ein trugsel for sjøfolka sin posisjon.

Slik Gro, Martin og Knut er opptatt av at det ikkje må bli for mange asylsøkjjarar og flyktningar i Haugesund, er òg Håkon bekymra for at innvandarane skal kome i fleirtal. Han er oppteken av å gi innvandarane dørøpnarar i samfunnet, men samtidig meiner han at hjelpa aller helst bør sendast til flyktningane sine heimland. Han synst det er nok asylsøkjjarar og flyktningar i Haugesund no, og meiner at det bør ikkje kome fleire fordi: ”*Vi må ikkje bli heilt utvatna, dei bør ikkje kome i overtal*”. Håkon illustrerer poenget sitt metaforisk når han seier at lokalbefolkninga ikkje må bli ”*utvatna*”. For at noko skal kunne bli utvatna må det bestå av noko autentisk og ekte. Utvatning består i å blande dette autentiske med noko anna slik at utfallet blir noko mindre autentisk og mindre ekte. Dette fortel oss noko om korleis Håkon ser identiteten til majoritetsbefolkninga. I Douglas (1997) sin terminologi står majoriteten her fram som noko reint. I det innvandarane kjem i overtal blir Vi’et forureina av det ureine, og det autentiske blir tynna ut. I ein slik tankegang er det vanskeleg å spore ideen om integrasjon. Både Håkon, Gro og Martin snakkar om det fleirkulturelle som ein balansegang der det er eit spørsmål om kor mange flyktningar og asylsøkjjarar byen kan ta i mot før det går ut over majoriteten sitt Vi som ein autentisk og rein kategori. Igjen ser vi korleis sjølvforståinga konstruerast gjennom vissheita om det andre, noko Cresswell (1996) illustrerer slik:

”By concentrating on the marginal and the ”low”, the ”other”, we achieve a novel perspective upon its central workings. The geographical classification of society and culture is constantly structured in relation to the unacceptable, the other, the dirty” (Cresswell 1996: 149).

Forståinga av det normale og sentrale blir strukturert gjennom vissheita om det unormale og marginale. Her kan vi seie at vissheita om det reine Vi’et blir til gjennom vissheita om dei ureine Andre. Vi’et si sjølvforståing blir konstruert i kontrast til dei Andre, samtidig som dei Andre blir definert i kontrast til korleis Vi’et ønskjer å vere (Rose 1995).

Gjennom dei Andre sitt nærver blir dei paradoksalt nok sentrale i reproduksjonen av majoriteten si sjølvforståing (Gressgård 2002). Sjølv om dei Andre trugar majoriteten sin posisjon, spelar dei likevel ei viktig rolle i majoriteten si forståing av seg sjølv som rein og autentisk. Det er gjennom kulturell kontakt at grenser blir etablert og oppretthaldt. I kontaktsonene mellom Oss og dei Andre blir sjølvdefinering og grensemarkering til (Barth i Fuglerud 2001). Utan det fleirkulturelle sitt nærver i Haugesund hadde kanskje ikkje lokalbefolkninga tatt stilling til sin eigen posisjon på denne måten. Kanskje hadde dei då posisjonert seg i forhold til andre stader og andre folk. Dette såg vi så vidt i del 5.1 der

Haugesund vart karakterisert som open og satt i kontrast til *"det mørke fastlandet"* som dermed stod fram som lukka.

Teoretisk sett trer det fram eit dilemma her. For så lenge Oss og dei Andre er binære opposisjonar der Vi'et definerast i kontrast til dei Andre, så kan aldri dei Andre bli ein reel identitetsmessig truget:

"...den dagen Vesten har spist opp Resten, har den også spist opp seg selv. Vesten er avhengig av å (re)produsere Resten som en negativt rangert alteritet for å reprodusere seg selv" (Gressgård 2002: 113).

Med andre ord er sjølvforståinga vår avhengig av ei forståing av dei Andre som noko vi ønskjer å ta avstand frå. Utan dei Andre blir vi utilstrekkelege i vår eiga sjølvdefinering. Slik blir dei Andre inga reell fare, men ein nødvendig komponent i identitetskonstruksjonen vår. Empirisk ser vi likevel at dei Andre kan opplevast som ein truget.

Men kva inneber det eigentleg å *"bli nordmenn"*, slik Torstein sa innleiingsvis? Kva slags "vi" er det innvandarane skal assimilerast i? Er det "vi vestlege", "vi kristne", eller "vi haugesundarar"? Den etniske majoriteten er naturlegvis òg ei mangfaldig gruppe. I møtet med dei Andre ser majoriteten likevel seg sjølv som ein storleik, og slik inngår majoriteten i eit førestilt fellesskap. I følgje Anderson (1996) kallast slike fellesskap for førestilte fordi berre eit fåtal av folka har faktisk kontakt med kvarandre, men likevel ser dei seg sjølve som medlemmar av det same fellesskapet. Det er snakk om ei sosial gruppering folk berre kan førestille seg, aldri eigentleg erfare. Teorien om førestilte fellesskap peikar først og fremst på kjensler av fellesskap på nasjonalt nivå (Anderson 1996). På lokalt nivå i Haugesund vil fellesskapet vere mindre førestilt og meir reelt fordi byen er av ein mindre skala. Dei mange ulike og subjektive måtane å kategorisere byen på, samt dei ulike verdisyna ein kan relatere denne kategoriseringa til (jf. 5.2), viser likevel at ulikskap også finnast innan majoriteten på lokalt nivå. Ulikskapar innan gruppa blir tona ned og underkommuniserte for å kunne oppretthalde fellesskapet, også på lokalt nivå i Haugesund. Parallelt med generaliseringa av dei Andre skjer der altså ein konstruksjon av eit førestilt fellesskap, ei homogenisering av Oss, samt ei framstilling av Oss som noko autentisk.

Moralsk assimilering heng saman med at majoriteten universaliserer sin eigen ståstad. Ståstaden blir sett på som uavhengig av kultur, den står fram som noko nøytralt. Empirien har

vist at informantane ønskjer dei Andre skal bli assimilert inn i dei moralske aspekta ved denne ståstaden. Vi har sett at det er lokalsamfunnet i Haugesund som er ståstaden i denne samanheng. Eg vil difor summere opp dette kapittelet med ein diskusjon som koplar integreringsprosessen opp mot den normative geografien i Haugesund. Med dette vil problemstilling 2 bli svart på.

7.4: Oppsummerande diskusjon:

Integreringsprosessen sett i lys av den normative geografien

Det multikulturelle dilemmaet har i denne oppgåva blitt studert gjennom informantane sine møte med det fleirkulturelle i kvardagslivet. I det fleirkulturelle samfunnet er det gjennom kvardagslege erfaringar folk med ulike verdsbilete møtest. I somme tilfelle vil dette seie at folk med ulikt syn på kva som er rett og galen praksis møtest og må samhandle i konkrete kvardagslege situasjonar. Som vi såg i teorikapittelet har folk sine verdisystem innverknad på kva meining dei legg til stader (jf. 2.2). Meiningsinnhaldet folk gir stader, og deira tilhøyrsele til stader, kan såleis vere med på å forklare kvifor det blir viktig for informantane at innvandarane deler same syn på rett og galen praksis når dei er innanfor staden sine symbolske og moralske grenser. Grensene er ikkje tilfeldige, men konstruert ut i frå den rådande "common sense" forståinga av meiningdimensjonen som knytast til staden.

For at dei Andre ikkje skal vere ein trugsel for den kulturelle ordenen på staden må dei altså assimilert inn i nokre moralske grunnverdiar lokalbefolkninga har. Ønsket om moralsk assimilering viser dilemmaet som vart omtala i innleiingskapittelet (jf. 1.1.3). Dette kjem til uttrykk gjennom lokalbefolkninga si universalisering av eigen ståstad. Her viser dilemmaet mellom individ og gruppe seg, altså om alle menneske skal sjåast som frittstående individ med ein universell moral, eller om menneske skal sjåast som tilhøyrande ulike kulturelle grupper med eigne moralske standardarar. Når haugesundarane universaliserer sitt eige verdifelleskap ser dei seg sjølve, og sine eigne verdiar, som allmenngyldige. På denne måten kan ønsket om moralsk assimilering tre fram.

Ønsket om moralsk assimilering må også forståast ut i frå dei normative geografiane. Når moralsk assimilering ikkje finn stad, når til dømes Gro i innleiingskapittelet seier at "*dei ikkje kan å oppføre seg*" på grunn av all kriminaliteten som knytast til denne gruppa, då definerast dei Andre som utanfor. Defineringa av dei Andre som utanfor skjer parallelt med at staden

blir appropriert. Dei normative geografiane er på denne måten aktive i integrerings – og ekskluderingsprosessane på staden. Gjennom dei normative geografiane sine forventningar til rett og høveleg åtferd frå stad til stad er desse geografiane med på å definere dei mest grunnleggjande kriteria for kven som høyrer til og ikkje på dei forskjellige stadane.

7.4.1: Geografi og kampen om "common sense"

Å bli definert som innanfor og integrert handlar om å passe inn i moralsk forstand. Kari har sine meiningar om kva det vil seie å passe inn. Ho har erfaring med asylsøkjjarar gjennom jobben, og svarer slik på spørsmål om ho hadde synest det ville vere greitt om det flytta inn asylsøkjjarar i nærområdet hennar:

"Tja...det er vel ikkje til å unngå. Men eg vil nok ikkje ha...eg vil ha ordinære, ryddige folk som opprettheld ein viss standard. Gjer dei det så er det akkurat det same kva nasjonalitet dei har. Men eg trur ikkje eg ville ha hatt asylsøkjjarar som naboar, nei, fordi eg ser jo kor avmoraliserte dei blir av å vere i mottak. Du skal forstå naboar også".

Kari vil ha naboar som opprettheld "våre" standardar. Det spelar inga rolle kven dei er eller kvar dei kjem frå så lenge dei opprettheld den same standarden i og rundt bustaden sin som Kari sjølv gjer. Spørsmålet er korleis "ordinære, ryddige folk" blir definert her. No er vi inne på det som kan kallast "the symbolic struggle over common sense" (Bourdieu sitert i Cresswell 1996: 57). Bodskapen er at geografi kan brukast som ein aktivt reiskap i kampen om å definere tatt-for-gitte meiningar. Når Kari ikkje ønskjer seg asylsøkjjarar til naboar er det fordi dei, etter hennar meining, ikkje kan oppretthalde den standarden ho ønskjer nabolaget skal ha. Nærområdet skal bestå av "ordinære, ryddige folk", og når ho definerer asylsøkjjarane som "avmoralisert" så har ho allereie definert dei "out of place" i området. Nærområdet blir ein stad med normative reglar knytt til seg. I kraft av desse reglane er nærområdet med på å definere kven som passar inn og ikkje. "Ordinære, ryddige folk" passar inn, "avmoraliserte" asylsøkjjarar passar ikkje inn. Dette er ein måte å knyte ideologiske aspekt til geografien på, der dei som ikkje passar inn i den tatt-for-gitte forståinga av området (nabolaget) blir definert som "out of place". Slik blir geografien, gjennom å ha ideologiske aspekt knytt til seg, aktiv i inkluderings- og ekskluderingsprosessane som føregår i det fleirkulturelle samfunnet.

Ein annan måte å bruke geografien som reiskap i kampen om "common sense" på, er bruken av Haraldsgata (6.2.4). Denne gata (Figur 7.1) blir eit "contested terrain" der majoriteten ser

seg sjølv som dei korrekte brukarane med dei rette praksisane. Dette blir sett i kontrast til måten asylsøklarane og flyktningane bruker gågata på. Skildringar av gjengdanningar og kriminalitet går att når informantane fortel om korleis asylsøklarane og flyktningane ter seg i sentrum. Gjennom gågata understrekast todelinga mellom Oss som er "in place", og dei Andre som er "out of place". Det er lokalbefolkninga sine praksisar som samsvarer med det tatt-for-gitte meiningsaspektet ved gata. Dei Andre sine praksisar bryt med innbyggjarane sitt bilete av korleis gata skal brukast. Slik er geografien (Haraldsgata) eit verkty i definerings av kva som er "common sense" ved ein stad, og kven som er innanfor eller utanfor det lokale fellesskapet.



Figur 7.1: Haraldsgata

Vi har sett at for å bli definert som innanfor staden sine symbolske grenser må dei Andre ta opp i seg nokre av majoriteten sine grunnverdiar. Desse grunnverdiane heng saman med korleis majoriteten ser seg sjølv og sitt eige lokalsamfunn. Det som bryt med ordensbiletet og det tatt-for-gitte ved ein stad kan bli oppfatta som ein trugsel (jf. Douglas 1997). Det er på bakgrunn av dette at omgrepet moralsk assimilasjon er, i denne samanhengen, meir presist enn omgrepet integrasjon. Informantane har vel å merke berre argumentert for integrasjon. Vi kan difor seie at moralsk assimilering blir den prototypiske integreringa i informantane sine auge. For majoritetsbefolkninga handlar det fleirkulturelle prosjektet om å assimilere dei Andre inn i nokre delar av majoriteten sitt verdifellesskap. Desse verdifellesskapa kan, mellom anna, bli relatert til den tatt-for-gitte meininga ved staden. Spørsmålet er kvar grensa går for det som må assimilast, og det som kan aksepterast.

7.4.2: *Praksisar og symbolske grenser*

På bakgrunn av det vi no har sett kan vi seie at det fleirkulturelle samfunnet består av vedvarande forhandlingar om forståingar av rett og høveleg åtferd mellom dei ulike kulturelle gruppene. Når nokre praksisar ikkje blir forstått likt oppstår det frå majoriteten si side ønske om moralsk assimilering og romleg appropriering. Moralsk assimilering av dei Andre gjer at dei lettare kan kategoriserast innanfor staden sine symbolske og moralske grenser. Dei Andre sine praksisar vil då passe inn i majoriteten sitt meiningssystem. Andre praksisar kan lettare akseptertast utan å assimilerast.

Gjennom analysen har vi både sett døme på praksisar som blir definerte innanfor og utanfor dei symbolske og moralske grensene. Det er tydeleg utanfor å køyre bil utan sertifikat, og i tillegg leike at du ikkje kjenner reglane, slik naboen til Marie gjorde (jf. 6.2.1). Det same er det å la barna vere oppe til midnatt, slik Torstein fortalde (jf. 7.1). Kriminaliteten mange hevdar har kome til byen med asylsøklarane og flyktningane er òg utan tvil utanfor det biletet lokalbefolkninga har av sin eigen by (jf. 6.2.2). Knut, derimot, nemnde mellom anna kebabsjapper og innvandrarbutikkar som positive bidrag til byen (jf. 6.2.2). Slike praksisar var ikkje i Haugesund tidlegare, men likevel blir dei kategoriserte innanfor byen sine symbolske grenser. Vi hugsar også Johannes si historie om dei muslimske mennene han kjente til (jf. 7.2). I verdifelleskapet han opplevde med desse mennene var der òg ulikskapar. Det at dei tilhørte Islam og ikkje kristendomen var ein openbar ulikskap som Johannes aksepterte. Det var først når mennene byrja med drikking og damebesøk at det kom fram ulikskapar som Johannes ikkje aksepterte. I den forstand kan vi sjå dei Andre sine praksisar som *grensemarkerande* fordi dei illustrerer og klargjer grensene for det som er innanfor og utanfor den moralske ordenen i byen.

Med omsyn til at stader er dynamiske og at meininga til staden er noko forhandlingsbart, blir dei Andre sine praksisar også *grensedragande*. Grensene for kva som er innanfor og utanfor er ikkje statiske, men i stadig endring. Praksisar som kanskje tidlegare var innanfor er no utanfor og vice versa. I den offentlege debatten i Noreg er der i skrivande stund¹² eit døme på ein praksis som bikkar mellom å liggje utanfor og innanfor grensene for kva storsamfunnet vil akseptere. Muslimane sitt skaut, hijaben, har nyleg blitt forbode å bruke i offentlege institusjonar i Frankrike. Ei rekkje andre europeiske land har den same saka oppe til debatt.

¹² April 2004.

Om bruken av hijab skal bli kategorisert som innanfor eller utanfor i den norske offentlegheita er framleis ikkje avgjort frå politisk hald. I det der kjem ei avgjersle blir ei grense dregen mellom kva storsamfunnet vil akseptere eller ikkje akseptere. Offentlege avgjersler på kva som høyrer til innanfor og utanfor tyder sjølvsagt ikkje at grensene er dei same i folk sine medvit. Den omstridde hijaben illustrerer likevel korleis definerings av ein praksis som innanfor eller utanfor kan vere under forhandling.

Grensedragningane kan sjåast som ein konsekvens av transgresjonar. Når praksisar som ikkje passar inn likevel finn stad forstyrrar dei det etablerte mønsteret for oppførsel på staden. Slik kryssing av sosiale og moralske grenser får folk til å stille spørsmål ved det tatt-for-gitte (Cresswell 1996). Gjennom transgresjon skjer det forhandlingar mellom ulike kulturelle grupper om kva som er staden si mening og kva praksisar denne kan romme. På bakgrunn av analysen kan vi sjå det fleirkulturelle samfunnet som ein mosaikk av slike utfordrande praksisar som skaper forhandlingar, grensemarkeringar og grensedragningar mellom det som skal vere innanfor og utanfor den moralske og kulturelle ordenen samfunnet er basert på. På lokalt nivå i Haugesund har vi sett at den tatt-for-gitte meininga ved staden legg føringar på kva som kan akseptast, og kva der er ønske om at skal moralsk assimilast. Stadkjenslene til lokalbefolkninga spelar såleis ei rolle i inkluderings- og ekskluderingsprosessane som finn stad i det fleirkulturelle samfunnet. Integreringsprosessen kan difor forståast betre dersom vi ser han i samanheng med dei normative geografiane som opererer på dei ulike stadane der majoriteten og minoriteten møtest og lever sine kvardagsliv side om side.

Kapittel 8:

Avslutning

Innleiingsvis i denne oppgåva såg vi korleis Gro samanlikna heimen og byen, og asylsøkjjarar og gjestar. Eg spurte kvifor det fall seg naturleg for henne å gjere ei slik samanlikning. Dei teoretiske og analytiske verktya i denne oppgåva har ført oss fram til ei betre forståing for kva som ligg til grunn for ei slik utsegn. Kriminaliteten ho refererer til passar ikkje inn i Gro sitt bilete av Haugesund. Når ho samanliknar asylsøkjjarar med dårlege gjestar i heimen hennar forstår vi at kjensla ho snakkar om handlar om ein trugsel av hennar "sense of place". På denne måten definerer ho asylsøkjjarane sosialt og moralsk utanfor, sjølv om dei reint fysisk er innanfor. Sitatet er eit døme på korleis den symbolske grensekontrollen kjem til uttrykk i det daglege. Vi ser ein grensekontroll som sorterer Oss innanfor frå dei Andre utanfor.

Vi veit at bak det fleirkulturelle prosjektet ligg det eit dilemma. Dette handlar om godkjenning av ulikskap og kulturell autonomi på den eine sida, og godkjenning av ein universalisme der alle individ er likeverdige på den andre sida (jf. 1.1.3). Denne debatten blir relevant når minoritetane sine praksisar går på kryss av grunnleggjande verdiar storsamfunnet baserer seg på. Dette gir seg utslag i integreringsprosessen fordi det handlar om kor vidt nokre praksisar må assimilerast for at andre skal få eksistere. Vi snakkar altså om forholdet mellom integrering og assimilering. I denne oppgåva har debatten blitt eksemplifisert gjennom det fleirkulturelle samspelet som føregår i Haugesund. Eg har fokusert på korleis det fleirkulturelle tek form i majoritetsbefolkninga sine kvardagsliv. På denne måten har eg dradd det multikulturalistiske dilemmaet ned på eit erfaringsnært nivå.

Den norske asylpolitikken har som målsetjing å busetje asylsøkjjarar og flyktningar over heile landet. Difor blir det spesielt relevant å fokusere på staden si rolle der møtet mellom majoritet og minoritet finn stad. Eit av formåla med denne oppgåva har vore å vise korleis vi ved å fokusere på det romlege aspektet i menneska sine liv kan kaste lys over den fleirkulturelle debatten og dilemmaet i denne. Det er eit spørsmål om folk sine stadkjensler spelar ei rolle i korleis det multikulturelle dilemmaet tek form i menneska sine kvardagsliv. For å operasjonalisere spørsmåla dette tematiske utgangspunktet reiser, formulerte eg to

problemstillingar (jf. 1.2). To relasjonar utgjorde kjernen i desse: relasjonen mellom menneske og staden, samt relasjonen mellom Oss og dei Andre.

Det tydelege fokuset på lokalbefolkninga sitt forhold til heimstaden gjorde det nødvendig å utforske teoriar om korleis menneske konstruerer seg meningsfulle stader. Gjennom "sense of place" omgrepet har vi sett at måten vi forholder oss til stader på heng saman med kor vidt vi kjenner oss komfortable med, og identifiserer oss med, meininga staden har knytt til seg. Måten vi relaterer oss til omverda på verkar inn på korleis vi ser vår eigen og andre sin plass i henne. Posisjonen stader har i livsverdene våre gjer difor stader til eit relevant omgrep i studiet av det fleirkulturelle samfunnet.

Analysen starta med ei utgreiing om lokalbefolkninga sitt forhold til byen. Det intersubjektive i informantane sine romlege kategoriseringar fungerte som ei felles referanseramme når dei snakka om heimstaden. I denne delen av empirien fann eg nokre sentrale markørar i det sosiale landskapet som utgjorde ein kollektiv meningskonstruksjon, og som skapte ei tatt-for-gitt forståing av byen. Ein slik sentral markør var kystkulturen. Som konsekvens av kystkulturen sin posisjon i byen sitt sosiale miljø meinte mange at Haugesund var ein open by med tradisjon for å ta i mot idear og inspirasjonar utanfrå. Når vi gjekk over på den subjektive forståinga av byen vart meningsdimensjonen i desse karakteristikane nyansert. Vi forstod at openheita gjaldt i visse kontekstar og overfor visse grupper. Dette understrekar behovet for kontekstsensitive analysar når meningsdimensjonen ved stader skal forståast (jf. 2.2). Det understrekar òg at dei mangfaldige måtene å oppleve rom på kan relaterast til individa sine verdiar og livsverder (Aase 1994). Med dette vart grunnlaget lagt for det neste analysekapittelet.

Det neste steget i analysen såg om lokalbefolkninga sine romlege kategoriar verka inn på haldningane dei hadde til innvandring. Innfallsvinkelen var folk sine egne erfaringar av det fleirkulturelle i kvardagen ettersom kvardagslivet står sentralt i forhold til folk sine livsverder og meningskonstruksjonar. Ved hjelp av teoriar om normativ geografi (Cresswell 1996) og moralsk orden (Douglas 1997) såg vi korleis møtet med asylsøklarane og flyktingane skisserte opp grenser mellom det som var innanfor og utanfor byen i moralsk forstand. I pluraliteten av praksisar som vart knytte til minoritetane føregjekk der ei sortering frå lokalbefolkninga si side. Sorteringa skilde mellom praksisar som var "in place" og "out of place". Praksisar som vart definert innanfor truga ikkje noko ved den tatt-for-gitte meininga

ved byen. Praksisar som forstyrre biletet av korleis byen skulle vere vart definert utanfor. Typiske døme på sistnemnde praksisar var kriminalitet og dårleg arbeidsmoral (jf. 6.2.2 og 7.1). Dette truga nokre av informantane sine "senses of place". Grunnlaget for vurderingane og sorteringane var informantane sine eigne målestokkar på rett og gale, samt kva dei såg som høveleg åtfærd i byen. Slik såg vi korleis stader er med på å etablere mønster i korleis vi tenkjer om Oss som er innanfor, og dei Andre som er utanfor, staden sine symbolske og moralske grenser. Med referanse til underproblemstilling 1.1 viste eg korleis kategoriane Oss og dei Andre kan relaterast til det romlege (jf. 6.2.4)

Gjennom asylsøkjarene og flyktningane sitt nærvere i Haugesund vart vi betre kjent med lokalbefolkninga og måten dei relaterte seg til staden på. I analysen såg vi at ikkje berre har relasjonen mellom folk og stader innverknad på relasjonen mellom Oss og dei Andre, men òg har relasjonen mellom Oss og dei Andre innverknad på korleis lokalbefolkninga kategoriserer heimstaden sin. Nærveret til dei Andre gjorde grensene mellom det som høyrer heime og ikkje i moralsk forstand tydelege, og dette igjen relaterte seg til den tatt-for-gitte meininga ved staden. Møtet mellom majoritet og minoritet kunne med andre ord relaterast til majoriteten sine stadkjensler, og dermed var problemstilling 1 blitt svart på (jf. 6.3).

Likevel dukka nye spørsmål opp. Vi såg at i møtet med dei Andre vart staden homogenisert, lukka, og appropriert. Dette kunne sjå ut som eit paradoks ettersom vi frå kapittel fem hugsar at staden ikkje var homogen, men hadde ulike og mangfaldige identitetar for forskjellige folk. I tillegg såg vi i teorikapittelet at det fleirkulturelle fordrar ei open og dynamisk forståing av stader. Frå å vere i rørsle i kapittel fem vart byen i kapittel seks, gjennom møtet med dei Andre, paradoksalt nok satt i ein kulturell stillstand. Parallelt med desse prosessane ønskte informantane meir integrering av innvandrarar. Ønskja om meir integrering parallelt med romleg appropriering gjorde det nødvendig å sjå nærare på kva informantane eigentleg la i omgrepet integrasjon.

I det siste analysekapittelet viste eg at prosessane ovanfor ikkje var så sjølvmotseiande som det først kunne sjå ut som. Der fann eg at i informantane sine auge gjekk integrering ut på å ta opp i seg spesifikke verdiar som samsvarte med lokalbefolkninga sine verdiar. På bakgrunn av dette forklarte eg kvifor omgrepet moralsk assimilering var, i denne samanhengen, meir presist enn integreringsomgrepet. Det handla om ei assimilering inn i lokalbefolkninga sitt verdifelleskap, eit verdifelleskap som relaterte seg til meininga folk tok for gitt ved staden.

Det assimilerande perspektivet vart forklart gjennom majoriteten si universalisering av eigen ståstad. Analysen vart avslutta med ein illustrasjon av korleis dei Andre sine praksisar markerte og drog grenser mellom det som var innanfor og utanfor samfunnet sin kulturelle og symbolske orden. Vi fann altså at måten lokalbefolkninga relaterte seg til byen på hadde innverknad på integrasjonsprosessen på staden (jf. 7.4). Når dei Andre sine praksisar samsvarte med den moralske ordenen i byen vart dei sett som integrerte i det lokale fellesskapet. Dersom dei braut med byen sin moralske orden oppstod det frå lokalbefolkninga si side eit ønske om moralsk assimilering, samt ei appropriering av staden. Med dette var problemstilling 2 svart på. Vi såg også korleis det multikulturalistiske dilemmaet tok form i lokalbefolkninga sine kvardagsliv i Haugesund gjennom måten dei snakka om integrering på når det eigentleg handla om moralsk assimilering. Dette relaterte seg til informantane sine stadkjensler og den moralske ordenen i byen.

Det som har slått meg gjennom dette arbeidet er kor viktig det er å ikkje tenkje på stader berre som ytre ramme for liva våre, eller som reine materielle fakta utan noko form for ideologiske aspekt knytte til seg. Dersom vi gjer det gløymer vi at stader kan spele ei rolle i sosiale fenomen slik som inkluderings - og ekskluderingsprosessane vi såg føregjekk i Haugesund. Denne oppgåva har vist at gjennom tydinga stader har i liva våre får det romlege innverknad på korleis integreringsprosessen tek form. Gjennom å ha studert stader som meiningsfulle konstruksjonar har vi forstått meir om det som skjer når ei lokalbefolkning møter nye kulturelle grupper på staden der dei bur.

Menneske har føter, ikkje røter (Meling 2002). Gjennom migrasjon blir det tydeleg at stader er opne og dynamiske. Det vil alltid finnast forhandlingar om staden si meining, og om aksepterte og ikkje-aksepterte praksisar. Kanskje kan det vere formålsteneleg å snakke om å endre kartet heller enn terrenget i slike samanhengar. Vi har sett at terrenget er i endring, at stader si meining er under forhandling. Då gjeld det å skape eit bilete av røynda som har eit mønster der det er plass til dei Andre. Det handlar om å lære seg å tenkje på verda på ein ny måte, ein måte som har rom for avvik. Å endre kartet gir rom for dei Andre i tankemønsteret.

Å endre kartet er vel å merke meir komplisert enn det kanskje høyrer ut. For korleis skal vi handtere at informantane refererer til konkrete hendingar som gjer at dei definerer asylsøkjjarar og flyktingar som utanfor? Skal informantane endre kartet, altså tankemønsteret, slik at der er rom for praksisar som til dømes å køyre bil utan lappen (jf.

6.2.1), bruke ”sugerør” i velferdsstaten (jf. 7.1), eller å drive med kriminalitet (6.2.2)? Her er det viktig å halde tunga beint i munnen. Når vi diskuterer integrasjonsprosessen må vi skilje mellom dei erfarte hendingane på eine sida, og den generaliseringa og stereotypiseringa av grupper som finn stad på andre sida. I empirien førte negative erfaringar folk hadde med enkelte innvandrarak til ei stereotypisering av innvandrarak som gruppe. Det er ikkje vanskeleg å forstå at kriminalitet ikkje blir ønskt velkommen. Problemet oppstår når majoriteten generaliserer dette og får det til å handle om innvandring generelt. Det er heilt klart dei meir ekstreme tilfella (knivstikking, gjengdanningar, steling) som gjer at majoriteten ønskjer moralsk assimilering. Spørsmålet er korleis vi kan unngå at slike praksisar finn stad. Vi veit at også nordmenn kan finne på å køyre bil utan lappen og snylte på trygda. Når nordmenn gjer slike ugjerningar rettast harmen mot enkeltpersonar. Når innvandrarak er gjerningsmenn rettast ofte sinnet mot innvandrarak som gruppe. På denne måten kan heile grupper bli definert utanfor. Å bli definert utanfor er å bli marginalisert i sosial forstand. Marginalisering fører ofte til praksisar som bryt med storsamfunnet sitt syn på rett og gale (Wikan 2003). Slike praksisar fører i sin tur til at majoriteten kjenner behov for moralsk assimilering og romleg appropriering. Det er her vi ser nødvendigheita av å ha to tankar i hovudet på same tid. Vi skal stille krav, samtidig som vi ikkje skal generalisere og kulturalisere.

I denne studien har vi sett at ein plass å byrje er å ta høgde for at stader spelar ei rolle i integreringsprosessane. Ei forståing for normative geografiar og dei symbolske grensene deira, samt fokus på kvardagslege praksisar, kan føre oss eitt steg på vegen, og vonleg leggje til rette for nokre av dei neste stega som vil bli tatt. Forståinga vi har fått for relasjonen mellom det romlege og det fleirkulturelle har likevel opna opp for ei lang rekkje nye spørsmål som det slår meg at vi som majoritet må tyggje på. Spørsmåla handlar i hovudsak om korleis vi forstår oss sjølve, korleis vi ser vår eigen ståstad i verda, og kva som skjer med vårt eige sjølvbilete i det fleirkulturelle samfunnet.

Gjennom oppgåva har ulikskap vore ei drivkraft i eiga sjølvforståing. Dette gjeld både måten vi ser gruppeidentitetar på og måten vi ser stadidentitetar på (om vi i det heile tatt kan drage eit skilje mellom desse). Kanskje er det grunn til å reflektere over Vi’et si sjølvforståing i det fleirkulturelle samfunnet. For så lenge vi definerer oss ut i frå det vi ønskjer å kontrastere oss mot, så kan vi spørje om Vi’et treng, for sin eigen del, å kulturalisere dei Andre for sjølv å stå fram som frigjort frå kultur. Beror Vi’et si sjølvforståing som frigjort og universalistisk på ei

forståing av dei Andre som undertrykkja og partikularistiske? Er ikkje majoriteten sin ståstad like partikularistisk som minoritetane sin ståstad blir hevda å vere? I kapittel sju forklarte eg ønsket om moralsk assimilering ut i frå ei universalisering av informantane sin ståstad. Dette utgjorde eit ledd i ein meir eller mindre umedviten ekskluderingsprosess. Når målet er dialog og likestilling mellom majoriteten og minoritetane er ikkje universalisering av eigen ståstad nødvendigvis ein god strategi. Ekskluderingsprosessar teiknar grenser kring stader. Utfordringa er å bryte ned slike grenser slik at stader ikkje står fram som lukka og homogene i folk sine medvit.

På slutten av denne oppgåva dukka altså nye spørsmål opp. Men, slik som folk og stader kontinuerleg utviklar seg og inngår i prosessar, vil òg kunnskapen om dei vere i ein prosess. I Haugesund vil det stadig skje nye forhandlingar, grensemarkeringar og gresedragningar mellom majoriteten og minoritetane, og dette vil ha innverknad på det fleirkulturelle samspelet. Det har mellom anna funne stad ei hending i byen etter dette feltarbeidet var avslutta som kan ha prega lokalbefolkninga sitt forhold til innvandring. I juni 2003 vart ei eldre kvinne rana og drepen i sin eigen heim. To asylsøkjjarar er dømde for ugjerninga, ein for drapet og ein for grovt ran. Ugjerninga har fått mykje omtale i media og sett kjensler i sving. Feltarbeid utført før og etter ei slik hending vil truleg gi ulike empiriske funn. Dette illustrerer korleis det fleirkulturelle samspelet ikkje er eit avslutta kapittel, men ein stadig utviklande prosess med nye problemstillingar og utfordringar knytt til seg. Prosessar kjennemerkast av rørsle, ikkje stillstand. Det kjennest difor ikkje riktig å avslutte dette arbeidet med endelege sanningar, men heller med nye spørsmål til inspirasjon for vidare granskingar.

Litteratur

Aase, T.H. 1997a. "Tolkning av kategorier. Observasjon, begrep og kategori". I: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*, redigert av E. Fossåskaret, O.L. Fuglestad og T.H. Aase, 143-166. Oslo. Universitetsforlaget.

Aase, T.H. 1997b. "En status som passer for meg? Deltagende observasjon i Pakistan". I: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*, redigert av E. Fossåskaret, O.L. Fuglestad og T.H. Aase, 49-69. Oslo. Universitetsforlaget.

Aase, T.H. 1996. "Innledning". I: *Metodiske tilnærmingar til studiet av fordommer og diskriminering: 1996*, redigert av T.H. Aase, 3-10. Noregs forskningsråd.

Aase, T.H. 1994. Symbolic space: Representations of space in geography and anthropology. *Geografiska Annaler* 76 B (1):51-58.

Anderson, B. 1996 (1991). *Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Oversatt av Espen Andersen. Oslo. Spartacus Forlag AS.

Brox, O., T. Lindbekk, og S. Skirbekk. 2003. *Gode formål – gale følger? Kritisk lys på norsk innvandringspolitikk*. Oslo. Cappelen Forlag as.

Cloke, P., C. Philo, og S. Sadler. 1991. *Approaching Human Geographies. An introduction to contemporary theoretical debates*. London. Paul Chapman Publishing Ltd.

Cresswell, T. 1996. *In place. Out of place. Geography, Ideology and Transgression*. Minneapolis. University of Minnesota Press.

Denzin, N.K. 1994. "The Art and Politics of Interpretation". I: *Handbook of Qualitative Research*, redigert av Denzin, N.K. og Y.S. Lincoln, 500-515. London. Sage Publ.

Diken, B. 2004. "From Refugee Camps to Gated Communities: Biopolitics and the End of the City" *Citizenship Studies, Vol. 8, No 1*. 83-106. Carfax Publishing.

Douglas, M. 1997 (1966). *Rent og urent. En analyse av forestillinger omkring urenheter og tabu*. Oversatt av Kåre A. Lie. Oslo. Pax Forlag A/S.

Ellingsen, W. 2003. "Social integration of ethnic groups in Europe. How can concepts of place and territoriality help explain processes, policies and problems of socially integrating different ethnic groups in a European context?" I: *Geografi I Bergen. Arbeider fra Institutt for geografi – Bergen. Nr. 255-2003*.

Fosso, E. J. 1997. *Industristeders arbeidstilbud og generasjoners forhold til utdanning, arbeid og sted – eksempelet Årdal*. Dr. polit. – avhandling. Institutt for geografi. Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen.

- Fossåskaret, E. 1997. "Ustrukturerte intervjuer med få informanter gir i seg selv ikke noen kvalitativ undersøkelse". I: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*, redigert av E. Fossåskaret, O.L. Fuglestad og T.H. Aase, 11-45. Oslo. Universitetsforlaget.
- Fossåskaret, E. 1997. "Har kunnskap sin egen rett? Etske utfordringer ved å distansere seg frå det nære". I: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*, redigert av E. Fossåskaret, O.L. Fuglestad og T.H. Aase, 257-273. Oslo. Universitetsforlaget.
- Fuglerud, Ø. 2001. *Migrasjonsforståelse. Flytteprosesser, rasisme og globalisering*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Fuglestad, O.L. og E.I. Mørkeseth. 1997. "Et semiotisk perspektiv på forskningsprosessen og på forskerens rolle i felten". I: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*, redigert av E. Fossåskaret, O.L. Fuglestad og T.H. Aase, 167-187. Oslo. Universitetsforlaget.
- Gressgård, R. 2002. *Dilemmaet mellom likeverdighet og sær egenhet som ramme for flerkulturell dialog*. Dr. polit.- avhandling. Sosiologisk institutt. Universitetet i Bergen.
- Gullestad, M. 2002. *Det norske sett med nye øyne*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Hall, S. 1995. "New cultures for old". I: *A Place in the World?* redigert av D. Massey og P. Jess, 175-213. Oxford. University Press/ The Open University.
- Heradstveit, D. og T. Bjørge. 1987. *Politisk kommunikasjon. Introduksjon til semiotikk og retorikk*. Oslo. Tano.
- Hidle, K. 2001. "Place, Geography and the Concept of Diaspora – A Methodological Approach. I: *Geografi I Bergen. Arbeider fra Institutt for geografi – Bergen. Nr. 244-2001*.
- Holloway L. og P. Hubbard, 2001. *People and place. The extraordinary geographies of everyday life*. England. Pearson Education Limited
- Holt-Jensen, A. 2001. "Territoriality, place and space". *Fennia*, 179, 1-8.
- Hylland Eriksen, T. 1993. *Små steder-store spørsmål. Innføring i sosialantropologi*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Johnston, R.J., D. Gregory, G. Pratt, og M. Watts. 2000. *The dictionary of Human Geography*. Oxford. Blackwell Publishers Ltd.
- Kvale, S. 1997. *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo. Ad Notam Gyldendal AS.
- Lakoff G. & M. Johnson. 2003 (1980). *Hverdagslivets metaforer. Fornuft, følelser og menneskehjernen*. Oversatt av Mie Hidle. Oslo. Pax Forlag A/S.
- Lakoff G. & M. Johnson. 1999. *Philosophy in the Flesh. The embodied mind and its challenge to western thought*. New York. Basic Books.

- Ley, D. 1977. Social geography and the taken-for-granted world. *Transactions of the Institute of British Geographers* 2:498-512.
- Lie, B. 2002. *Innvandring og innvandrere 2002*. Oslo-Kongsvinger. Statistisk sentralbyrå.
- Lien, I-L. 2002. "The Dynamics of Honour in Violence and Cultural Change. A case from an Oslo inner city district". I: *Tournaments of Power: Honor and Revenge in the Contemporary World*, redigert av T.H. Aase, 19-47. Burlington, VT: Ashgate.
- Lien, I-L. 1991. "En partikularistisk og en universalistisk moral. Om grenser for emosjoner, empati og lojalitet". *Norsk Antropologisk Tidsskrift* 2: 98-109.
- Linton, R. 1936. *The study of man*. New York. Appleton-Century-Coofts.
- Massey, D. 1995. "The conceptualisation of place". I: *A Place in the World?* redigert av D. Massey og P. Jess, 45-85. Oxford. University Press/ The Open University.
- Massey, D. 1994. *Space, Place and Gender*. Cambridge. Polity Press.
- Mead, G.H 1934. *Mind, Self, & Society*. Chicago. The University of Chicago Press.
- Meling, G. 2002. *Her og der. Ein studie om migrasjon, identitet og stader*. Upublisert hovudoppgåve i samfunnsgeografi. Universitetet i Bergen.
- Peet, R. 1998. *Modern Geographical Thought*. Oxford. Blackwell Publishers Ltd.
- Rose, G. 1995. "Place and identity: a sense of place. I: *A Place in the World?* redigert av D. Massey og P. Jess, 87-132. Oxford. University Press/ The Open University.
- Rudie, I. 1997. "Feltarbeidet som møteplass: Kartlegging eller tekstlesing?" I: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*, redigert av E. Fossåskaret, O.L. Fuglestad og T.H. Aase, 117-139. Oslo. Universitetsforlaget.
- Saugestad, S. 1997. "Fortolkningens forløp. Om feltarbeid, og fortolkning av differensiering i samfunn". I: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*, redigert av E. Fossåskaret, O.L. Fuglestad og T.H. Aase, 188-206. Oslo. Universitetsforlaget.
- Setten, G. 2002. *Bonden og landskapet. Historier om natursyn, praksis og moral i det jærskelandskapet*. Dr.polit.-avhandling. Geografisk institutt. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU. Trondheim.
- Sibley, D. 1995. *Geography of Exclusion. Society and Difference in the West*. London. Routledge.
- Wadel, C. 1991. *Feltarbeid i egen kultur*. Flekkefjord. SEEK A/S.
- Werlen, B. 1993. *Society, Action and Space. An Alternative Human Geography*. London. Routledge.
- Wikan, U. 2003. *For ærens skyld. Fadime til ettertanke*. Oslo. Universitetsforlaget.

Rapportar og stortingsmeldingar

Hernes, G. og K. Knudsen. 1999. *Svart på hvitt. Norske reaksjoner på flyktninger, asylsøkerer og innvandrere*. Elektronisk utgave. Forskningsstiftelsen Fafo.

Optun, K. 1995. *Vår verden – Vårt virke*. Upublisert manuskript. Udland Asylsøkeremottak. Haugesund.

St.meld. nr. 17. 2000-2001. *Asyl- og flyktningpolitikken i Noreg*. Det kongelige kommunal- og regionaldepartement.

Søholt, S. 2001. *Etniske minoriteter og strategier på boligmarkedet i Oslo. En undersøkelse blant innbyggere med pakistansk, tamilsk og somalisk opprinnelse*. Prosjektrapport 297. Noregs byggforskningsinstitutt.

Årsmelding 2001, Haugesund kommune. Haugesund.

Andre kjelder

Haugesund kommune 2004
<http://www.Haugesund.kommune.no>

IMER (Internasjonal Migrasjon og Etniske Relasjoner)-sluttkonferanse, 18-19 april 2002. Oslo.

Storhaug, H. i Klassekampen 1. april 2003.

Vedlegg

Spørjeguiden til informantintervjua blir lagt ved her. Spørjeguidane som vart nytta under intervjuing av praktikarar blir ikkje lagt ved ettersom desse vart tilpassa kvar enkelt praktikar si stilling.

Spørjeguide: Informantar

Del 1: Personlege data

1.1: Kjønn

1.2: Alder

1.3: Etnisk tilhøyre

1.4: Yrke/utdanning

-er jobben i nærområdet?

1.5: Buform (eig, leiger, burettslag) ?

1.6: Antall personar i hushaldet?

-vaksne/barn

Del 2: Om å bu i Haugesund

2.1: Kor lenge har du budd i: -Haugesund?

-dette nabolaget?

2.2: Kva tankar hadde du om Haugesund før du kom hit? Kvar hadde du desse førestillingane frå: egne erfaringar og minne frå besøk her, kjent folk, slekt, arbeid, eller anna?

2.3: Korleis vil du skildre Haugesund for folk som ikkje kjenner byen?

2.4: Korleis er ein typisk Haugesundar?

2.5: Korleis trur du folk utanbys frå ser på Haugesund?

2.6: Kvar har du budd tidlegare?

2.7: Kan du samanlikne dei ulike stadane du har budd?

2.8: Kan du nemne positive og negative sider ved å bu i: -Haugesund?

-dette nabolaget?

2.9: Trur du at du kan trives andre stader enn i Haugesund? Kvifor, kvifor ikkje?

2.10: Ser du deg sjølv som forankra ein viss stad, eller finst det ein stad som er spesielt viktig for deg?

2.11: Kva er viktig i omgjevnadane for at du skal trives?

2.12: Er der spesielle problem eller konflikhtar i nærområdet ditt? Dersom ja; kva trur du er årsakene til desse problema, og korleis trur du ein best kan løyse dei?

2.13: Har der skjedd spesielle endringar i Haugesund eller nærområdet ditt? Dersom ja; har desse endringane gjort noko med ditt syn på området? Kven meiner du er ansvarleg for desse endringane?

2.14: Er det spesielle områder i Haugesund du kjenner deg utrygg? Kvifor?

Del 3: Kvardagsliv

3.1: Korleis vurderer du ulike tilbod/tenester i Haugesund (helse, barnehage, skule, kulturtilbod)?

3.2: Er du aktiv i frivillige lag eller organisasjonar?

3.3: Har du nære vener i nærområdet eller er dei spreidd rundt omkring i byen?

3.4: Vennegjengen din; består denne av innflyttarar, folk med utanlandsk bakgrunn, eller lokale haugesundarar, eller er det ei blanding av fleire grupper?

Del 4: Om asylmottaket

4.1: Kva veit du om Haugaland Motttak? Kvar har du desse opplysningane frå? (kjentfolk, avis, formelt informasjonsmateriale)?

4.2: I 1999 vart Haugaland Mottak oppretta som eit desentralisert asylmottak. Det gamle mottaket på Udland var sentralisert. Har du merka noko av dette? Dersom ja: Korleis har du merka dette? Hugsar du Udland mottak? Spesielle hendingar, avisoppslag, konflikhtar?

4.3: Kva synst du er bra og kva synst du er dårleg med eit sentralisert mottak?

4.4: Kva synst du er bra og kva synst du er dårleg med eit desentralisert mottak?

4.5: Kva slags modell meiner du er best? Kvifor?

4.6: Vil du seie at asylsøkjjarane og flyktningane er ein naturleg del av Haugesund, glir dei inn i bybiletet på ein naturleg måte?

4.7: Er dette med asylsøkjjarar og flyktningar noko folk i Haugesund er opptatt av?

4.8: Har du registrert haldningsendringar blant folk når det gjeld innstilling til asylsøkjjarar og flyktningar?

4.8: Bur det asylsøkjjarar eller flyktningar i ditt nabolag?

Dersom ja; i kva grad har du kontakt med desse? Er dei ein del av det sosiale miljøet? Går kontakten berre på praktiske gjeremål?

Dersom nei; hadde du synst det var greitt om det flytta inn asylsøkjjarar eller flyktningar i nærområdet?

4.9: Dersom informanten har barn: leikar barna dine med barn av asylsøkjjarar eller flyktningar?

4.10: Korleis trur du at asylsøkjjarane og flyktningane opplever Haugesund og folka som bur her? Trur du dei har lyst til å busette seg her dersom dei får opphaldsløyve?

4.11: Kva godar kan eit asylmottak tilføre byen?

4.12: Skaper det spesielle utfordringar for Haugesund å ha asylmottak her? Kva, korleis, og korleis møte desse utfordringane?

4.13: Er der ei øvre grense for kor mange asylsøkjjarar og flyktningar Haugesund bør ta i mot? Er ein nærme denne grensa i dag?

Del 5: Avslutningsvis

5.1: Kvar ser du for deg at du vil bu i framtida? Kvifor?

5.2: Korleis trur du Haugesund vil utvikle seg framover? Er det spesielle farar eller spesielle moglegheiter byen vil stå overfor trur du?